



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 09.11.2015
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 11:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Sølvi Legård epost
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

ORIENTERING:

Orientering om rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
66/2015	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
67/2015	GODKJENNING AV MØTEBOK
68/2015	REFERATSAKER OG MELDINGAR
69/2015	FORVALTNINGSREVISJON HEIMETENESTA
70/2015	SELSKAPSKONTROLL VAKSDAL KOMMUNE
71/2015	ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET I VAKSDAL FOR 2014
72/2015	FRAMLEGG TIL AVVIKLING (OMDANNING) AV STIFTINGA FISKEFOND FOR BERGSDALSVASSDRAGET OG FLATABØELVA.
73/2015	TERTIALRAPPORT VAKSDAL KOMMUNE 2.TERTIAL 2015
74/2015	VAL TIL UTVAL OG NEMNDER FOR VALPERIODEN 2015 - 2019

29. oktober 2015

Eirik Haga
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
66/2015	Kommunestyret	PS	09.11.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		15/1595

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksopplysningar:



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
67/2015	Kommunestyret	PS	09.11.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		15/1595

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll – Konstituerande møte i kommunestyret – 12.10.15

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Saksopplysningar:



MØTEPROTOKOLL

KONSTITUERANDE MØTE I KOMMUNESTYRET

Møtedato: 12.10.2015
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 11:00 - 12:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatlø Lillset	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Andre møtande:

Rådmann Trine Pettersen Grønbech
Ass. rådmann Åse Elin Myking
Kommunalsjef Solrun Hauglum
Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
57/2015	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
58/2015	KOMMUNESTYREVALET 2015 - GODKJENNING AV VALET I VAKSDAL KOMMUNE
59/2015	VAL AV FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVAL FOR PERIODEN 2015 - 2019
60/2015	VAL AV ORDFØRAR FOR PERIODEN 2015 - 2019
61/2015	VAL AV VARAORDFØRAR FOR PERIODEN 2015 - 2019
62/2015	VAL AV KONTROLLUTVAL FOR PERIODEN 2015 - 2019
63/2015	VAL AV UTVAL FOR LEVEKÅR FOR PERIODEN 2015 - 2019
64/2015	VAL AV VALNEMND FOR PERIODEN 2015 - 2019
65/2015	VAL AV REPRESENTANTAR TIL KS SITT FYLKESMØTE



57/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

Møtet vart innkalla av tenestegjerande ordførar.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 57/2015 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

58/2015: KOMMUNESTYREVALET 2015 - GODKJENNING AV VALET I VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyrevalet 2015 i Vaksdal kommune vert godkjent.

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 58/2015 Vedtak:

Kommunestyrevalet 2015 i Vaksdal kommune vert godkjent.



59/2015: VAL AV FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVAL FOR PERIODEN 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

Heidi Rongved sette fram krav om forholdstalsval.

Val av teljekorps: Jan Hansen og Evelyn Boge

Følgjande lister vart innleverte:

AP/SP

1. Eirik Haga, AP
2. Heidi Rongved, AP
3. Sigmund Simmenes, SP
4. Anne Christin Eide, AP
5. Magne Hestad, AP
6. Hege Eide Vik, SP
7. Bjørn Øivind Krogsrud, AP
8. Brita Hesjedal Lunde, AP
9. Anders Jin Risnes, AP
10. Line Eide Vik, SP

H/FRP

1. Bjørn Roald, H
2. Anneli Vatle Lilletvedt, H

SV

1. Kjartan Haugsnes
2. Evelyn Boge
3. Line Kydland

KRF/MDG

1. Jan Erik Bernes Roe, KRF
2. Arne Normann, KRF
3. Tom Charles Johnsen, MDG

Ordføraren opplyste om at alle listeforslaga kunne godkjennast

Oppteljinga viste at det var avgjeve 21 røyster, som samsvarer med talet på representantar som var tilstades. Det var ingen endringar på røystesedlane. Alle røystesedlane vart godkjende.



Utrekning av mandatfordelinga:

	Totale røyster	Endeleg mandatfordeling
AP/SP	12	4
H/FRP	3	1
SV	3	1
KRF/MDG	3	1

Ved oppteljing av røystesedlane viste desse slik røystegjeving på kandidatane:

AP/SP

1. Eirik Haga	12 røyster	Medlem
2. Heidi Rongved	12 røyster	Medlem
3. Sigmund Simmenes	12 røyster	Medlem
4. Anne Christin Eide	12 røyster	Medlem
5. Magne Hestad	12 røyster	1. varamedlem
6. Hege Eide Vik	12 røyster	2. varamedlem
7. Bjørn Øivind Krogsrud	12 røyster	3. varamedlem
8. Brita Hesjedal Lunde	12 røyster	4. varamedlem
9. Anders Jin Risnes	12 røyster	5. varamedlem
10. Line Eide Vik	12 røyster	6. varamedlem

H/FRP

1. Bjørn Roald	3 røyster	Medlem
2. Anneli Vatle Lilletvedt	3 røyster	Varamedlem

SV

1. Kjartan Haugsnes	3 røyster	Medlem
2. Evelyn Boge	3 røyster	1. varamedlem
3. Line Kydland	3 røyster	2. varamedlem

KRF/MDG

1. Jan Erik Bernes Roe	3 røyster	Medlem
2. Arne Normann	3 røyster	1. varamedlem
3. Tom Charles Johnsen	3 røyster	2. varamedlem



KOM - sak 59/2015 Vedtak:

Desse vart valde til formannskap for perioden 2015 - 2019:

Medlemmer

AP/SP

Eirik Haga
Heidi Rongved
Sigmund Simmenes
Anne Christin Eide

Varamedlemmer

1. Magne Hestad
2. Hege Eide Vik
3. Bjørn Øivind Krogsrud
4. Brita Hesjedal Lunde
5. Anders Jin Risnes
6. Line Eide Vik

H/FRP

Bjørn Roald

Anneli Vatle Lilletvedt

SV

Kjartan Haugsnes

1. Evelyn Boge
2. Line Kydland

KRF/MDG

Jan Erik Bernes Roe

1. Arne Normann
2. Tom Charles Johnsen

60/2015: VAL AV ORDFØRAR FOR PERIODEN 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

På vegner av AP og SP la Heidi Rongved fram forslag om Eirik Haga som ordfører

På vegner av SV la Evelyn Boge fram forslag om Kjartan Haugsnes som ordfører

Oppteljinga viste at det var avgjeve 21 røyster. Oppteljinga viste følgjande resultat:

Eirik Haga	14 røyster
Kjartan Haugsnes	7 røyster

Eirik Haga fekk fleirtalet (dvs. meir enn 50%) av røystene og vart dermed vald som ordfører.



KOM - sak 60/2015 Vedtak:

Eirik Haga (AP) vart vald til ordførar i Vaksdal kommune for perioden 2015 - 2019.

61/2015: VAL AV VARAORDFØRAR FOR PERIODEN 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

På vegner av AP og SP la Heidi Rongved fram forslag om Sigmund Simmenes som varaordførar
På vegner av H la Anneli Vatlø Lillsetvedt fram forslag om Bjørn Roald som varaordførar

Oppteljinga viste at det var avgjeve 21 røyster. Oppteljinga viste følgjande resultat:

Sigmund Simmenes	15 røyster
Bjørn Roald	6 røyster

Sigmund Simmenes fekk fleirtalet (dvs. meir enn 50%) av røystene og vart dermed vald som varaordførar.

KOM - sak 61/2015 Vedtak:

Sigmund Simmenes (SP) vart vald til varaordførar i Vaksdal kommune for perioden 2015 – 2019.

62/2015: VAL AV KONTROLLUTVAL FOR PERIODEN 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

Etter framlegg frå ordførar vart valet gjort som avtaleval.



Følgjande liste vart innlevert

Medlemmer

Boris Groth, leiar
Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar
Bjørg Aase N. Hop
Odd Jøran Oldervik
Terje Davidsen

Varamedlemmer

1. Anny Bjordam Leiren
2. Roald Brekke
3. Olav Jarl Bruvik
4. Jeanette Eriksen
5. Ole Petter Lien
6. Frank Robert Aas
7. Britt Opheim

Desse vart samrøystes valde.

KOM - sak 62/2015 Vedtak:

Desse vart valde til kontrollutval i Vaksdal kommune for perioden 2015 - 2019:

Medlemmer

Boris Groth, leiar
Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar
Bjørg Aase N. Hop
Odd Jøran Oldervik
Terje Davidsen

Varamedlemmer

1. Anny Bjordam Leiren
 2. Roald Brekke
 3. Olav Jarl Bruvik
 4. Jeanette Eriksen
 5. Ole Petter Lien
 6. Frank Robert Aas
 7. Britt Opheim
-



63/2015: VAL AV UTVAL FOR LEVEKÅR FOR PERIODEN 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

Heidi Rongved sette fram krav om forholdstalsval.

Følgjande lister vart innleverte:

AP/SP

1. Magne Hestad, AP
2. Hege Eide Vik, SP
3. Anders Jin Risnes, AP
4. Brita Hesjedal Lunde, AP
5. Jarle Audestad, SP
6. Heidi Rongved, AP
7. Bjørn Øivind Krogsrud, AP
8. Line Eide Vik, SP
9. Jan Hansen, AP

H/FRP

1. Anneli Vathe Lilletvedt, H
2. Bjørn Roald, H

SV

1. Evelyn Boge
2. Line Kydland
3. Kjartan Haugsnes

KRF/MDG

1. Tom Charles Johnsen, MDG
2. Arne Normann, KRF
3. Jan Erik Bernes Roe, KRF

Ordføreren opplyste om at alle listeforslaga kunne godkjennast

Oppteljinga viste at det var avgjeve 21 røyster, som samsvarer med talet på representantar som var tilstades. Det var ingen endringar på røystesedlane. Alle røystesedlane vart godkjende.



Utrekning av mandatfordelinga:

	Totale røyster	Endeleg mandatfordeling
AP/SP	12	4
H/FRP	3	1
SV	3	1
KRF/MDG	3	1

Ved oppteljing av røystesedlane viste desse slik røystegjeving på kandidatane:

AP/SP

1. Magne Hestad	12 røyster	Medlem
2. Hege Eide Vik	12 røyster	Medlem
3. Anders Jin Risnes	12 røyster	Medlem
4. Brita Hesjedal Lunde	12 røyster	Medlem
5. Jarle Audestad	12 røyster	1. varamedlem
6. Heidi Rongved	12 røyster	2. varamedlem
7. Bjørn Øivind Krogsrud	12 røyster	3. varamedlem
8. Line Eide Vik	12 røyster	4. varamedlem
9. Jan Hansen	12 røyster	5. varamedlem

H/FRP

1. Anneli Vatlø Lilltvedt	3 røyster	Medlem
2. Bjørn Roald	3 røyster	Varamedlem

SV

1. Evelyn Boge	3 røyster	Medlem
2. Line Kydland	3 røyster	1. varamedlem
3. Kjartan Haugsnes	3 røyster	2. varamedlem

KRF/MDG

1. Tom Charles Johnsen	3 røyster	Medlem
2. Arne Normann	3 røyster	1. varamedlem
3. Jan Erik Bernes Roe	3 røyster	2. varamedlem

Heidi Rongved sette fram forslag om Magne Hestad som leiar
Kjartan Haugsnes sette fram forslag om Evelyn Boge som leiar

Oppteljinga viste at det var avgjeve 21 røyster. Oppteljinga viste følgjande resultat:

Magne Hestad	12 røyster
Evelyn Boge	9 røyster



Heidi Rongved sette fram forslag om Hege Eide Vik som nestleiar
Kjartan Haugsnes sette fram forslag om Evelyn Boge som nestleiar

Oppteljinga viste at det var avgjeve 21 røyster. Oppteljinga viste følgjande resultat:

Hege Eide Vik	12 røyster
Evelyn Boge	9 røyster

KOM - sak 63/2015 Vedtak:

Desse vart valde som medlemmer til utval for levekår for perioden 2015 - 2019:

Medlemmer

AP/SP

Magne Hestad, leiar
Hege Eide Vik, nestleiar
Anders Jin Risnes
Brita Hesjedal Lunde

Varamedlemmer

1. Jarle Audestad
2. Heidi Rongved
3. Bjørn Øivind Krogsrud
4. Line Eide Vik
5. Jan Hansen

H/FRP

Anneli Vatlø Lilltvedt

Bjørn Roald

SV

Evelyn Boge

1. Line Kydland
2. Kjartan Haugsnes

KRF/MDG

Tom Charles Johnsen

1. Arne Normann
2. Jan Erik Bernes Roe

64/2015: VAL AV VALNEMND FOR PERIODEN 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

Heidi Rongved sette fram krav om forholdstalsval.



Følgjande lister vart innleverte:

AP/SP

1. Brita Hesjedal Lunde, AP
2. Jan Hansen, AP
3. Heidi Rongved, AP
4. Sigmund Simmenes, SP
5. Eirik Haga, AP
6. Hege Eide Vik, SP
7. Bjørn Øivind Krogsrud, AP
8. Line Eide Vik, SP
9. Magne Hestad, AP

H/FRP

1. Boris-Lasse Groth, FRP
2. Anneli Vathe Lilletvedt, H
3. Bjørn Roald, H

SV

1. Kjartan Haugsnes
2. Line Kydland
3. Evelyn Boge

KRF/MDG

1. Arne Normann, KRF
2. Tom Charles Johnsen, MDG
3. Jan Erik Bernes Roe, KRF

Ordføraren opplyste om at alle listeforslaga kunne godkjennast

Oppteljinga viste at det var avgjeve 21 røyster, som samsvarer med talet på representantar som var tilstades. Det var ingen endringar på røystesedlane. Alle røystesedlane vart godkjende.

Utrekning av mandatfordelinga:

	Totale røyster	Endeleg mandatfordeling
AP/SP	12	4
H/FRP	3	1
SV	3	1
KRF/MDG	3	1



Ved oppteljing av røystesedlane viste desse slik røystegjeving på kandidatane:

AP/SP

1. Brita Hesjedal Lunde	12 røyster	Medlem
2. Jan Hansen	12 røyster	Medlem
3. Heidi Rongved	12 røyster	Medlem
4. Sigmund Simmenes	12 røyster	Medlem
5. Eirik Haga	12 røyster	1. varamedlem
6. Hege Eide Vik	12 røyster	2. varamedlem
7. Bjørn Øivind Krogsrud	12 røyster	3. varamedlem
8. Line Eide Vik	12 røyster	4. varamedlem
9. Magne Hestad	12 røyster	5. varamedlem

H/FRP

1. Boris-Lasse Groth	3 røyster	Medlem
2. Anneli Vatlø Lilletvedt	3 røyster	1. varamedlem
3. Bjørn Roald	3 røyster	2. varamedlem

SV

1. Kjartan Haugsnes	3 røyster	Medlem
2. Line Kydland	3 røyster	1. varamedlem
3. Evelyn Boge	3 røyster	2. varamedlem

KRF/MDG

1. Arne Normann	3 røyster	Medlem
2. Tom Charles Johnsen	3 røyster	1. varamedlem
3. Jan Erik Bernes Roe	3 røyster	2. varamedlem

Heidi Rongved sette fram forslag om Brita Hesjedal Lunde som leiar

Evelyn Boge sette fram forslag om Kjartan Haugsnes som leiar

Oppteljinga viste at det var avgjeve 21 røyster. Oppteljinga viste følgjande resultat:

Brita Hesjedal Lunde	12 røyster
Kjartan Haugsnes	9 røyster

Evelyn Boge sette fram forslag om Kjartan Haugsnes som nestleiar

Det kom berre eit framlegg, og røystinga vart gjort ved handsopprekking. Kjartan Haugsnes vart samrøystes vald.



KOM - sak 64/2015 Vedtak:

Desse vart valde til valnemnd for perioden 2015 - 2019:

Medlemmer

Varamedlemmer

AP/SP

Brita Hesjedal Lunde, leiar
Jan Hansen
Heidi Rongved
Sigmund Simmenes

1. Eirik Haga
2. Hege Eide Vik
3. Bjørn Øivind Krogsrud
4. Line Eide Vik
5. Magne Hestad

H/FRP

Boris-Lasse Groth

1. Anneli Vatle Lilletvedt
2. Bjørn Roald

SV

Kjartan Haugsnes, nestleiar

1. Line Kydland
2. Evelyn Boge

KRF/MDG

Arne Normann

1. Tom Charles Johnsen
2. Jan Erik Bernes Roe

65/2015: VAL AV REPRESENTANTAR TIL KS SITT FYLKESMØTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 12.10.2015

Behandling:

Heidi Rongved sette fram følgjande forslag:

Ordførar vert vald som representant til KS sitt fylkesmøte
Varaordførar vert 1. varamedlem og Magne Hestad vert 2. varamedlem

Desse vart samrøystes valde.

KOM - sak 65/2015 Vedtak:

Ordførar Eirik Haga vart vald som representant til KS sitt fylkesmøte med varaordførar Sigmund Simmenes som 1. varamedlem og Magne Hestad som 2. varamedlem.



ORIENTERINGAR:

- Ordføraren opplyste om folkevaldopplæring den 19. og 20. november kl 0900 – 1500, begge dagar. Her blir alle faste kommunestyrerepresentantar innkalla. I tillegg 3 varamedlemmer frå AP, 2 frå SP og SV og 1 frå dei andre partia.
Innkalling blir sendt ut frå administrasjonen. Olav Mongstad, ass. rådmann i Austrheim kommune, er kursleiar.
- Sigmund Simmenes om TV-aksjonen søndag 18.10.2015



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
68/2015	Kommunestyret	PS	09.11.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		15/1595

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker

Saksnummer	Tittel
68/2015.1	Bevaring av Vaksdalsvassdraget - anmodning om ny handsaming av Boge
68/2015.2	Oppmoding om busetting av flyktningar
68/2015.3	Statleg medvirkning til grunnleggende istandsettingstiltak i forbindelse med sikring av Naustet Stanghelle gbnr 20/478 i Vaksdal kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Saksopplysningar:



bevaring av
VAKSDALSVASSDRAGET

Tvesporvegen 42

5725 Vaksdal

Kontaktperson:

Linda Lien

e-post: lindahlien@gmail.com

mobiltlf. 98 03 33 12

Vaksdal kommune
ved formannskap/plan- og økonomiutval
Konsul Jepsensveg 16
5722 Dalekvam

28. september 2015

Bevaring av Vaksdalsvassdraget ber om ny handsaming av søknaden frå Boge kraft

Bevaring av Vaksdalsvassdraget ber formannskapet / plan- og økonomiutvalet i Vaksdal om å handsama søknaden frå Boge kraft om vidare utbygging av Boge vassdraget på nytt. Me ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret.

17. august i år valde formannskapet / plan- og økonomiutvalet å sjå vekk frå tilråding frå rådmann/administrasjon, og også å gå mot eit tidlegare vedtak i kommunestyret frå mai same år, då dei rådde til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk.

Det er uforståeleg og vert opplevd som udemokratisk at ei omstridd utbyggingssak vert handsama utan moglegheit for debatt i eit breitt samansett kommunestyre, og utan at bygdefolket er førebudde på ei endring i tidlegare vedtak. Av kommunens postliste ser det ut som Boge krafts anmodning om ny handsaming er registrert mottatt 21. juni, dagen før vårens siste kommunestyremøte. Dersom dette var for kort tid til å handsama anmodinga, burde ho vore lagt fram under neste kommunestyremøte.

Rådmann var klar i si innstilling, og råda formannskapet til å kun ta brevet til orientering. Av saksframlegget går det fram at Boge krafts anmodning om ny handsaming i praksis berre er ei presisering basert på kjente opplysningar i den opprinnelege konsesjonssøknaden. Dei negative effektane for natur og friluftsliv vert som før.

Området som vert råka er eit av dei vakraste i Vaksdalsfjella, og mykje nytta til rekreasjon. Folketalsvekst er ei av dei største utfordringane for Vaksdal kommune, og naturkvalitetane, saman med gode oppvekst- og bomiljø, og nærleik til Bergen, er blant dei sterkaste argumenta for å få nyttilflyttarar til å etablere seg her. Det er viktig å ha tydelege politikarar som signaliserer at dei ser og verdset naturverdiane, også når dei er på kollisjonskurs med private økonomiske interesser.

Rådmannen konkluderer med at endringa i konsesjonssøknaden ikkje er vesentleg, og at det ikkje vert lagt fram ny informasjon. Det er gjort ein endring:

Vegen langs Bogevatnet fram til kraftstasjonen vert senka under sumarsesongens lågaste regulerte vasstand (LRV), som er 1 meter under høgste regulerte vasstand (HR)V. I konsesjonssøknaden som vart handsama i kommunestyret 4. mai var vegen lagt 0,1 m under HRV.

Fråføring av vassføring til Vaksdalsvassdraget utgjer 21% nær Svartavatn. Dette er betydeleg, og vil forringa dei estetiske kvalitetane i området.

Allereie i 1993 uttalte formannskapet i Vaksdal i samband med utbyggingsplanar for Hesjedalsvassdraget at det meste av vassressursane i kommunen var utbygd, og at kommunen sitt bidrag til fellesskapet såleis var stort, men belastande for eigne nærområde.

I 2002 gjekk formannskapet inn for å oppretthalda vedtaket frå 1993, då sak om supplering av verneplan for vassdrag var oppe til handsaming. Formannskapet var framsynte, og politikarane i Vaksdal sitt syn er viktig.

Fylkesmannen i Hordaland gjekk i mars i år mot bygging av kraftverket Boge 3, og uttalte:

Utbyggingsområdet ligg over tregrensa i ein sårbar og verdifull høgfjellsnatur. Utbygginga vil påverke landskaps- og opplevingsverdiar negativt. Fylkesmannen viser til samla belastning i området og rår frå prosjektet.

Kommunestyret i Vaksdal har så seint som i mai i år gått imot planane, det same har Bevaring av Vaksdalsvassdraget og fleire andre interessentar som har uttalt seg under den opne høyringsrunden.

Me ber om at konsesjonssøknaden vert lagt fram til ny handsaming. Dersom Boge 3 mot formoding skulle bli realisert, vil formannskap / plan- og økonomival for ettertida vera tend med at utbyggingsprosessen vart oppfatta som open og grundig.

For Bevaring av Vaksdalsvassdraget

Dag Henry Nilsen, Kjell Erstad, Linda Lien, Nils Henry Nilsen og Trine Simmenes



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kristin Bach Skaset, 5557 2277

Vår dato
21.08.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/10995 363.3
Dykkar referanse

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgate 16
5722 Dalekvam

Ber om at brevet vert distribuert til:

Ordførar
Rådmann

Oppmoding om busetting av flyktningar

Kommunane gjer ein stadig betre jobb med busetting og kvalifisering av flyktningar. Samstundes aukar busettingsbehovet. I 2015 treng over 13 000 flyktningar busettingsplass, men med kommunevedtaka som føreligg er det realistisk å busette 10 000. Stortinget har vedteke at Noreg skal ta imot 8 000 syriske overføringsflyktningar i perioden 2015-2017. Samla sett er det behov for å busette i alt 50 000 flyktningar i fireårsperioden 2016-2019.

Fylkesmannen i Hordaland viser til Vaksdal kommune sitt vedtak av november 2014 om å ta busette 30 flyktningar i 2015-2016. Vi viser òg til brev om busetting av flyktningar datert 23. april frå statsråd Solveig Horne til alle kommunar i landet. Vaksdal kommune har gitt svar om at kommunen vil bidra til å redusere talet på flyktningar i mottak gjennom auka busetting i 2015 og 2016. For 2016 vert busettinga auka med inntil ti personar, samla inntil 20 flyktningar.

Fylkesmannen i Hordaland takkar Vaksdal kommune for vedtaket om at kommunen vil busette inntil 20 personar i 2016.

Busettingsbehov for planperioden 2017-2019

Behovet tilseier eit nasjonalt plantal på 13 200 også i 2017. Det gir følgjande plantal for Vaksdal kommune:

- minst 20 nykomne flyktningar i 2017

For 2018 og 2019 er plantalet 12 000 per år. Det gir følgjande plantal for kommunen:

- minst 18 nykomne flyktningar per år

Plantala for busetting av flyktningar i Vaksdal kommune er basert på oppdaterte prognosar for åra 2015-2019, og på samarbeidsavtalen mellom staten og KS. Oppmodinga er utarbeidd i samarbeid med IMDi og KS.

Vi ber kommunen fatte vedtak for åra 2017, 2018 og 2019 i tråd med plantala. Det er ynskjeleg at det vert gjort i form av eit rammevedtak for perioden 2017-2019, og at administrasjonen får fullmakt frå kommunestyret til å disponere plassane for det enkelte år innanfor denne ramma, i samråd med Fylkesmannen og IMDi.

Det er uvisse knytt til plantala som følgje av eventuelle svingingar i talet på flyktningar som skal busettast. Årleg vil kommunen få tilsendt eit tilsvarende oppmodingsbrev for å stadfeste eller eventuelt justere plantala for kommande år på bakgrunn av eventuelle endringar i behovet for busetting av flyktningar.

Kommunen sitt vedtak om busetting av eit talfesta tal på flyktningar bør fattast utan atterhald. Oppmodinga inkluderer ikkje familiesameinte. Fylkesmannen oppfattar at vedtak basert på oppmodinga er bindande for begge parter. Skulle det av spesielle grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle plassane, ber vi om at unytta plassar vert overførte til neste års busetting. Kommunen kan fatte vedtak om å busette fleire flyktningar enn oppmodinga dersom det er ynskje om det.

Fylkesmannen ber om kommunen sitt svar på oppmodinga innan 30. november 2015. Vi ber om at vedtaket sendes skriftleg til Fylkesmannen (fmhopostmottak@fylkesmannen.no), med kopi til IMDi; post@imdi.no og KS v/Nina Gran; nina.gran@ks.no.

Økonomi og rammevilkår

Busettingsmodellen er basert på at kommunane tek sin del av ansvaret ved å seie ja til oppmodinga som er utarbeidd i samarbeid med IMDi og KS. Tilskota som vert utløyste ved busetting av flyktningar er auka. Stortinget har i revidert nasjonalbudsjett for 2015 vedteke eit ekstra tilskot og har auka tilskotsramma for utleigebustader. Fylkesmannen ber om at kommunen vurderer korleis betre finansieringsordningar kan nyttast til å byggje opp dimensjonane i kommunen sitt introduksjonsprogram og skaffe fleire bustader til nye flyktningar.

Ekstratilskot ved busetting i 2015

Stortinget har vedteke å innføre eit ekstratilskot ved busetting av flyktningar i 2015. Målgruppa for ekstratilskotet er todelt:

- kommunar som buset fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015 og samstundes fleire enn folketalet i kommunen tilseier, vil få eit ekstratilskot på 50 000 kroner per person vert busett utover IMDi si oppmoding.
- kommunar som buset fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015, vil få eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.

Les meir om dette ekstratilskotet i vedleggsdelen.

Kontakt med Fylkesmannen om oppmodinga

Fylkesmannen deltek gjerne på møter med leiinga i kommunen, eventuelt saman med IMDi eller andre statlege etatar. Fylkesmannen vil samarbeide med IMDi om oppfølginga av dette brevet. I vedlegget til dette brevet er det gjort nærare greie for bakgrunnen for oppmoding og kva tilskot som vert utløyste ved busetting.

Ta kontakt med Fylkesmannen i Hordaland dersom kommunen ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktningar generelt.

Vi ser fram til eit framleis godt samarbeid med Vaksdal kommune!

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
IMDi Vest
KS v/Nina Gran

Nærare informasjon om oppmodinga

Permanent kommunal oppgåve

Busetting av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve på lik line med andre kommunale oppgåver. Busettingsarbeidet må i likskap med andre kommunale oppgåver inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal.

Talet på flyktningar det er behov for å busette i den enkelte kommune dei komande åra, skal gå fram av prognosar og plantal som gjer kommunane best mogleg føreseielegheit. Kommunane får årleg brev med oppdaterte prognosar for inneverande år og neste år og rullerte plantal for dei tre påfølgjande åra. Talet på flyktningar som kommunane er oppmoda om å busette dei neste fire åra (2016-2019) er basert på dagens prognosar og plantal. Oppmodingstala kan bli justert opp eller ned ved rulling neste år, dersom prognosane over talet på nye flyktningar verte endra eller dersom kommunane ikkje vedtek det talet plassar det er behov for.

Bakgrunnen for oppmodinga

Kommunane har auka busetting av flyktningar monaleg dei siste åra, men behovet for å busette flyktningar aukar enno meir. For å få busett både det årlege talet på nye flyktningar og det store talet på busettingsklare flyktningar som allereie ventar i mottaka, er det naudsynt å auke kommunane sin kapasitet til eit høgare nivå.

Våren 2013 ble kommunane bedt om å busette om lag 10 000 flyktningar både i 2014, 2015 og 2016. Våren 2014 ble kommunane oppmoda om å busette 10 804 flyktningar i 2015, og per 30. juni var det registrert vedtak om å busette 9 262 flyktningar i år. Prognosane basert på dei siste signala er at kommunane vil busette 10 000 flyktningar i 2015. Dette er 800 færre enn det talet kommunane vart oppmoda om i år, og kjem i tillegg til ein manko på 2 200 plassar frå 2014. Etterslepet er difor stort.

På bakgrunn av dagens flyktningkrise vart alle kommunar i landet i brev av 23. april frå statsråd Solveig Horne, bedt om å gje tilbakemelding på kor mange flyktningar dei kan busette i løpet av 2015 og 2016. Førebelse signal frå kommunane per 9. juli på ekstra plassar i 2015 er anslege til å vere 2 164, og tal på ekstra plassar i 2016 er anslege til å vere 1 782, dvs. 3 964 ekstra plassar totalt i 2015 og 2016. Dette inkluderer både førebelse og endelege vedtak, med og utan atterhald. Fylkesmannen og IMDi er i dialog med kommunane om forståing og rask iverksetting av vedtaka.

Målet i samarbeidsavtalen mellom staten og kommunesektoren er at ved utgangen av året skal alle vere busett i samsvar med behovet. Busettingsbehovet i 2015 har no auka til 13 200, og behovet vil også vere 13 200 i 2016, dersom kommunane buset 10 000 flyktningar i 2015.

Auka i busettingsbehovet skuldast delvis at ein høgare del asylsøkjjarar har behov for vern som gjer at dei får innvilga opphaldsløyve. Samstundes aukar talet på overføringsflyktningar som kjem til Noreg etter at Stortinget har vedteke å ta imot 8 000 syrarar over 3 år, fordelt på 2 000 i 2015 og 3 000 i kvart av åra 2016 og 2017. Ved utgangen av juni i år var det 5 228 flyktningar i asylmottak med opphaldsløyve som venta på å flytte til ein kommune. Ein femtedel av dei har venta i meir enn eitt år sidan innvilga opphald. Lang ventetid er spesielt belastande for born. 645 av dei som ventar er born i familiar, kor av 410 har budd på asylmottak i meir enn eitt år frå dei søkte om opphaldsløyve.

For å få busett både det store talet på flyktningar som no ventar i mottaka og det auka talet på syriske flyktningar, er det behov for ein særleg innsats frå alle kommunar i landet. Dersom kommunane ikkje buset fleire flyktningar i tråd med Fylkesmannen og IMDi si oppmoding, vil køane og ventetida i mottak halde fram med å auke. Det er behov for å busette så mange som mogleg av dei som ventar i løpet av 2015 og 2016. Dersom det vert busett 10 000 flyktningar i 2015, vil busettingsbehovet verte 13 200 både i 2016 og 2017 og 12 000 i 2018 og 2019.

Kommunar som dei siste års har busett få flyktningar i høve til folketalet i kommunen, vert særleg oppfordra til å auke talet. Dette kan gje grunnlag for fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet, noko som vil føre til auka tilskot til kommunane og samstundes gje meir tenleg storleik på klassar. Fylkesmannen oppfordrar desse og andre kommunar til å inngå interkommunalt samarbeid om introduksjonsordninga der dette kan vere føremålstenleg.

Einslege born og unge (einslege mindreårige)

I 2014 busette kommunane 536 einslege born og unge (mindreårige under 18 år). Busettingsbehovet for denne gruppa aukar kraftig til 750 i 2015 og 750 i 2016, og plantala er på same nivå også i 2017, 2018 og 2019. Om lag 40% av dei einslege borna er under 15 år, medan 60% er over 15 år. Den store auka i talet har samband med auka i busettingsbehovet generelt. Einslege born og unge under 18 år er ei prioritert gruppe ved busetting. Det er difor avgjerande at kommunane i sine vedtak prioriterer busetting av denne gruppa, og om naudsynt gjer om vedtekne plassar til bruk for denne gruppa. Det er eit særleg behov for fleire plassar til den delen som er under 15 år.

Økonomiske verkemiddel

Kommunane får fleire tilskot frå staten for å dekke utgifter ved busetting og integrering av flyktningar. IMDi forvaltar i 2015 tilskot for om lag 9 milliardar kroner. Over 99 prosent av midlane går til kommunane, medan resten går til frivillig sektor og til verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor i kommunane. Ordinære overføringar til kommunane kjem i tillegg til tilskota frå IMDi.

Stortinget har vedteke eit ekstratilskot på til saman 50 millionar kroner som skal fordelast til kommunar som i løpet av 2015 buset fleire flyktningar enn dei er oppmoda om og det folketalet i kommunen tilseier. Ekstratilskotet skal fordelast på følgjande måte:

- Kommunar som buset fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015 og samstundes fleire enn folketalet i kommunen tilseier, vil få eit ekstratilskot på 50 000 kroner per person vert busett utover IMDi si oppmoding.
- Kommunar som buset fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015, vil få eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.

Nærare informasjon vil gå fram av eige rundskriv på www.imdi.no. Vedlagt rundskrivet følgjer ei oversikt som syner kor mange flyktningar kvar kommune må busette i 2015 for å innfri kravet om busetting utover IMDi si oppmoding og det folketalet i kommunen tilseier.

Stortinget har også avgjort å auke tilskotet til utleigebustader med 80 millionar kroner. 50 av dei 80 millionane er ei varig auke i tilskotsramma, medan 30 av millionane gjeld 2015. Nærare informasjon om tilskotsramma for utleigebustader vil vere tilgjengeleg på www.husbanken.no

Nærare informasjon om dei ulike økonomiske virkemidla ved busetting av flyktningar, finst på IMDi sine heimesider www.imdi.no/tilskudd/.

I tillegg vert det synt til www.bufetat.no for informasjon om statleg refusjon av utgifter til kommunale barnevernstiltak for einslege mindreårige asylsøkarar og flyktningar (Rundskriv Q-05/2015).

«Solidaritetsmodell»

Dagens busettingsmodell er basert på samarbeidsavtalen mellom staten og KS. Modellen er ein "solidaritetsmodell". Med dette vert det meint at dersom éin kommune som vert oppmoda om å busette flyktningar svarer nei eller fattar vedtak som er lågare enn Fylkesmannen og IMDi si oppmoding, må talet på flyktningar verte fordelt på dei andre kommunane. Difor er det viktig at kommunane buset flyktningar i tråd med oppmodinga for å sikre ei jamn fordeling av ansvar for denne viktige samfunnsoppgåva. Noreg sine internasjonale forpliktingar inneber å ta imot menneske som er utsett for forfølging i sine heimland.

Flyktningar - ein ressurs

Busetting av flyktningar er ikkje berre ei humanitær oppgåve. Flyktningar utgjer også ein ressurs. Det er eit prinsipp at flyktningar skal busettast i kommunar over heile landet. Kommunen må ha eit tilpassa tenestetilbod til dei som vert busett, medrekna introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei raskt kan få arbeid eller gå vidare til kvalifisering og utdanning.

Både privat og offentleg sektor vil ha behov for meir arbeidskraft i åra framover. Gjennom gode kvalifiseringsprogram kan kommunar i samarbeid med NAV og lokalt næringsliv skreddarsy kompetanse som arbeidslivet treng. Stadig fleire kommunar ser busetting i samband med sysselsetting og befolkningsutvikling. Det er potensiale for auka busetting når kvalifisering av flyktningar i større grad vert knytt til lokalt næringsliv. Dette gjeld spesielt i dei kommunar kor næringslivet elles må hente arbeidskraft utanfrå gjennom

arbeidsinnvandring, og når busetting av flyktningar også kan bidra positivt til den demografiske utviklinga i kommunen.

Bustad

Å finne eigna bustad til flyktningar kan vere ei utfordring. Det er avgjerande at kommunen sitt vedtak om busetting vert følgt opp gjennom bustadplan og aktiv bruk av Husbanken sine ordningar. Husbanken sitt regionkontor kan kontaktast. Det vert synt til nærare informasjon på Husbanken sine heimesider www.husbanken.no.

Dersom kommunen har vanskar med å skaffe bustader, er eit aktuelt alternativ at flyktningar sjølv kan finne bustad. Fylkesmannen ber kommunane til å opne for at personar kan finne bustad sjølv innanfor dei rammene som kommunane fastset. Dette kan skje innanfor kommunen sitt vedtak om busetting. Mange kommunar nyttar denne løysinga for dei den bidrag til rask og effektiv utnytting av plassane i kommunen. Ordninga kan også bidra til at det kan bli mogleg for kommunen å busette fleire flyktningar. Ta gjerne kontakt med fylkesmannen eller IMDi Vest for meir informasjon om dette.

Familieinnvandring

Ein monaleg del av dei vaksne flyktningane er einslege ved busettingstidspunktet, men har familie i heimlandet som kan ventast å kome til Noreg etter kvart. At flyktningar får familien sin til landet vil vere positivt for integreringa og kan bidra til befolkningsutvikling, men kan også innebere utfordringar med bustader og annan tenestekapasitet i kommunane. Det vert difor anbefalt at kommunen har fokus på at det kan komme familieinnvandra i tillegg til dei som skal busettast. Familieinnvandra til personar i målgruppa for integreringstilskot, utløyser også tilskotet. Sjå www.imdi.no for meir informasjon om tilskotsordningane.

Råd og rettleiing

Fylkesmannen hjelper gjerne til med ulike tiltak saman med IMDi, Husbanken, KS, NAV og andre samarbeidspartnarar for å leggje til rette for busetting. Dette inkluderer:

- Langsiktig planlegging av busettings- og kvalifiseringsarbeidet; medrekna samarbeidsavtalar med IMDi og Husbanken, fleirårige vedtak og jamn busetting.
- Tilgjengelege tilskot frå staten som er meint å dekke kommunale utgifter ved busetting og integrering av flyktningar (integreringstilskot, norsktilskot, særskild tilskot for einslege mindreårige, tilskot ved busetting av personar med alvorlege, kjente funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar, Husbanken sine bustadfinansieringsordningar, mv.).
- Prioritering av tilskot til utleigebustader innanfor dagens budsjett.
- Større og meir fleksibel bruk av Husbanken sitt startlån.
- Profesjonell bruk av den private leigemarknaden, kor dette vert sett som ei parallell løysing til bruk av kommunale bustader til flyktningar.
- Tilrettelegging for erfaringsutveksling mellom kommunane, som kan styrke planlegging av busetting, auke kapasitet og kompetanse, og betre overgang til arbeidsliv og utdanning for flyktningar.

Meir utfyllande informasjon om tilskotsordningar, rundskriv med meir i samband med busetting av flyktningar, finst på IMDi sine heimesider www.imdi.no og fylkesmannen i Hordaland sine heimesider www.fylkesmannen.no/Hordaland/.

Ta gjerne kontakt med Fylkesmannen i Hordaland dersom dykk ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktningar generelt.



K O P I

Bergen og omland friluftsråd
Hellebakken 45
5039 BERGEN

Trondheim, 30.09.2015

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2015/3326

Saksbehandler:
Heidi Grete Betten

Statlig medvirkning til grunnleggende istandsettingstiltak i forbindelse med sikring av Naustet Stanghelle gnr 20 bnr 478 i Vaksdal kommune

Vi viser til deres e-post av 08.09.2015 der det søkes om statlig medvirkning til tilretteleggingstiltak på området ved Naustet i Stanghelle i forbindelse med statlig sikring av dette. Vi viser til vårt brev av 29.06.2015 der Miljødirektoratet ga tilsagn til sikring av eiendommen.

Friluftsrådet søker om statlig medvirkning til ulike tilretteleggingstiltak, totalt kr 390.000,- (fratrullet utstyrsbase som allerede er finansiert).

Grunnleggende istandsetting av gnr 20 bnr 478 tilfredsstillende de kriteriene som er satt for tildeling av statlige midler.

Miljødirektoratet gir med dette tilsagn om inntil **kr 111.000,-** inklusive omkostninger til istandsetting av ovennevnte areal til friluftslivsområde for allmennheten. Tilsagnet er begrenset til å dekke 50 % av kostnadene ved enkelte av de omsøkte tiltakene (se under). Det forutsettes at eventuelle nødvendige tillatelser fra offentlig myndighet til å utføre istandsettingstiltakene innhentes av tiltakshaver.

Begrunnelse for tilsagnet

Statlige midler til tilrettelegging av sikrede friluftsområder tildeles først og fremst fra fylkeskommunen. I forbindelse med sikring av områder kan direktoratet likevel enkelte ganger medvirke økonomisk til grunnleggende istandsetting som anses nødvendig for at området skal være tilgjengelig for allmennheten. Direktoratets mulighet til å medvirke til denne type tiltak vil være avhengig av budsjettssituasjonen. I denne saken vil parkering (kr 60.000,-), tilkomst (kr 80.000,-), rampe (kr 45.000,-), landgang til brygge (kr 15.000,-) og flytebrygge (kr 22.000,-) være en del av den grunnleggende istandsettingen som i større grad vil gjøre området tilgjengelig for publikum som et turutgangspunkt for kajakk/kano primært. Kostnadene ved dette ses som en del av de samlede sikringskostnadene som staten i denne saken kan medvirke til å dekke med inntil 50 %.

Utbetaling

Utbetaling av tilsagnet kan foretas når vi har mottatt bekreftelse på at de nevnte

istandsettingstiltakene er utført, samt et revisorbekreftet regnskap med oppstilling over de ulike delkostnadene ved tiltakene.

Vi forutsetter at tiltakene er forankret i en forvaltningsplan godkjent av fylkesmannen. Mal for forvaltningsplan er lagt ut på Miljødirektoratets nettsider.

Vi gjør oppmerksom på at tilsagnet vil bli trukket tilbake hvis saken ikke er avsluttet innen 15.08.2016.

Vi ber om at det opprettholdes dialog med Miljødirektoratet under gjennomføring av saken, hvis det oppstår tvil om forutsetningene for tilsagnet kan være endret.

Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan iverksette kontroll av om midlene er benyttet i samsvar med forutsetningene. Vi forutsetter at kostnadene regnskapsføres slik at det er mulig å ta ut et separat regnskap for arbeidene som utføres.

Vi forutsetter at opparbeiding skjer på en naturvennlig måte, jf prinsipper og råd omtalt i DN-håndbok nr. 27-2006 "Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv". Håndboka er publisert på direktoratets nettsider.

Videre forutsettes at naturens mangfold forvaltes i henhold til naturmangfoldlovens formål, forvaltningsmål, prinsipper og aktsomhetsplikt, jf lovens kap 1 og 2.

Hilsen
Miljødirektoratet


Berit Lein
avdelingsdirektør


Terje Qvam
seksjonsleder

Kopi til:

Vaksdal kommune	Konsul Jebsens gate 16	5722	Dalekvam
Hordaland fylkeskommune	Boks 7900	5020	Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2015	Kontrollutvalet	PS	01.10.2015
69/2015	Kommunestyret	PS	09.11.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 217, FA - F20	15/1450

FORVALTNINGSREVISJON HEIMETENESTA

Vedlegg:

Forvaltningsrevisjon av Heimetenesta i Vaksdal kommune - endeleg rapport
Forvaltningsrevisjonsrapport - Heimetenesta - til Høyring og verif
Forvaltningsrevisjon av Heimetenesta i Vaksdal kommune - til høyring og verifisering

Framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre tek forvaltningsrevisjonen Heimetenesta til etterretning.

Kontrollutvalet - Sak 09/2015

KONT - Behandling:

Deloitte la fram prosjektplan for forvaltningsrevisjon av Heimetenesta i KU-møtet 19. november 2014. Denne prosjektplanen, justert for innspel som kom i møtet 19. november, er grunnlaget for forvaltningsrevisjonen utført av Deloitte.

Forvaltningsrevisjonen blei gjennomgått av Deloitte. Deloitte beklaga sein levering i forhold til prosjektplanen. Dette av personellmessige årsakar.

På bakgrunn av funn og vurderingar anbefaler revisjonen at Vaksdal kommune:

- Snarleg gjennomfører det planlagde arbeidet med revisjon av rutinar og prosedyrar
- Jamleg vurderer korleis heimetenesta brukar tida i arbeidet
- Arbeider vidare med å finne og sette i verk tiltak som kan bidra til å redusere sjukefråværet
- Vurderer om det er behov for å avklare nærare forvaltningskontoret sine oppgåver opp mot andre tenesteeiningar i kommunen

I møtet blei Deloitte spurd om å gi nærare informasjon om regelverket for omsorgsboliger, mellom anna i forhold til bemanning. Dette vil dei gi informasjon om seinare.

Blant medlemene i kontrollutvalet blei det uttrykt eit ynskje om meir informasjon i revisjonen om korleis brukarane oppfattar tenestene, og korleis dei ansatte oppfattar arbeidsdagane.

Rådmannen ynskjer at revisjonen i større grad også hadde omtalt korleis eining for Heimetenesta er ein del av det heilskapelege tenestetilbodet pleie- og omsorg. Rådmannen hadde også ynskja at ho blei intervjuet.

Rådmannen er samd i tilrådingane i rapporten og dei konkrete tiltaka som er foreslått.

KONT - Tilråding:

Vaksdal kommunestyre tek forvaltningsrevisjonen Heimetenesta til etterretning, og ber rådmannen fylgje opp tilrådingane i rapporten, samt gje ei tilbakemelding til kommunestyret om oppfylgjinga innan utgangen av fyrste halvår 2016.

Saksopplysningar:

Deloitte la fram prosjektplan for forvaltningsrevisjon av Heimetenesta i KU-møtet 19. november 2014. Denne prosjektplanen, justert for innspel som kom i møtet 19. november, er grunnlaget for forvaltningsrevisjonen som nå er ferdig utført av Deloitte.

Representant frå Deloitte vil ha ein gjennomgang av forvaltningsrevisjonen i møtet.

Forvaltningsrevisjon | Vaksdal kommune Heimetenesta



«Forvaltningsrevisjon av heimetenesta»

September 2015

Rapporten er utarbeidet for Vaksdal
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Samandrag	5
2	Innleiing	7
3	Om tenesteområdet	9
4	Målsetningar i Heimetenesta	10
5	Kostnadsutvikling i Heimetenesta	14
6	Organisering av Heimetenesta	20
7	Kvalitet i Heimetenesta	27
8	Tildeling av heimetenester	32
9	Konklusjon og forslag til tiltak	35
	Vedlegg 1: Høringsuttale	36
	Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	37

1 Samandrag

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Vaksdal kommune, har Deloitte gjennomført ein forvaltningsrevisjon av Heimetenesta. Føremålet med prosjektet har vore å undersøke om kommunen har tilfredsstillande heimebaserte pleie- og omsorgstenester i samsvar med dei mål som er sett for tenestene.

Forvaltningsrevisjonen viser at det etter revisjonen si vurdering er sett tydelege mål for tenesteproduksjonen i Heimetenesta i kommunen. Kommunen har etablert eit godt system for å rapportere om status i høve til måloppnåing og økonomi, og undersøkinga viser at kommunen har nådd eller er i rute til å nå mål knytt til å auka kompetanse innan helsepedagogikk, implementere teknologisk hjelpemiddel i tenesta, og tilby kvardagsrehabilitering som eiga teneste. To mål er likevel ikkje nådd per utgangen av 2. tertial 2015. Dette er mål om betre utnytting av dataverktøyet PPS og mål om etablering og drift av dagsenter for heimebuande personar med demens.

Det har vore ein kostnadsauke innan Heimetenesta i Vaksdal dei siste åra, der budsjettet til Heimetenesta har utvikla seg frå ca. 47 mill. kr. i 2012, til 52 mill. kr. i 2015. Budsjettet har vist seg å ikkje vere tilstrekkeleg i høve til det faktiske aktivitetsnivået og det har vore ei utfordring for kommunen å få ansvar for særleg ressurskrevjande brukarar dei ikkje visste om på førehand. Etter revisjonen si vurdering vil det, sjølv om kommunen gjennomfører analysar som bidrar til å sikre realistisk budsjett, fortsatt vere risiko for at Vaksdal også i framtida vil oppleve overskridingar av budsjettet i samband med at kommunen får ansvar for særleg ressurskrevjande brukarar.

Undersøkinga viser at når det gjeld utvikling i kostnader til pleie og omsorg, ligg Vaksdal sine netto driftsutgifter til pleie og omsorg (i prosent av kommunen sine driftsutgifter totalt), over gjennomsnittet for kommunegruppa, Hordaland og landet elles (utan Oslo). Av KOSTRA-tal går det fram at Vaksdal kommune har ein høg dekningsgrad når det gjeld heimetenester. Kommunen ligg høgt når det gjeld tal innbyggjarar både i aldersgruppa 67-79 år og for aldersgruppa 80 år og over som mottar heimetenester.

Tildeling av tenester skal alltid vere basert på ei vurdering som medfører ein rett. Behova til brukarane kan endre seg i begge retningar og revisjonen meiner derfor at kommunen sitt fokus på å evaluere vedtak er viktig og riktig. Høg dekningsgrad kan vere ein indikasjon på at nivået på tenestene i Vaksdal er høgare enn i andre kommunar. Det er viktig at dei som arbeider i tenestene har lik oppfatning av kva som er riktig nivå på tenestene. Felles møtepunkt for dei tilsette er viktig i denne samanhengen. Revisjonen meiner det er positivt at det er etablert to koordinatorstillingar i Heimetenesta med særleg ansvar for å følgje med nivået på tenestene.

Etter revisjonen si vurdering er det ei tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling mellom dei som har ansvar for saksutgreiing og tildeling av tenester i kommunen, og utøvarane av tenestene. Undersøkinga viser likevel at det kan vere behov for å avklare forvaltningskontoret sine oppgåver nærare opp mot ansvaret til andre tenesteeiningar i kommunen.

Kommunen har ikkje gjennomført målingar av tidsbruken i Heimetenesta, men undersøkinga viser at leiinga likevel har gjort vurderingar av tidsbruken i tenestene og anslått at ansikt til ansikt tida med brukarane er på om lag 5,5 timar. Heimetenesta si eiga evaluering av organisasjonsendringa der det blei etablert éin base, viser at er fokus på at det går tid tapt i køyring i Heimetenesta sitt arbeid. Revisjonen vil peike på at ein base for Heimetenesta kan vere viktig med omsyn til å sikre lik forståing av brukarbehov og korleis tenestene skal utøvast, samt få ei robust teneste. Samtidig meiner vi det er viktig at Heimetenesta med jamne mellomrom vurdere korleis dei brukar tida i arbeidet og om det er mogleg å etablere fleksible løysingar som reduserer køyretida for dei tilsette, men samtidig sikrar tilstrekkeleg kontakt mellom dei tilsette og mellom tilsette og leiinga i høve til å sikre lik og god tenestepraksis. Kommunen kan til dømes vurdere om det er mogleg å bruke videobaserte møteløysingar i enkelte tilfelle.

Når det gjeld tilbod om omsorgsbustader, korttidsplass, avlastning og rehabilitering med vidare viser undersøkinga at leiinga i pleie og omsorg opplever at denne er tilstrekkeleg til å bidra til at personar med pleie- og omsorgsbehov kan bu heime så lenge som mogleg.

Dei eksisterande rutinane og prosedyrane til Heimetenesta har ikkje har blitt revidert i løpet av dei siste åra, men det er planlagt ein større gjennomgang av desse i samband med overgang til elektronisk internkontrollsystem. Etter revisjonen si vurdering er det viktig at det planlagde arbeidet med revisjon av rutinar og prosedyrar blir sett i gang og gjennomført, for å sikre at desse er oppdatert i høve til gjeldande regelverk og interne behov.

Etter revisjonen si vurdering, har kommunen etablert tilfredsstillande system for registrering av avvik. Det er etablert tydelege rutinar for avviksmelding, samt eigne registrerings skjema for ulike typar avvik som gjer det enkelt for dei tilsette å melde inn riktig avvik. Revisjonen vil likevel peike på at ein føresetnad for å kunne rapportere avvik er tydelege og oppdaterte rutinar.

Vaksdal kommunen har etablert prosedyrar og vedtaksmalar som bidrar til etterleving av gjeldande regelverk for sakshandsaming når det kjem til tildeling av heimetenester. Av stikkprøvegjennomgangen som er gjennomført går det fram at kommunen utformer vedtak som tek omsyn til krav i forvaltningslov og pasient- og brukarrettslova.

På bakgrunn av funn og vurderingar vil revisjonen anbefale at Vaksdal kommune:

1. Snarleg gjennomfører det planlagde arbeidet med revisjon av rutinar og prosedyrar og på denne måten sikre at desse er oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og interne behov.
2. Jamleg vurderer korleis dei brukar tida i arbeidet og om det er mogleg å etablere fleksible løysingar som reduserer køyretida for dei tilsette, men som samtidig sikrar tilstrekkeleg kontakt mellom dei tilsette og god tenestep praksis.
3. Arbeider vidare med å finne og sette i verk tiltak som kan bidra til å redusere sjukefråværet ned til det nivået som er fastsett i måla for Heimetenesta.
4. Vurderer om det er behov for å avklare nærare Forvaltningskontoret sine oppgåver opp mot andre tenesteeiningar i kommunen.

2 Innleiing

2.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i KU sak 12/14 gjennomført ein forvaltningsrevisjon av heimetenesta i Vaksdal kommune.

2.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke om kommunen har tilfredsstillande heimebaserte pleie- og omsorgstenester i samsvar med dei mål som er sett for tenestene. Fokus har vore på i kva grad organiseringa av tenestene er føremålstenleg med omsyn til å legge til rette for at eldre skal bu lengst mogleg i heimen, om dei økonomiske måla blir nådd og til slutt om tildelinga av heimetenester er i samsvar med krav i forvaltningslova.

1. I kva grad når Heimetenesta dei **mål** som er sett for tenestene?
 - a. Er det sett tydelege mål for heimetenesta?
 - b. Korleis blir måla følgt opp?
2. Korleis har **kostnadsutviklinga** vore for Heimetenesta?
 - a. I kva grad er budsjettet for Heimetenesta realistisk i forhold til å oppfylle kommunen sine hovudmål knytt til heimetenesta?
 - b. Korleis har kostnadane knytt til Heimetenesta utvikla seg dei siste tre år?
 - c. Korleis er kostnadane til Vaksdal kommune samanlikna med andre kommunar?
3. I kva grad er **organiseringa** av Heimetenesta føremålstenleg for å sikre at eldre kan bu heime lengst mogleg?
 - a. I kva grad er det ei tydeleg ansvars- og oppgåvedeling?
 - b. Korleis er dekningsgraden for heimetenester?
 - c. I kva grad har kommunen god oversikt over hjelpebehovet i brukargruppa?
 - d. Har kommunen eit system for å sikre tilfredsstillande fordeling av tidsbruken i Heimetenesta (t.d. ansikt-til-ansikt tid/administrativ tid/køyretid m.v.)?
 - e. Har kommunen tilstrekkeleg tilbod om omsorgsbustader, korttidsplass, avlastning og rehabilitering m.v. til å bidra til at personer med pleie- og omsorgsbehov kan bu heime så lenge som mogleg?
4. I kva grad har kommunen **system og prosedyrar** for å sikre tilfredsstillande kvalitet i Heimetenesta?
5. Fungerer **tildeling av heimetenester** i samsvar med gjeldande krav i regelverket til sakshandsaming?

2.2.1 Avgrensing

I denne revisjonen har vi hatt fokus på heimetenester i form av praktisk bistand og heimesjukepleie.

2.3 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Oppdraget er gjennomført i tidsrommet februar til september 2015.

2.3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak er gjennomgått og brukt som revisjonskriterium. Vidare er informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon er vurdert opp mot revisjonskriteria.

2.3.2 Intervju

Revisjonen har gjennomført intervju med tre personar. Dei som er intervjuar er kommunalsjefen for helse og omsorg, einingsleiar for heimetenesta og ein tilsett ved Forvaltningskontoret. I tillegg har vi gjort avklaringar i samtale med representant for økonomiavdelinga i kommunen.

2.3.3 Statistikk

Revisjonen har henta inn og analysert statistikk frå KOSTRA-databasen om kommunen sine heimetenester dei siste tre åra.

2.3.4 Stikkprøvekontroll

Revisjonen har gjennomført stikkprøver i form av gjennomgang av 20 vedtak om tildeling av heimetenester i kommunen. Elleve av vedtaka omhandla søknad om praktisk bistand, og ni omhandla vedtak om heimesjukepleie. Revisjonen har gjort eit tilfeldig utval av saker, for å teste om sakshandsamingsrutinar og lovkrav er følgt.

2.3.5 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei intervjuar for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten. Utkast til rapport er sendt til rådmannen for verifisering og uttale.


2.4 Revisjonskriterium

Innsamla data er vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover og rettsreglar. I dette forvaltningsrevisjonsprosjektet er revisjonskriteria henta frå helse- og omsorgstenestelova, forvaltningslova, tilhøyrande forskrifter og lovforarbeid. Revisjonskriteria knytt til dei ulike problemstillingane er presentert innleiingsvis under kvart hovudkapittel i rapporten.

3 Om tenesteområdet

Heimetenesta i Vaksdal er organisert med eit Forvaltningskontor under einingsleiar som fattar vedtak om tildeling av tenester. Vidare er det to avdelingar under einingsleiar: Heimesjukepleie og praktisk bistand/opplæring og Elvevegen bufellesskap for funksjonshemma. Figuren under viser organiseringa.

Figur 1 Organisasjonskart Heimetenesta i Vaksdal kommune



Heimetenesta yter tenester til brukarar i alle aldersgrupper og med diagnosar både innanfor somatikk, psykisk helse og rus.

4 Målsetningar i Heimetenesta

4.1 Problemstillingar

I dette kapitlet omtaler vi hovudproblemstillinga *I kva grad når heimetenesta dei mål som er sett for tenestene?* med underproblemstillingane:

- *Er det sett tydelege mål for heimetenesta?*
- *Korleis blir måla følgt opp?*

4.2 Revisjonskriterium

Kommunelova omtaler Administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde. I § 23 står det at

«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.»

Å setje mål for aktivitetar og tenester og følgje desse opp, er ein vel kjend metode for å sikre styring og kontroll i verksemdar.¹

4.3 Datagrunnlag

Av kommunen sin økonomiplan går det fram at det overordna økonomiske målet for kommunen er at «*Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har*». Det er ikkje utarbeidd ei overordna målsetting for pleie- og omsorgsområdet i kommunen eller for Heimetenesta som går fram av økonomiplanen.

Vaksdal kommune har utarbeidd eit planprogram til ny kommunedelplan for helse og omsorg der det mellom anna står at kommunen ønskjer større fokus på tidleg innsats og rehabilitering, det vil sei dei nedste trinna i omsorgstrappa. I omsorgstrappa det vert referert til, finn ein på dei lågaste stega førebyggjande tiltak, samarbeid med brukarar, pårørande og frivillige, rehabilitering og heimetenester. På neste steg finn ein omsorgsbustader og korttidsplassar i institusjon. På dei øvste stega kjem dei dyraste og mest omfattande og spesialiserte tilboda i kommunehelsetenesta slik som sjukeheimplassar og spesialplassar på institusjon.² Den nye kommuneplanen skal erstatte Omsorgsplan 2011-2015 og vil bli ferdigstilt i 2015.

Også i budsjettet for 2015 står det at helse- og omsorgstenestene i Vaksdal kommune går inn i økonomiplanperioden med ei klar målsetning om å vri tenestene over mot meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande innsats. Det blir vist til at grunnane for dette er både faglege og økonomiske:

«Kommunen står framfor store utfordringar i åra framover, og ein må ta grep for å få betre samsvar mellom rammer og drift. Meir satsing på tiltak lenger nede i omsorgstrappa vil vera økonomisk gunstig samtidig som det er i tråd med tilrådingar frå fagfeltet, kommunale planar og nasjonale føringar.»³

I intervju med helse- og omsorgsleiinga i kommunen går det fram at sidan Vaksdal kommune har eit mål om å snu tenesta meir over på førebyggjande og rehabiliterande tenesteyting, har eit av måla også vore å bygge ned sjukeheimsverksemda og auke bruk av heimetenestera, då sjukeheimsverksemda tidlegare har vore stor. Det blir opplyst at kommunen har gjennomført ei slik omstilling, og at Heimetenesta no har eit større budsjett enn

¹ Se f.eks. COSO-rammeverket: «Helhetlig risikostyring – et integrert rammeverk», 2005

² Sjå også kapittel 6.2.2 for nærare omtale av omsorgstrappa

³ «Økonomiplan 2015-2018. Budsjett 2015». Vedteke i kommunestyret 15.12.14.

sjukeheimsverksemda. Eit anna mål for kommunen er å få til ei oppbygging av omsorgsbustader fordi dette vil bli et aukande behov.

4.3.1 Arbeid med mål i Heimetenesta

Revisjonen har fått opplyst at Heimetenesta i Vaksdal har arbeidd med å sette tydelege mål for tenesta. For å få dette til er det gjennomført ei samling med ekstern konsulent, og rådmannen i kommunen har også undervist i SMART metoden⁴. Det har vore fokus på at dei tilsette skal sørge for at måla som er sett blir nådd og kan uttale seg om desse.

For heimetenestene er det etablert følgjande mål knytt til tenesteproduksjon for 2015⁵:

- Dagsenter for heimebuande personer med demens skal vera i drift
- Innføringa av kvardagsrehabilitering
- Auka kompetanse innan helsepedagogikk
- Betre utnytting av dataverktøyet PPS⁶
- Implementere teknologiske hjelpemiddel
- Redusera sjukefråveret

Heimetenesta utarbeider årshjul for kvart år. I årshjulet er mål og fokusområde omtala med tilhøyrande tiltak, kven som har ansvar for gjennomføring og ei kolonne der det blir notert når tiltaket er gjennomført eller skal bli gjennomført. I intervju blir det peika på at rapporteringa blir gjort slik at ein kan følgje med på korleis ein ligg an i høve til måla som er sett.

Leiar for Heimetenesta utarbeider tertialrapportar til rådmann i høve til dei måla som er sett for verksemda. Det er utarbeidd ein rapporteringsmal for desse rapportane, som viser dei faktiske driftstala for tenesta, dvs. rekneskapstal i høve til budsjett slik at eventuelle negative avvik blir synlege. Vidare inneheld rapporteringa ein tabell som viser kva tiltak Heimetenesta har og kan setje i verk for å kome i balanse, kva verknader tiltaka vil ha, når dei kan starte opp og kva økonomisk årseffekt dei er berekna å ha. Tertialrapporten inneheld også ei tabellmessig framstilling av status i høve til tiltak som er sett i verk for å oppnå måla for Heimetenesta og ein tabell der det skal rapporterast på status i høve til personalsituasjonen i eininga, mellom anna sjukefråvær.

I tertialrapporten er det avslutningsvis gitt kommentarar på mål og måloppnåing knytt til tenesteproduksjon. Her har leiar for heimetenesta gått gjennom tiltak og status for kvart av dei seks måla for tenesteproduksjon uttrykt i budsjett 2015.

4.3.2 Måloppnåing i Heimetenesta

Måloppnåing knytt til økonomi er omtala i kapittel 5 i rapporten. Under vil vi gå gjennom status i høve til måloppnåing for Heimetenesta per 2. tertial 2015.

Dagsenter for heimebuande personer med demens skal vera i drift

Når det gjeld etablering og drift av dagsenter for heimebuande personar med demens, går det fram av tertialrapportering for 1. tertial 2015 at det er gjennomført to planleggingsmøte om senteret, 19.12.14 og 24.02.15. Av same rapport går det fram at kommunen har møtt på ulike utfordringar knytt til dagsenteret som både er etiske, praktiske og økonomiske. Det går vidare fram at kommunen held på å utrede dette, men at det ser ut til at ein i denne omgang ikkje kan setje i gong med eige dagsenter for heimebuande demente. Det blir vist til at ein skal kome tilbake til dette ved oppstart av prosjekt som startar i løpet av hausten, og sjå prosjektet i samanheng med ressurscenter for demens på Vaksdal.

Kommunen har utarbeidd ei prosjektskisse for prosjektet «Mestring og deltaking - heile livet», datert mars 2015. I prosjektskissa er ressurscenter for demens på Vaksdal satt opp som eit av satsingsområda. Senteret er planlagt som ei eige «minibygd» som skal innehalde bustadar, aktivitetar/trening, underhaldning mm., samt dagsenter.

Prosjektet er for tida i forprosjektfasen, fram til juni 2016. I denne fasen skal faglege, økonomiske, teknologiske og bygningsmessige forhold knytt til planane greiast ut, anskaffingsprosessar knytt til teknologiske løysingar

⁴ Bokstavene i metoden som sier noe om hvordan mål bør formuleres står for Spesifikk, Målbar, Ambisiøs, Realistisk og Tidsbestemte.

⁵ Tertialrapportar 2015, budsjett for 2015

⁶ Praktiske prosedyrar i sjukepleietenesta

skal setjast i gang, og framdrift og implementering skal planleggjast. Realisering av planane om ressurscenter for demens skal etter prosjektplan skje i tidsrommet 2016-2018.

Kvardagsrehabilitering

Kommunen innførte kvardagsrehabilitering som metode våren 2015. Dette er ein metodikk som blir nytta for å kartlegge brukarane sin situasjon og sette mål og definere tiltak for å nå dei helsemessige måla. Sjukepleiarar som har fått opplæring i denne metoden skal arbeide med det å definere mål og tiltak for brukarane og tanken er at dette skal føre til endringar i korleis ein arbeider i Heimetenesta slik at brukarane er mest mogleg sjølvhjelpete. Gitt kommunen sin økonomiske situasjon er det nødvendig å redusere omfanget av tenester som kommunen tilbyr brukarane, og auka bevisstgjerings og opplæring av dei tilsette i høve til kva brukarane kan gjere sjølve kan bidra til dette

I tertialrapporten for 2. tertial, går det fram av rapportering på status på mål knytt til tenesteproduksjon at heimetenesta har gjennomført opplæring av både nøkkelpersonell (februar 2015) og fleire tilsette (mars 2015) og starta opp med dei første brukarane (mars 2015). Leiar for Heimetenesta kommenterer at dei no held på å hauste erfaringar, slik at ein skal kunne tilby kvardagsrehabilitering som ei eiga teneste frå 2016.

Auka kompetanse innan helsepedagogikk

Når det gjeld måloppnåing knytt til auka kompetanse innan helsepedagogikk, går det fram av tertialrapport for 2. tertial 2015 at tre tilsette har fått opplæring i helsepedagogikk. Ytterlegare ein tilsett har byrja på opplæringa hausten 2015, mens fleire tilsette skal starte opplæringa frå januar 2016.

Leiar for heimetenesta opplyser i tertialrapport at helsepedagogikk er ein aktiv del av måten dei samhandlar med brukarar på. Vidare blir det opplyst at ergoterapeut og fysioterapeut som ein del av rutinen ein gong i veka er i heimesjukepleien for samarbeid kring denne måten å arbeide på. Det blir og gjennomført samarbeidsmøte som erfaringsutvekslingsarena mellom tilsette i Heimetenesta og fysio- og ergoterapeut.

Betre utnytting av dataverktøyet PPS

Med omsyn til målsetting om betre utnytting av dataverktøyet PPS, blir det opplyst i 2.tertialrapport 2015 at Heimetenesta planlegg ein eigen opplæringsplan i PPS for avdelingane som skal gjennomførast i løpet av 2015. Per 2. tertial er ein imidlertid ikkje komen i gong med denne planen.

I intervju opplyser leiar for Heimetenesta at arbeidet med betre utnytting av PPS er det målet ein ikkje er komen skikkeleg i gong med endå i 2015. Heimetenesta skal arbeide med dette i løpet av hausten/vinteren.

Implementere teknologiske hjelpemiddel – nettbrett

Når det gjeld implementering av teknologiske hjelpemiddel i tenesta, kjem det i tertialrapportering for 2. tertial fram at det blei gjennomført opplæring i bruk av nettbrett i januar 2015. Bruk av nettbrett blei innført i Heimetenesta i veke 6 2015. Leiar opplyser i rapporten at tiltaket er utført, i og med at nettbrett blei innført i januar. To tilsette har teke 15 studiepoeng i omsorgsteknologi hausten 2014 og ein fortsett med å planlegge for vidare utvikling av teknologiske hjelpemiddel i prosjekt med oppstart hausten 2015.

I intervju opplyser leiar for Heimetenesta at nettbrett er tidssparande, og at det har ført til ei kvalitetsforbetring når det kjem til rapportering. Dei tilsette bruker mindre tid på å skaffe seg informasjon og det er ikkje lenger overtidsbruk på grunn av at ein må rapportere etter arbeidstid. Ein ser også at avvik knytt til medisinar er minka frå 1. kvartal til 2. kvartal i år, som ein konsekvens av at bruk av nettbrett gjer det enklare å halde oversikt over medisinerutinar og medisinerutdeling (rutinar knytt til avviksrapportering er nærare omtala i kapittel 7.3.1).

Arbeid for å redusere sjukefråvær

I intervju opplyser leiar for Heimetenesta at ein ikkje forutså at omorganisering av Heimetenesta skulle føre til så høgt sjukefråvær og over ein så lang periode. Auken i sjukefråvær hang samtidig også saman med innføringa av Samhandlingsreforma og auka arbeidspress/ mange nye tyngre brukarar i Heimetenesta. Dette blei mykje for arbeidstakarar som i utgangspunktet kunne ha jobbrelevante helseutfordringar. Arbeidet blei ikkje «lett» arbeid lenger, der ein kunne ha tilsette i Heimetenesta som hadde behov for tilpassa arbeidskvardag og roligere vakter enn til dømes vakter på institusjon. Tabellen under viser utviklinga av sjukefråværet i Heimetenesta dei siste åra:

Tabell 1: Oversikt over utvikling i sjukefråvær i heimetenesta i Vaksdal kommune, 2011-2015 (Kjelde: Årsmelding 2014, Vaksdal kommune)

	2011	2012	2013	2014	2015
Sjukefråvær i heimetenesta	11,8	9,8	14,7	14,4	11,8 ⁷

Tettare oppfølging av arbeidstakarar i faresone for sjukemelding har blitt handtert gjennom innføring av to nye koordinatarar under avdelingsleiarnivå i Heimetenesta. Dette har frigjort meir tid for avdelingsleiar til å jobbe med personalet, og dermed også følgje opp arbeidstakarar. Leiarane merka avlastinga i arbeidet frå første dag koordinatarane begynte.

I 2. tertialrapport 2015 blir det vist til fleire tiltak som er gjennomført for å redusere sjukefråværet. Bruk av multidose og nettbrett er innført mellom anna for å redusere arbeidsbelastninga til dei tilsette, og det er gjennomført kick-off seminar knytt til etisk kompetanseheving og opplæring av ressurspersonar knytt til etikkprosjekt. Vidare er det gjennomført fleire tiltak på dei ulike avdelingane med oppfølging av ressurspersonar, samt at det er nedsett ei HMT-gruppe i eininga som skal utarbeide ein handlingsplan knytt til reduksjon av sjukefråvær.

I rapporten blir det peikt på at sjukefråværet for eininga for 2. tertial 2015 ligg på 11,8 %. Dette inneber ei betring frå 1. tertial, men er framleis over målet for året som er 9,5 %.

4.4 Vurdering

Etter revisjonen si vurdering er det sett tydelege mål for tenesteproduksjonen i Heimetenesta i kommunen. Måla er operasjonalisert med tiltak som skal bidra til betre tenester. Det er ikkje uttalt eksplisitt i til dømes økonomiplanen, men revisjonen oppfattar at måla er etablert for å bidra til å sikre best mogleg ressursutnytting og etterleving av budsjett, samtidig som ein skal sikre kvalitet i tenestene.

Revisjonen meiner vidare at kommunen har etablert eit godt system for å rapportere om status i høve til måloppnåing og økonomi. Malen knytt til tertialrapportering er god og sikrar konkret rapportering i høve til gjennomføring og status. Når det blir rapportert i høve til tiltak for å komme i økonomisk balanse, bidrar malen til å sikre at det blir gjort konkrete økonomiske vurderingar av dei enkelte tiltaka.

Undersøkinga viser at kommunen har nådd eller er i rute til å nå måla knytt til å auke kompetansen innan helsepedagogikk, implementere teknologiske hjelpemiddel i tenesta, og tilby kvardagsrehabilitering som eiga teneste. To mål er imidlertid ikkje nådd per utgangen av 2.tertial 2015. Dette gjeld for det første målet om betre utnyttinga av dataverktøyet PPS. Vidare gjeld det målet om etablering og drift av dagsenter for heimebuande personar med demens i løpet av 2015, der kommunen i staden har planlagt dagsenteret inkludert i eit ressurscenter for demens, som skal realiserast i perioden 2016-2018.

Revisjonen meiner det er positivt at Heimetenesta har sett i verk tiltak for å redusere sjukefråværet i eininga, som Heimetenesta opplever har effekt på fråværet. Samtidig meiner revisjonen at det er viktig at arbeidet med reduksjon av sjukefråvær blir følgt opp vidare, og at kommunen arbeider vidare med å finne og iverksette tiltak som kan bidra til å redusere sjukefråværet ned til det nivået som er fastsett i måla for Heimetenesta.

⁷ Totalt sjukefråvær i heimetenesta per 2. tertial 2015 (Kjelde: Tertialrapport for heimetenesta, 2. tertial 2015)

5 Kostnadsutvikling i Heimetenesta

5.1 Problemstillingar

I dette kapitlet omtaler vi hovudproblemstillinga *Korleis har kostnadsutviklinga vore for Heimetenesta?*, med underproblemstillingane:

- *I kva grad er budsjettet for heimetenesta realistisk i forhold til å oppfylle kommunen sine hovudmål knytt til heimetenesta?*
- *Korleis har kostnadane knytt til Heimetenesta utvikla seg dei siste tre år?*
- *Korleis er kostnadane til Vaksdal kommune samanlikna med andre kommunar?*

5.2 Revisjonskriterium

Det går fram av kommuneloven § 46 at «årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.»

Dette inneber at dei einskilde løyvingar og dei inntektsrammer budsjettet byggjer på skal vere ført opp ut frå kva som kan påreknast, og at også anslag over inntekter og utgifter skal vere realistiske (jf. Ot.prp. nr. 43, 1999-2000). Budsjettet skal vere fullstendig, dvs. at alle forventa inntekter, innbetalingar og bruk av avsetningar samt utgifter, utbetalingar og avsetningar i året skal takast med (jf. budsjettforskriften § 6).


5.3 Datagrunnlag

5.3.1 Kostnadsutvikling for pleie og omsorg og Heimetenesta

Dersom ein ser på heile pleie og omsorg i Vaksdal kommune utgjør netto driftsutgifter 44,3 % av kommunen sine totale netto driftsutgifter i 2014. Som det går fram av figuren under, er dette ein større prosentdel enn gjennomsnittet i kommunegruppa, Hordaland og landet utan Oslo. Andelen er om lag den same som for 2012 (44,4 %), mens andelen er blitt redusert frå 46,3 % i 2013. Gjennomsnittsandelen av netto driftsutgifter til pleie og omsorg for landet elles og for kommunar i Hordaland har auka marginalt frå 2013, etter ein liten nedgang frå 2012 til 2013. For kommunegruppa⁸ har gjennomsnittleg prosentdel auka frå 33,4 % i 2012 og 2013 til 34,4 % i 2014. Figuren under illustrerer utviklinga:


⁸ Kommunegruppe 3 i KOSTRA.

Figur 2: Netto driftsutgifter for pleie og omsorg i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter, konsern (Kjelde: KOSTRA)



Netto driftsutgifter til pleie og omsorg per innbyggjar 80 år og over, låg for Vaksdal kommune i 2012 under gjennomsnittet både i kommunegruppe, Hordaland og landet elles. I 2013 auka netto driftsutgifter i Vaksdal kommune til om lag 360 000 kr per innbyggjar, og låg då over gjennomsnittet i Hordaland og i landet elles. For 2014 var netto driftsutgifter i Vaksdal kommune igjen lågare enn gjennomsnittet i kommunegruppe, Hordaland og landet elles, med ca. 366 000 kr per innbyggjar. Figuren under illustrerer utviklinga i netto driftsutgifter til pleie og omsorg per innbyggjar 80 år og over:


Figur 3: Netto driftsutgifter til pleie og omsorg per innbyggjar 80 år og over (Kjelde: KOSTRA)



For aldersgruppa 67 år og over, ser vi at netto driftsutgifter til pleie og omsorg per innbyggjar ligg over gjennomsnittet for både kommunegruppa, Hordaland og landet elles. Figuren under illustrerer forskjellane. For


Vaksdal kommune var netto driftsutgifter til pleie og omsorg per innbyggjar i aldersgruppa 67 år og over ca. 150 000 kr i 2014.

Figur 4: Netto driftsutgifter til pleie og omsorg per innbyggjar 67 år og over (Kjelde: KOSTRA)



KOSTRA-tal viser også fordelinga av utgiftene innan pleie- og omsorgstenester til høvesvis institusjonar, heimetenester og aktivisering i Vaksdal kommune⁹. Om lag 54 % av utgiftene for 2014 er knytt til institusjonar, ca. 44 % av utgiftene er knytt til heimetenester, mens 2 % av utgiftene går til aktivisering. Fordelinga går fram av figuren under:

Figur 5: Prosent av utgifter knytt til institusjon, heimetenester og aktivisering av netto utgifter til pleie- og omsorgstenester totalt i 2014 (Kjelde: KOSTRA)




Av KOSTRA-tala går det vidare fram at fordelinga av utgifter til institusjonar, heimetenester og aktivisering har vore relativt stabil sidan 2012. I 2012 gikk 53,8 % av netto utgifter til pleie- og omsorgstenester totalt til

⁹ Inkluderer tilbod til alle aldersgrupper i befolkninga.


institusjonar, mens tilsvarende andel for 2014 var 54,2 %. I 2012 gikk 44,1 prosent av netto utgifter til pleie- og omsorgstenester totalt til heimetenester, mens andelen i 2014 var 43,8 %. Andelen netto utgifter til aktivisering har loge stabilt rundt 2 % i perioden 2012-2014. Figuren under viser fordelinga:

Figur 6: Prosent utgifter knytt til institusjonar, heimetenester og aktivisering, 2012-2014 (Kjelde: KOSTRA)



Dersom vi ser på korrigerte brutto driftsutgifter per mottakar av heimetenester ser vi at utgiftene har auka sidan 2012 og at Vaksdal frå å ha lågare driftsutgifter per mottakar i 2012 og 2013 enn både gjennomsnittet for kommunegruppa, Hordaland og landet utanom Oslo, no har utgifter som ligg marginalt høgare enn gjennomsnittet for kommunegruppa, men lågare enn for Hordaland og landet utanom Oslo.

Figur 7: Korrigerte brutto driftsutgifter per mottakar av heimetenester (i kroner) (Kjelde: KOSTRA)



5.3.2 Overskridingar av budsjettet

Gjennomgang av Vaksdal kommune sine årsrapportar dei siste åra viser budsjettoverskridingar i høve til kommunen sitt opphavslege budsjett. Tabellen under viser budsjett og justert budsjett for Heimetenesta i kommunen, endelig forbruk og avvik i høve til budsjetta.

Figur 8: Oversikt over budsjett, forbruk og avvik innan Heimetenesta (2012-2014), i mill. NOK (Kjelde: Årsmeldingar Vaksdal kommune 2012-2014)

	Budsjett	Justert budsjett	Endelig forbruk	Avvik frå opphavleg budsjett	Avvik frå justert budsjett
2012	46,9	49,4	49,5	2,6	0,1
2013	47	48,4	50,1	3,1	1,7
2014	48	52,97	52,973	4,973	0,003

I intervju blir det peika på at arbeidet med å få ressursar og behov hos brukarane innan pleie og omsorg til å samsvare, er ei av de største utfordringane i Vaksdal kommune. Innan Heimetenesta har opplevinga vore at budsjettet og tal stillingar ikkje har vore tilpassa det tal brukarar som har rett på hjelp. Kommunen har erfart at enkelte brukarar med omfattande behov kan medføre budsjettsprekke for Heimetenesta. Dette gjeld gjerne brukarar som i andre kommunar hadde fått hjelp i institusjon fordi dei treng særleg mykje hjelp og tilsyn. I 2013 hadde kommunen seks ressurskrevjande brukarar som medførte budsjettsprekke, men her fekk kommunen refusjon knytt til desse brukarane slik at dei reelle budsjettoverskridingane blei mindre. Både høgt sjukefråvær i Heimetenesta dei siste åra (nærare omtala i kap. 4) og auka behov hos brukarane har medført behov for bruk av overtid og vikarar og dermed auka kostnader ut over budsjett.

I intervju blir det peika på at utnytting av ressursane i heimetenestene er eit område for forbedring og at det er viktig at brukarane sine vedtak blir evaluerte for å sikra at dei verken får for mykje eller for lite hjelp. Kap. 4 gjev ei nærare omtale av kva tiltak kommunen har sett i verk for å oppnå både betre ressursutnytting og betre tenester. Dette gjeld mellom anna prosjekt knytt til kvardagsrehabilitering og innføring av nettbrett. Kommunen har berekna at forventa effekt som følgje av innføring av mellom anna nettbrett og multidose er 1,9 årsverk. Kommunen har allereie merka effekt av desse tiltaka og redusert talet stillingar. Kommunen arbeider også for å sikre rett nivå på tenestene og har tilsett to koordinatorar under avdelingsleiarane i Heimetenesta for å følgje dette opp tettare. Vidare har kommunen rutinar for å sikre at nivået på tenestene blir evaluert jamleg (Sjå kap 6 for nærare omtale av dess punkta).

Revisjonen får opplyst at sjukefråværet i eininga er på veg nedover og blei redusert frå 14,1 % i første tertial til 11,8 % i andre tertial i 2015 (Sjå kap. 4 for nærare omtale av sjukefråvær). Heimetenesta budsjetterte med lågare sjukefråvær enn det starta året med i 2015. Målsetninga for avdelinga har vore 9,5 %, men det blir opplyst at Heimetenesta har budsjettert med meir enn det basert på kva ein har forventa innan dei ulike avdelingane. For neste års budsjett gjer Heimetenesta det same med omsyn til sjukefråvær: leiinga ser på dei ulike avdelingane og forsøker å finne mest mogleg realistisk budsjett.

Når det gjeld status for 2015 får revisjonen opplyst at økonomien også i år er anstrengt innan Heimetenesta. I følgje 2. tertialrapport frå leiar av Heimetenesta til rådmannen er det eit meirforbruk i Heimetenesta på 3,34 millionar per utgangen av 2. tertial i høve til vedtatt budsjett på 52 millionar. Dette blir forklart med mange brukarar/vedtakstimar som har ført til at eininga har måtte nytta ekstra personale. Vanskar med rekruttering og fortsatt høgt sjukefråvær har også vore medverkande til overforbruket og det blir opplyst at desse årsakene til saman har ført til eit aukande underskot som ein ikkje har klart å hindre gjennom iverksetting av tiltak.

I tertialrapporten blir det vidare opplyst at nedgang i tal brukarar og vedtak frå i sommar gjer at eininga no set i verk tiltak som gjev ein reduksjon i årsverk og dermed redusert kostnad. Tertialrapporten til rådmann inneheldt vidare ei rekke forslag til tiltak for å komme i balanse, men dette er ikkje nødvendigvis tiltak kommunen vil gjennomføre.

5.4 Vurdering

Undersøkinga viser at når det gjeld utvikling i kostnader til pleie og omsorg, ligg Vaksdal sine netto driftsutgifter (i prosent av kommunen sine totale driftsutgifter) over gjennomsnittet for kommunegruppa, Hordaland og landet elles (utan Oslo). I 2014 utgjorde netto driftsutgifter til pleie og omsorg i Vaksdal 44,4 % av kommunen sine totale driftsutgifter. Det samanliknbare talet for kommunegruppa for 2014, var 34,4 %.

Undersøkinga viser at av netto driftsutgifter til pleie og omsorg i 2014, gjekk 54,2 prosent til institusjonar, medan 43,8 prosent gjekk til heimetenester. Denne fordelinga av driftsutgifter mellom tenestene har vore utan særleg endring i perioden 2012-2014.

Undersøkinga viser at det har vore ein kostnadsauke innan Heimetenesta i Vaksdal dei siste åra, der budsjettet til Heimetenesta har utvikla seg frå om lag 47 mill. kr. i 2012, til 52 mill. kr. i 2015. Budsjettet har vist seg å ikkje vere tilstrekkeleg i høve til det faktiske aktivitetsnivået. Det blir vist til at budsjettet og tal stillingar ikkje har vore tilpassa det tal brukarar som har rett på hjelp. Ei særleg utfordring for kommunen er at dei har fått brukarar med svært store hjelpebehov som dei ikkje hadde føresett at dei ville få ansvar for. Dette, kombinert med høgt sjukefråvær, har gjort at kommunen har hatt høge utgifter til vikarbruk og overtid.

Revisjonen meiner at det er positivt at kommunen i utarbeidinga av budsjettet har gjort analyser av forventa sjukefråvær innan dei ulike einingane og basert budsjettet på dette. Når det gjeld multidose og nettbrett har kommunen gjort berekningar i høve til forventa innsparingar av tiltaka og det er positivt at kommune allereie merkar effekt av desse tiltaka. Det er vidare positivt at kommunen har sett i verk tiltak med dedikerte koordinatorstillingar for å sikre tettare oppfølging av brukarbehov og at ein allereie har merka effekt også av dette tiltaket.

Det er revisjonen si vurdering at sjølv om kommunen gjer analysar som bidrar til å sikre eit realistisk budsjett, vil det etter vår si vurdering fortsatt vere risiko for at ein også i framtida vil kunne oppleve budsjettoverskridingar i samband med at kommunen får ansvar for særleg ressurskrevjande brukarar. I denne samanhengen vil revisjonen peike på at er det viktig å melde frå om dette i samband med økonomirapporteringa slik at ein kan vurdere kva tiltak som kan setjast i verk. Som nemnt i kapittel 4. meiner revisjonen at kommunen har gode system for tertialrapportering.

6 Organisering av Heimetenesta

6.1 Problemstillingar

I dette kapitlet omtaler vi problemstillinga *I kva grad er organiseringa av Heimetenesta føremålstenleg for å sikre at eldre kan bu heime lengst mogleg?* Følgjande underproblemstillingar blir belyst:

- I kva grad er det ei tydeleg ansvars- og oppgåvedeling?
- Korleis er dekningsgraden for heimetenester?
- I kva grad har kommunen god oversikt over hjelpebehovet i brukargruppa?
- Har kommunen eit system for å sikre tilfredstillande fordeling av tidsbruken i Heimetenesta (t.d. ansikt-til-ansikt tid/administrativ tid/køyretid m.v.)?
- Har kommunen tilstrekkeleg tilbod om omsorgsbustader, korttids plass, avlastning og rehabilitering m.v. til å bidra til at personer med pleie- og omsorgsbehov kan bu heime så lenge som mogleg?

6.2 Revisjonskriterium

6.2.1 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester

Det kommunale ansvaret for helse- og omsorgstenester er nedfelt i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 3-1. Kommunen skal ifølgje lova sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, blir tilbudd nødvendige helse- og omsorgstenester. Det er i dette prosjektet fokus på den delen av helse- og omsorgstenester som er omfatta av § 3-2, punkt 6, bokstav a-d. Dette er dei tenestene som primært blir ytt til den eldre befolkninga i kommunen:

«§ 3-2. Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester
(...)

6. Andre helse- og omsorgstjenester, herunder:

- a. helsetjenester i hjemmet,
- b. personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt,
- c. plass i institusjon, herunder sykehjem og
- d. avlastningstiltak.»

6.2.2 BEON-prinsippet

Grunnlaget for Deloitte si tilnærming når det gjeld kommunane sitt tilbod om helse- og omsorgstenester er BEON- prinsippet. Våre analysar og vurderingar vil bli basert på prinsippet om at tenestene skal bli tildelt og ytt på «Beste Effektive Omsorgs Nivå» (BEON-prinsippet). Prinsippet byggjer på at kommunen bør tilby ei trinnvis opptrapping av pleie og omsorg for den enkelte, slik at flest mogleg kan bu heime så lenge som mogleg, samtidig som kommunen yter tenester så effektivt som mogleg. BEON-prinsippet omfattar både førebyggjande arbeid, heimetenester og tenester i institusjon. Omsorgstrappa i BEON-prinsippet er illustrert i figuren under.

Omsorgstrappen

BEON-prinsippet



Det går fram av *St.meld. nr. 25: Mestring, muligheter og mening. Framtidas omsorgsutfordringer* at:

«En sentral utfordring for kommunene er å etablere en balanse mellom sykehjem, hjemmetjenester og omsorgsboliger. (...) Det er først og fremst brukernes behov og ønsker som må legges til grunn for valg av boformer og organisering av tilbudet. (...) Det er i denne sammenheng grunn til å peke på at nesten 3/4 av dagens sykehjemspasienter har en demenslidelse, og at mange av dagens sykehjemsplasser er dårlig tilrettelagt for mennesker med demens. Fagfolk etterlyser alternative boformer og bofellesskap med mindre driftsenheter som alternativ til store, tradisjonelle sykehjemsavdelinger for denne store brukergruppen. (...) I tillegg til faglige vurderinger og brukernes ønsker er det viktig at omsorgstjenesten finner driftsformer som utnytter ressursene best mulig».¹⁰

6.2.3 Ansikt til ansikt tid i Heimetenesta

Ansikt til ansikt (ATA) tid er eit omgrep som blir nytta for å beskrive den tida som blir brukt saman med brukarane av heimetjenester til forskjell frå den tida tilsette i tenesta bruker til andre oppgåver som til dømes køyring mellom brukarar, journalføring mv.

I KS sin rettleiar for berekning av einingskostnader i pleie- og omsorgstenester står det at erfaringstall frå kommunar som dei siste åra har kartlagt si ATA tid viser at ATA tida varierer frå under 50 % til over 70 %. Vidare står det følgjande i rettleiaren:

«Erfaringer viser at hvis hjemmesykepleien er 3 ganger på basen¹¹, så vil ATA-tiden være under 50%, 2 ganger pr. dag gir ofte en ATA-tid på 60%, og kommuner som bruker tekniske hjelpemidler som nettbrett mv. og kun er på basen 1 gang pr. dag kan ha en ATA-tid på 70%.¹²

6.3 Datagrunnlag

6.3.1 Dekningsgraden for heimetjenester

KOSTRA-tal for perioden 2012-2014 viser at Vaksdal kommune hadde fleire innbyggjarar som er mottakarar av heimetjenester per 1000 innbyggjar i aldersgruppa 67-79 år enn gjennomsnittet for landet, andre kommunar i Hordaland og kommunegruppa. I 2014 hadde Vaksdal kommune om lag 100 mottakarar av heimetjenester per 1000 innbyggjar i aldersgruppa 67-79 år. Figuren under viser fordelinga:


Figur 9: Mottakarar av heimetjenester per 1000 innbyggjarar, 67-79 år (Kjelde: KOSTRA)

¹⁰ St.meld. nr. 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening, side 83-84.

¹¹ For å rapportere mv.

¹² Pkt 2.3, side 10


Mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjarar, 67-79 år.



KOSTRA-tala viser også at Vaksdal kommune hadde fleire innbyggjarar som er mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjar i aldersgruppa 80 år og over enn gjennomsnittet for landet, andre kommunar i Hordaland og kommunegruppa. I 2014 hadde Vaksdal kommune 395 mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjar i aldersgruppa 80 år og over. Talet er redusert frå 427 i 2013, men er høgare enn samanliknbart tal frå 2012, då kommunen hadde om lag 380 mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjar i aldersgruppa 80 år og over. Figuren under viser fordelinga:


Figur 10: Mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjarar, 80 år og over (Kjelde: KOSTRA)

Mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjarar, 80 år og over




For Heimetenesta finst det vidare KOSTRA-tal som viser prosentdelen heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov i aldersgruppa 67 år og over. Som det går fram av figuren under, har Vaksdal kommune i åra 2012-2014 hatt ein lågare prosentdel heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov i denne aldersgruppa enn gjennomsnittet for landet, Hordaland og kommunegruppa.

Figur 11: Prosentdel heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov, 67 år og over (Kjelde: KOSTRA)



KOSTRA-tala viser vidare at Vaksdal kommune i perioden 2012-2014 har gått frå å ha lågare prosentdel heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov i aldersgruppa 67-79 år enn gjennomsnittet i fylket og i landet elles. I 2012 hadde Vaksdal kommune 11,3 % heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov i aldersgruppa 67-79, mens prosentandelen i 2014 hadde auka til 18 %. Prosentandelen heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov i aldersgruppa 67-79 år er også høgare i Vaksdal kommune enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Figuren under viser fordelinga:


Figur 12: Prosentdel heimetenestemottakarar med omfattande bistandsbehov, 67-79 år (Kjelde: KOSTRA)



Prosentadelen heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov i aldersgruppa 80 år og over ligg for Vaksdal kommune sin del under gjennomsnittet for både kommunegruppa, Hordaland og landet elles. I 2012

var andelen heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov i aldersgruppa 80 år og over 7 %, før prosentdelen i 2013 auka til 9,7 %. I 2014 var delen redusert til 5,3 %. Figuren under viser fordelinga:

Figur 13: Prosentdel heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov, 80 år og over (Kjelde: KOSTRA)



6.3.2 Omsorgsbustader og korttidsplassar i institusjon

Kommunalsjefen for Helse og omsorg opplyser at det har vore eit mål for kommunen å snu tenestene meir over på førebyggjande og rehabiliterende tenesteyting. Kommunen har gradvis bygd ned sjukeheimsverksemda, som har vore stor i Vaksdal, slik at Heimetenesta no har det største budsjettet.

KOSTRA-tal viser at når det gjeld prosentdel plassar sett av til tidsavgrensa opphald, har Vaksdal kommune gått frå å ligge litt over gjennomsnittet i kommunegruppa, Hordaland og landet elles (utan Oslo) i 2012 og 2013, til å ligge litt under gjennomsnittet i kommunegruppa, fylket og landet elles (utan Oslo) i 2014. For 2014 var andelen plassar til tidsavgrensa opphald i Vaksdal 16,2 %, mens tala for kommunegruppa, fylket og landet elles (utan Oslo) ligg fordelt rundt 19 % i gjennomsnitt.

Også når det gjeld prosentdel plassar til rehabilitering, viser KOSTRA-tal at Vaksdal kommune har gått frå å ligge over gjennomsnittet i kommunegruppa, fylket og landet elles (utan Oslo) i 2012 og 2013, til å ligge under gjennomsnittet i 2014. I 2014 var andelen plassar til rehabilitering i Vaksdal 5,4 %, mens andelen i kommunegruppa, Hordaland og landet elles (utan Oslo) låg mellom 7 og 8 % i gjennomsnitt.

Einingsleiar for Heimetenesta meiner at kommunen har tilstrekkeleg tilbod om omsorgsbustader, korttidsplass, avlastning og rehabilitering med vidare til å bidra til at personar med pleie- og omsorgsbehov kan bu heime så lenge som mogleg. Kommunalsjef for Helse og omsorg opplyser i intervju om at sjølv om kommunen i dag har rimeleg god dekning når det gjeld omsorgsbustadar, vil behovet for slike bustadar auke framover. Kommunalsjefen opplyser at det er eit mål for kommunen å få til ei oppbygging av omsorgsbustadar. Ingen av omsorgsbustadane har i dag fast bemanning, og kommunen må vurdere behovet for dette når dei stadig får fleire eldre og mange med svakare helse i bustadane. Desse bustadane vil i følge kommunalsjefen vere eit betre alternativ for dei som kan klare seg i omsorgsbustadar framfor å nytte sjukeheim eller ha lang reiseveg.

6.3.3 Oversikt over hjelpebehovet i brukargruppa

I intervju blir det opplyst at alle nye brukarar får heimebesøk der det blir utført ei kartlegging av kva behov dei ulike brukarane har. I heimebesøka blir brukarane sine ressursar og funksjon kartlagt, ikkje berre problem og diagnosar. Det blir opplyst at kommunen no har lagt opp behovskartlegginga av brukane på ein ny måte for å sikre at brukarar ikkje sluttar å utføre oppgåver dei kan klare sjølv (sjå også kap 4 om kvardagsrehabilitering).

Dei som utfører tenestene registrerer status for brukarane i IPLOS. Forvaltningskontoret har diskusjonar med dei som arbeider med brukarane om kor ofte dei bør ha besøk heime og omfanget av tenestene. Behov for hjelp hos brukarar blir også vurdert etter at det er fatta vedtak om tenester og brukaren har mottatt dette ei stund. Frå kommunen blir det opplyst at alle vedtak får ein evalueringsdato i fagprogrammet. Forvaltningskontoret tek så ut oversiktslister kvar veke med kva vedtak som skal evaluerast. Denne lista blir også levert til Heimetenesta som gir tilbakemelding om kva tiltak som bør bli justerte, avslutta eller om det eventuelt er behov for nytt heimebesøk. Heimebesøk er gjerne aktuelt dersom det blir meldt om store behov for endringar i tenester. I intervju blir det vist til at det då hender at Forvaltningskontoret ser at ein brukar ikkje nødvendigvis treng meir hjelp, men kanskje kan klare seg sjølv med hjelpemiddel og den same hjelpa vedkomande har fått før.

Dei intervjuja i undersøkinga fortel at kommunen på denne måten har god oversikt over kva hjelpebehov brukarane har, og at oversikten over dette har blitt enda betre etter at det blei tilsett koordinatorar under avdelingsleiarane i april 2015 som skal ha særleg fokus på å sikre at nivået på tenestene er rett.

6.3.4 Ansvars- og oppgåvedeling

I intervju blir det peika på at ordninga med eit eige Forvaltningskontor med to tilsette under einingsleiar er riktig. Forvaltningskontoret har utarbeidd faste malar for kartleggingar, vurderingar og vedtak og det blir vist til at desse bidrar til ei tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling i Heimetenesta. Dei to tilsette kan diskutere tilbodet som blir gitt til brukarane og oppfatninga er at dette fører til likare behandling av brukarane sidan dei kan sjå alle vedtak i kommunen i høve til kvarandre. I intervju blir det også vist til at det kan vere ein fordel for utførarane at det er Forvaltningskontoret som bestemmer omfanget av tenestene.

I intervju blir det peika på at Forvaltningskontoret har mange og ulike oppgåver og at oppgåvene ikkje alltid er like klart avgrensa. Det blir vist til at omsorgsbehov som ikkje kan bli ivareteke med ordinær heimesjukepleie, praktisk bistand eller miljøarbeid, oftast må planleggast og skreddarsyast ved Forvaltningskontoret. Dei tilsette ved Forvaltningskontoret opplever at dei har ivaretatt mange oppgåver som egentleg høyrer heime under andre einingar på grunn av manglande kapasitet ved desse einingane. Ut over dette blir det ikkje vist til uklare ansvars- og oppgåvetilhøve i undersøkinga.

6.3.5 Tidsbruk i Heimetenesta

I 2013 blei det gjennomført ei organisasjonsendring i Heimetenesta der tre einingar innan tenestene blei samla til ei eining med base i Dale. Dei tilsette møter på denne basen kvar morgon og ettermiddag. I mai 2015 blei det gjennomført ei intern evaluering av korleis omorganisering har fungert. Av evalueringsrapporten¹³, går det fram moglege fordelar og ulemper ved organisasjonsendringa. Av fordelar blir det mellom anna vist til at endring av struktur ville kunne gje meir effektiv ressursbruk i eit heilskapleg perspektiv, ei meir robust teneste som er betre skikka til å ivareta intensjonane i samhandlingsreforma, meir likskap i tenesteytinga i heile kommunen og at større turnusgrupper med fleire ressursar å spela på bidreg til at det er lettare å få drifta til å gå opp. I evalueringa blir det vist til at moglege svakheiter ved ei omorganisering ville kunne vere mellom anna omstillingsutfordringar der dei tilsette må bruke fagkompetansen på ein annan måte enn i dag, at ein mister noko av fleksibiliteten mellom heimesjukepleie og praktisk bistand, og lengre kjøreveg for tilsette og høgare kjørekostnader.

I den interne evalueringa av omorganisering har dei tilsette sjølv fått vere med på å evaluere korleis dei opplever at omorganiseringa har vore. 28 tilsette har vurdert kva som har fungert bra, kvifor det har fungert bra, kva som kan bli betre og korleis det kan bli betre. Av svara går det fram at dei tilsette opplever at ein har oppnådd ynska effektar med omsyn til å få ein betre og meir robust teneste som er mindre sårbar for fråvær og store endringar hos brukarane. Betre samarbeid og auka kompetanse i tilsettgruppa blir også trekt fram som velfungerande.

¹³ «Evaluering. Omorganisering av heimesjukepleie og praktisk bistand frå soner til sentralisering av tenestene til Dale». Intern evalueringsrapport frå heimetenesta, 2015.

Når det gjeld kva som kan bli betre etter omorganiseringa, blir det mellom anna peikt på at det er behov for meir tilegna tid til primæroppgåver, at det forsvinn ein del tid i reisetid, og at det må setjast av nok tid til å hjelpe brukarar å hjelpe seg sjølv.

Leiar for heimetenesta opplyser at det blir ein del meir kjøretid for dei tilsette etter omorganiseringa med ein sentral base. Samtidig opplyser ho at omorganiseringa har fleire fordelar. Når dei tilsette møtast ein stad bidreg dette til å sikre lik vurdering av brukarane, samtidig som éin base også gjer det enklare å sikre rett kompetanse til brukarane og mogleg å ha meir fleksibel bruk av arbeidskrafta. Omorganiseringa sikrar også at det aldri berre er ein sjukepleiar åleine på vakt slik at dei kan ha fagleg støtte i ein kollega dersom dei er usikre på noko.

I samband med dei tilsette si evaluering av omorganisering blei det føreslått at nokon kan byrje ute i distrikta og arbeide seg inn mot basen, som tiltak for å unngå at det går uforholdsmessig mykje tid til kjøring.

Leiar for heimetenesta opplyser at kommunen har gjennomført «skrivebordvurderingar» av ansikt til ansikt tid med brukarane, der sentralt tilsette har vore involvert. Kommunen reknar 5,5 timar ansikt til ansikts tid med brukarane per tilsett for dagen, men har truleg meir ifølgje leiar av heimetenesta. Kommunen har likevel ikkje gjennomført konkrete målingar av ansikt til ansikt tid i heimetenesta utover «skrivebordvurderingane».

6.4 Vurdering

Etter revisjonen si vurdering er det ei tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling mellom dei som har ansvar for saksutgreiing og tildeling av tenester i kommunen og utøvarane av tenestene. Undersøkinga viser likevel at det kan vere behov for å avklare forvaltningskontoret sine oppgåver nærare opp mot andre tenesteeiningar i kommunen sitt ansvar.

KOSTRA-tal viser at Vaksdal kommune har ein høg dekningsgrad når det gjeld heimetenester. Kommunen ligg høgt når det gjeld tal innbyggjarar både i aldersgruppa 67-79 år og for aldersgruppa 80 år og over. Prosentdel av heimetenestemottakarane over 67 år med omfattande hjelpebehov er låg samanlikna med kommunegruppe, Hordaland og landet utanom Oslo. Tildeling av tenester skal alltid vere basert på ei vurdering som medfører ein rett. Behova til brukarane kan endre seg i begge retningar og revisjonen meiner derfor at kommunen sitt fokus på å evaluere vedtak er viktig og riktig. Høg dekningsgrad kan vere ein indikasjon på at nivået på tenestene i Vaksdal er høgare enn i andre kommunar.

Det er viktig at dei som arbeider i tenestene har lik oppfatning av kva som er riktig nivå på tenestene. Felles møtepunkt for dei tilsette er viktig i denne samanhengen. Revisjonen meiner det er positivt at det er etablert koordinatorstillingar i Heimetenesta med særleg ansvar for å følgje med nivået på tenestene.

Kommunen har ikkje gjennomført målingar av tidsbruken i Heimetenesta, men undersøkinga viser at leiinga likevel har gjort vurderingar av tidsbruken i tenestene og anslått at ansikt til ansikt tida med brukarane er på om lag 5,5 timar. Heimetenesta si eiga evaluering av organisasjonsendringa der det blei etablert éin base viser at det også her var fokus på at det går tid tapt i køyring i Heimetenesta sitt arbeid. Revisjonen vil peike på at ein base for Heimetenesta kan vere viktig med omsyn til å sikre lik forståing av brukarbehov og korleis tenestene skal utøvast, samt få ei robust teneste. Samtidig meiner vi det er viktig at Heimetenesta med jamne mellomrom vurdere korleis dei brukar tida i arbeidet og om det er mogleg å etablere fleksible løysingar som reduserer kjøretida for dei tilsette, men samtidig sikrar tilstrekkeleg kontakt mellom dei tilsette og mellom tilsette og leiinga i høve til å sikre lik og god tenestepraktis. Kommunen kan til dømes vurdere om det er mogleg å bruke videobaserte møteløysingar i enkelte tilfelle.

Når det gjeld tilbod om omsorgsbustader, korttids plass, avlastning og rehabilitering med vidare viser undersøkinga at leiinga i pleie og omsorg opplever at denne er tilstrekkeleg til å bidra til at personar med pleie- og omsorgsbehov kan bu heime så lenge som mogleg.

7 Kvalitet i Heimetenesta

7.1 Problemstilling

I dette kapitlet ser vi nærare på problemstillinga *I kva grad har kommunen system og prosedyrar for å sikre tilfredstillande kvalitet i Heimetenesta?*

7.2 Revisjonskriterier

7.2.1 Krav om internkontroll i pleie- og omsorgstenestene

Kravet om internkontroll i kommunale helse- og omsorgstjenester går fram av ei eiga forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta¹⁴. Eit viktig prinsipp er at internkontrollen skal tilpassast verksemda når det gjeld storleiken, eigenarten, aktivitetar og risikoforhold, samt ha eit omfang som er nødvendig for å etterleve krav fastsett i eller i medhald av sosial- og helselovgjevinga (jf. § 4, 1.ledd).

Av § 4, 2. ledd går det fram at «Internkontroll innebærer at den/de ansvarlige for virksomheten skal:

- a) beskrive virksomhetens hovedoppgaver og mål, herunder mål for forbedringsarbeidet samt hvordan virksomheten er organisert. Det skal klart fremgå hvordan ansvar, oppgaver og myndighet er fordelt,
- b) sikre tilgang til aktuelle lover og forskrifter som gjelder for virksomheten,
- c) sørge for at arbeidstakerne har tilstrekkelig kunnskap og ferdigheter innenfor det aktuelle fagfeltet samt om virksomhetens internkontroll,
- d) sørge for at arbeidstakerne medvirker slik at samlet kunnskap og erfaring utnyttes,
- e) gjøre bruk av erfaringer fra pasienter/tjenestemottakere og pårørende til forbedring av virksomheten,
- f) skaffe oversikt over områder i virksomheten hvor det er fare for svikt eller mangel på oppfyllelse av myndighetskrav,
- g) utvikle, iverksette, kontrollere, evaluere og forbedre nødvendige prosedyrer, instruksjer, rutiner eller andre tiltak for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelse av sosial- og helselovgivningen,
- h) foreta systematisk overvåking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt og bidrar til kontinuerlig forbedring i virksomheten.»

7.2.2 Kvalitet i tenestene

I tillegg til krav om internkontroll blir det for pleie- og omsorgstenester stilt egne krav om kvalitet i tenestene (jf. forskrift om kvalitet i tjenestetilbudet). I føremålet til denne forskrifta blir det vist at den «skal bidra til å sikre at personer som mottar pleie- og omsorgstjenester (...) får ivaretatt sine grunnleggende behov med respekt for det enkelte menneskets selvbestemmelsesrett, egenverd og livsførsel.» (jf. § 1 i forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene).

Forskrifta stiller i § 3 bestemte krav til at kommunen skal ha eit system av prosedyrar for å sikre at oppgåver og innhald i tenestene har tilstrekkelig kvalitet:

¹⁴ Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting etter lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene og etter lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.v.

«Kommunen skal etablere et system av prosedyrer som søker å sikre at:

- tjenesteapparatet og tjenesteyterne kontinuerlig tilstreber at den enkelte bruker får de tjenester vedkommende har behov for til rett tid, og i henhold til individuell plan når slik finnes
- det gis et helhetlig, samordnet og fleksibelt tjenestetilbud som ivaretar kontinuitet i tjenesten
- brukere av pleie- og omsorgstjenester, og eventuelt pårørende/verge/hjelpeverge, medvirker ved utforming eller endring av tjenestetilbudet. Den enkelte bruker gis medbestemmelse i forbindelse med den daglige utførelse av tjenestene.

For å løse dei oppgåvene som er nemnt over skal kommunen utarbeide skriftlege nedfelte prosedyrar som søkjer å sikre at brukarar av pleie- og omsorgstenester får tilfredsstilt grunnleggjande behov. I forskrifta står det mellom anna følgjande:¹⁵

- oppleve respekt, forutsigbarhet og trygghet i forhold til tjenestetilbudet
- selvstendighet og styring av eget liv
- fysiologiske behov som tilstrekkelig næring (mat og drikke), variert og helsefremmende kosthold og rimelig valgfrihet i forhold til mat
- følge en normal livs- og døgnrytme, og unngå uønsket og unødige sengeopphold
- få ivaretatt personlig hygiene og naturlige funksjoner (toalett)
- mulighet til selv å ivareta egenomsorg
- en verdig livsavslutning i trygge og rolige omgivelser
- nødvendig medisinsk undersøkelse og behandling, rehabilitering, pleie og omsorg tilpasset den enkeltes tilstand
- nødvendig tannbehandling og ivaretatt munnhygiene
- tilbud tilrettelagt for personer med demens og andre som selv har vanskelig for å formulere sine behov
- tilpasset hjelp ved måltider og nok tid og ro til å spise
- tilpasset hjelp ved av- og påkledning»

7.3 Datagrunnlag

7.3.1 Rutinar og prosedyrar i Heimetenesta

Vaksdal kommune har utarbeidd ei oversikt over alle eksisterande rutinar innanfor Heimetenesta og institusjonane. Av oversikta går det fram at kommunen har rutinar for tildeling av tenester, journalføring og rapportering, personalrutinar, samt rutinar og prosedyrar for avviksrapportering. Oversikta viser også at kommunen har prosedyre for korleis dei tilsette skal halde seg oppdatert på gjeldande regelverk innanfor pleie- og omsorgstenestene, med referanse til eigen lovperm der relevant regelverk ligg tilgjengeleg for dei tilsette. Rutineoversikta er datert 18.02.15, men av oversikt går det fram at ingen av rutinane er revidert etter 2011.

Rutineoversikta inneheld vidare rutinar for tiltak og oppgåver som skal utførast innanfor heimetenesta og institusjonane i kommunen. Av oversikta går det fram at kommunen har utarbeidd rutinar for mellom anna følgjande oppgåver:

- vanleg munnstell
- spesielt munnstell
- rutine for å sikre at pasient får nok mat og drikke
- rutine for å sikre at pasient kjem seg ut i frisk luft
- pleie og omsorg til alvorleg sjuke pasientar og omsorg for familien
- utstyr som brukar sjølv må ha til disposisjon i heimen
- møte med eksisterande brukar
- møte med ny brukar
- mottak av pasient frå sjukehus
- hygiene
- rutinar for oppfølging av pasientar med bestemte sjukdomsbilete (MS, Parkinson mv.)

¹⁵ Det er her gjengitt eit utval behov som revisjon har vurdert å vere relevante for det arbeidet som blir utført av Heimetenesta.

Rutinane for heimetenesta ligg tilgjengeleg for dei tilsette i fagprogrammet Profil. Fagprogrammet blir nytta dagleg av alle som arbeider i tenesta, til mellom anna å hente ut opplysningar om pasientar og til å dokumentere utført arbeid.

Det kjem fram i undersøkinga at leiar for heimetenesta meiner at dei rutinane og prosedyrane kommunen har, er dekkande for heimetenesta sitt arbeid. Samtidig meiner leiar det kan vere ei utfordring at det i Heimetenesta fort blir for mange skriftlege prosedyrar og rutinar dei tilsette skal kjenne til og arbeide i høve til. Det kan også vere utfordrande å sikre at alle tilsette veit kor dei finn prosedyrane i ein travel kvardag.

I samband med oversending av dokumentasjon blir det opplyst at kommunen har kjøpt inn eit dataverktøy, der mellom anna alle rutinar og prosedyrar skal leggjast inn. Det kjem fram at ein i liten grad er komme i gang med å få til ei god utnytting av det nye systemet. I intervju blir det opplyst at arbeidet med å få meir ut av verktøyet skal setjast i gang i løpet av hausten/vinteren.

Leiar for heimetenesta opplyser at rutinar og prosedyrar i heimetenesta ikkje har blitt revidert og oppdatert dei siste åra. Ifølgje leiar har det vore planlagt at rutinane og prosedyrane skal reviderast samtidig som dei blir lagt inn i det nye elektroniske systemet. Det blir opplyst at dette arbeidet ikkje er påbegynt, men at det er planlagt å komme i gang i løpet av hausten. Alle prosedyrar skal reviderast i samband med dette arbeidet.

Av dokumentasjonen revisjonen har motteke, går det fram at prosedyrane for avviksrapportering sist blei revidert i november 2003. Det blir opplyst i prosedyredokumentet at neste revisjon skulle finne stad i desember 2004. Det føreligg ikkje dokumentasjon av at prosedyrane for avviksrapportering blei revidert i desember 2004, eller at dei har blitt revidert på eit seinare tidspunkt.

Av kvartalsrapport for registrerte avvik for 1. kvartal 2014, går det fram at det er utvikla nye rutinar for legemiddelhandtering, som mellom anna inkluderer bruk av multidoser.

Avvikssystem

Som ein del av rutinane for Heimetenesta i Vaksdal kommune, er det utarbeidd prosedyrar for avviksrapportering. I prosedyrane er det definert følgjande kvalitetsmål for arbeidet med avviksrapportering i heimetenesta: *«Vi skaffar oss oversikt over avvik. Vi handterer avvik slik at vi lærer av avvik og heile tida forbetrar oss, - og kan førebyggje at same avvik oppstår fleire gonger.»*

Vidare er det i prosedyrane for avviksrapportering definert kva som er avvik, og når avvik skal rapporterast. Det er også lista opp åtte ulike skjema for avviksrapportering, som skal nyttast til å registrere ulike typar avvik som førekjem. Dei ulike typane avvik det er utarbeidd registreringsskjema for er følgjande:

1. feil og nesten feil i legemiddelhandsaminga
2. skader pasientar
3. nestenulykker
4. ulykker
5. skader personale
6. generelle avvik (t.d. feil v/elektromedisinsk utstyr, avvik frå vedtekne rutinar)
7. uønska tilhøve i arbeidssituasjon og arbeidsmiljø
8. avvik knytt til middag som brukarar kjøper gjennom kommunen.

I prosedyrane er det stegvis gått gjennom den nærare framgangsmåten for korleis dei tilsette skal utføre avviksregistreringa, og det er gjort greie for kven i heimetenesta som har ansvar for kva steg i prosessen knytt til avviksregistrering.

Det blir opplyst at registrerte avvik og oppfølging med korrigerande tiltak blir brukt som ein del av opplæringa til tilsette i heimetenesta. Av prosedyrane kjem det også fram at dei ulike involverte i avviksrapporteringa (tilsette, avdelingsleiar, einingsleiar) skal evaluere eigen innsats når det kjem til ulike oppgåver ein har i rapporteringsprosessen. Det går ikkje fram når og kor ofte sjølvevalueringa skal gjennomførast.

Ein gjennomgang av avviksrapportar frå 2013 og 2014¹⁶, viser ei stor overvekt av avvik knytt til feil eller nesten feil i legemiddelhandsaminga. Sidan 2. kvartal 2013, har talet på medisinske avvik per kvartal loge mellom ca. 100 og 150. Vidare er det registrert ein del avvik knytt til manglande personale i høve avvikling av ferie, med

¹⁶ 1.-3. kvartal 2014

tilhøyrande oppdrag som ikkje har blitt utført. Det førekjem elles avvik knytt til ulike uønska tilhøve, men i mindre omfang. For alle dei registrerte avvika, er det dokumentert tiltak som skal setjast inn, samt korleis desse tiltaka skal følgjast opp.

I avviksrapportane blir årsakene dei tilsette opplyser om i avviksrapporteringa gått gjennom. Årsaker til avvik som kjem fram i dei kvartalsvise avviksrapportane, er høgt tal vikarar på jobb i samband med ferieavvikling, betre rutinar for rapportering som gjer at fleire avvik blir registrert, for dårleg opplæring, samt for travel arbeidskvardag.

Revisjonen har fått opplyst at innføring av nettbrett til bruk for dei tilsette i 2014 har ført til færre avvik i tenestene. Nettbretta har gjort det enklare å halde oversikt over arbeidsoppgåver, samt å registrere gjennomførte arbeidsoppgåver samtidig som dei blir gjort.

Opplæring i rutinar og prosedyrar

Heimetenesta i Vaksdal kommune har utarbeidd eit opplæringshefte for alle nytilsette, under dette vikarar, elevar, lærlingar og studentar¹⁷. Heimetenesta hadde ein gjennomgang av rutinar for alle tilsette før sommaren 2015 med utgangspunkt i dette heftet. I samband med gjennomgangen tok dei utgangspunkt i dei avvika dei har hatt i eininga og la særleg vekt på rutinane som var aktuelle i høve til dette.

Opplæringsheftet inneheld oversikt over kva nytilsette i heimetenesta skal ha kjennskap til og kunnskap om. Innleiingsvis blir forventningar til dei tilsette, målsetting for arbeidet i heimetenesta og oversikt over organisasjonen og kontaktpersonar gjort greie for. Vidare tar heftet for seg kven som er kvalifisert til å dele ut medisiner, og korleis arbeidet i tenesta skal dokumenterast. Opplæringsheftet inneheld også erklæring om teieplikt som nytilsette må signere.

I opplæringsheftet er det vidare skildra praktiske arbeidsrutinar for dei ulike vaktskifta, samt arbeidsrutinar for hygiene, påkledning, arbeidsstillingar og transport i tenesta. Opplæringsheftet inneheld også ei sjekkliste for opplæring av vikarar/nytilsette i heimetenesta, med avsjekk av at dei ulike emne i opplæring er gjennomgått og der den nytilsette også skal vurdere om vedkommande føler seg tilstrekkeleg trygg på at ein har fått nok opplæring i kvart emne. I tillegg inneheld opplæringsheftet utvalde rutinar frå kommunen si rutinehandbok. I opplæringsheftet er følgjande rutinar gjengitt: rutine for teieplikt, kva ein skal gjere når ein ikkje får kontakt med brukar, møte med brukar, møte med medarbeidar, avviksrapportering, oppdateringsansvar for lov og forskrift, kva utstyr brukar må ha til disposisjon, reingjering, samt retningslinjer ved nødvendig bruk av tvang.

Leiar for heimetenesta opplyser at kommunen har eit opplegg for regelmessig gjennomgang av rutinar med dei tilsette.

7.3.2 Brukarundersøkingar

I samband med oversending av dokumentasjon, opplyser kommunen at det ikkje er gjennomført brukarundersøkingar blant mottakarar av heimetenester i kommunen i løpet av dei siste 6 åra. Det er heller ikkje gjennomført andre undersøkingar med det føremål å få oversikt over kva erfaringar og opplevingar brukarar har med Heimetenesta i kommunen.

Leiar for heimetenesta opplyser at det har blitt diskutert å gjennomføre brukarundersøkingar, men at det har blitt prioritert at ein i første omgang berre skal gjennomføre brukarundersøkingar på korttidsavdelinga på sjukeheimen. For neste år er det likevel planlagt at ein for å innhente brukar erfaringar i heimetenesta, skal halde pårørandemøte med pårørande til mottakarar av heimetenester. I tillegg skal heimetenesta også involvere pårørandegruppe for demenspasientar i eit nytt prosjekt som er i oppstart.

7.3.3 System for å sikre vedtak på rett nivå

Som nemnt i kap. 6.3.3 har kommunen prøvd ut ei ny ordning med koordinatorar for å sikre riktig hjelp til brukarane til ei kvar tid. Dette er to koordinerande sjukepleiarar under avdelingsleiarane i Heimetenesta, tilsett i april 2015, som har ansvar for å følgje opp og ha oversikt over arbeidslister og om helsetilstanden til brukarane har blitt betra eller forverra. Tanken bak denne organiseringa er at koordinerande sjukepleiar med særleg ansvar for helsetilstanden til brukarar, betre vil kunne sjå risiko knytt til kvar enkelt brukarar og dermed vil kunne gjere det enklare å handtere raske endringar betre. Det blir opplyst at dei første erfaringane med ordninga er gode, og både avdelingsleiar og Forvaltningskontoret opplever at heimetenesta no har fått betre kontroll på endringar i helsetilstanden hos brukarane.

¹⁷ «Opplæring i heimesjukepleien for nytilsett, vikar, student og elev!! Vaksdal kommune». Revidert mars 2014.

Forvaltningskontoret opplyser at betre kontroll over endringar hos brukarane gjer det enklare å sørge for at vedtak blir mest mogleg rett til ei kvar tid.

7.3.4 Sikring av kompetanse i Heimetenesta

Oversikt over kompetansebehov og kompetanseutvikling

Vaksdal kommune har utarbeidd ein kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene for perioden 2013-2016. Av kompetanseplanen går det fram at kommunen gjennom «*eit systematisk arbeid med rekruttering og utdanning av sjukepleiarar og hjelpepleiarar/omsorgsarbeidarar etter desentralisert modell, fått ein god andel personell med fagutdanning. Dette arbeidet vil halda fram også i denne planperioden*».

I planen blir det vist til at kommunen for å sikre best mogleg kvalitet i tenesteutøvinga framover, vil halde fram med arbeid med å stimulere personell til å ta fagutdanning, både på vidaregåande nivå og høgskulenivå. Det blir også vist til at kommunen ynskjer å ha deltakarar på kurs i regi av helseføretaka, innanfor avansert sjukepleieteneste i kommunehelsetenesta og i omsorgsteknologi. Av planen går det også fram at kommunen vil vidareføre rekrutteringstiltak for sjukepleiarar og vernepleiarar, for å sikre tilstrekkeleg kompetanse.

På bakgrunn av vurdering av krav stilt i Samhandlingsreforma til kommunehelsetenesta, har kommunen som ein del av kompetanseplanen utarbeidd oversikt over kor stort omfang av personell det vil vere behov for innanfor ulike område av tenesta for kvart år frå 2013 til 2016. I oversikta er det også synleggjort kor store beløp det vil vere behov for årleg til kursdeltaking for å sikre kompetanseheving innan kreftbehandling, diabetes, ernæring, respirasjon mv..

I samband med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen, opplyser kommunalsjef at heimetenesta er godt dekt med personale med kompetanse innan palliasjon, men at ein manglar spesialkompetanse innanfor både kreft og diabetes. Det blir derfor drive vidareutdanning for å skaffe denne kompetansen til kommunen. Vidareutdanning i rehabilitering er det fleire tilsette som har tatt, mens nokre tilsette har tatt vidareutdanning innan omsorgsteknologi.

7.4 Vurdering

Dei eksisterande rutinane og prosedyrane til Heimetenesta har ikkje blitt revidert i løpet av dei siste åra, men det er planlagt ein større gjennomgang av desse i samband med overgang til elektronisk internkontrollsystem. Etter revisjonen si vurdering er det viktig at det planlagde arbeidet med revisjon av rutinar og prosedyrar blir sett i gang og gjennomført, for å sikre at desse er oppdatert i høve til gjeldande regelverk og interne behov.

Etter revisjonen si vurdering, har kommunen etablert tilfredsstillande system for registrering av avvik. Det er etablert tydelege rutinar for avviksmelding, samt eigne registreringsskjema for ulike typar avvik som gjer det enkelt for dei tilsette å melde inn riktig avvik. Revisjonen meiner at kommunen gjennom avvikssystemet som er etablert sikrar oversikt over område i verksemda der det er fare for svikt eller mangel på oppfylling av krav i regelverket, jf. § 4, 2. ledd i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Revisjonen meiner vidare at det er positivt at avvika som blir meldt inn blir brukt som grunnlag for opplæring for dei tilsette, og at det i avviksrapportar blir definert tiltak og oppfølging for å utbetre identifiserte feil og manglar.

Revisjonen vil peike på at ein føresetnad for å kunne rapportere avvik er tydelege og oppdaterte rutinar.

8 Tildeling av heimetenester

8.1 Problemstilling

I dette kapitlet ser vi nærare på problemstillinga *Fungerer tildeling av heimetenester i samsvar med gjeldande krav i regelverk til sakshandsaming?*

8.2 Revisjonskriterium

I helse- og omsorgstjenestelova § 2-2 blir det slått fast at forvaltningslova gjeld for kommunen si verksemd innanfor helse og omsorg. Det vil sei at tildeling av tenester blir vurdert som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, b) altså «et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer». Reglane i forvaltningslova gjeld ved tildeling av heimebaserte tenester.

Forvaltningslova stiller ei rekkje krav til sakshandsaming i kommunen i samband med enkeltvedtak. Mellom anna skal kommunen:

- førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald (§ 11a)
- gje førebels svar dersom det tar meir enn 1 månad å avgjere saka (§ 11a)
- grunngje vedtak (§§ 24 og 25)
- gje skriftleg melding om vedtak og opplysningar om klagetilgang m.v. (§§ 23 og 27)

Av forvaltningslova § 23 går det fram at eit enkeltvedtak i all hovudsak skal vere skriftleg. Vidare går reglar om grunngjeving fram av forvaltningslova §§ 24 og 25. Ifølgje § 24 første ledd skal eit enkeltvedtak bli grunngjeve, medan det av § 24 andre ledd går fram at forvaltningsorganet kan la vere å gi ei *samtidig grunngjeving* i saker om «fordeling av tillatelse eller andre fordeler mellom flere parter.» Ein part kan likevel krevje at ei grunngjeving blir gitt etter at vedtaket er fatta. Bernt peiker i ein lovkommentar på at «§ 24 fastsetter bare når parten har rettslig krav på å få skriftlig begrunnelse. Det er intet i veien for at myndighetene gir begrunnelse selv om parten ikke har krav på det. Det vil følge av prinsippene for god forvaltningsskikk at myndighetene i noen grad må begrunne avgjørelser og uttalelser ut over det som følger av § 24 direkte.»¹⁸

Ifølgje § 25 første ledd skal det i grunngjevinga av enkeltvedtak visast til dei reglar vedtaket byggjer på, med mindre parten kjenner reglane. Det går vidare fram at dersom det er nødvendig for å sette parten i stand til å forstå vedtaket, skal grunngjevinga gjengi innhaldet av reglane vedtaket byggjer på. Av § 25 andre ledd går det fram at «I begrunnelsen skal dessuten nevnes de faktiske forhold som vedtaket bygger på. Er de faktiske forhold beskrevet av parten selv eller i et dokument som er gjort kjent for parten, er en henvisning til den tidligere framstilling tilstrekkelig.» Vidare går det fram at «De hovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av forvaltningsmessig skjønn, bør nevnes. Er det gitt retningslinjer for skjønnsutøvingen, vil i alminnelighet en henvisning til retningslinjene være tilstrekkelig.»

Av forvaltningslova § 27 går det fram at det forvaltningsorgan som har fatta vedtaket, skal sørgje for at partane blir underretta om vedtaket så snart som mogleg, og at det i underretninga skal opplysast at det er mogleg å klage, klagefrist, klageinstans og nærare om framgangsmåte ved klage, samt om retten etter § 18, jfr § 19 til å sjå dokumenta i saka.

I pasient- og brukarrettslova står det følgjande om frist for å klage i §7-5:

«Fristen for klage etter § 7-2 er fire uker etter at vedkommende fikk eller burde ha fått tilstrekkelig kunnskap til å fremme en klage»

¹⁸ www.rechtsdata.no. Note (658). Ved Jan Fridthjof Bernt. Noten er sist hovedrevidert 14.03.2014.

8.3 Datagrunnlag

8.3.1 Rutinar, prosedyrar og malar

Undersøkinga viser at leiar for Heimetenesta har ansvar for å fatte vedtak om tildeling av tenester.¹⁹ I intervju blir det opplyst at Forvaltningskontoret jobbar tett med Heimetenesta om å vurdere og saksutgreie tildelinga av tenester. Saman drøfter dei saker og tilbod for å sikre at dei gjev rett hjelp til brukarane. Det blir opplyst at Forvaltningskontoret har kort sakshandsamingstid, og saker blir handsama fortløpande. Alle søknadar blir registrert i fagprogrammet kontoret nyttar, og kvar veke blir det tatt ut lister over søknadar som ikkje er handsama. Desse søknadane blir følgt opp av sakshandsamarane.

Kommunen utarbeidde i 2012 dokumentet «Rutiner for Helse- og omsorgstenestene i Vaksdal kommune»²⁰. Dette dokumentet inneheld mellom anna prosedyrar for sakshandsaming og tildeling av helse- og omsorgstenester i kommunen, serviceerklæringar for kvar av dei ulike delane av heimetenesta, og vedtaksmalar knytt til alle dei ulike tenestetypene innanfor helse og omsorg.

Av sakshandsamingsprosedyrane går det fram at den som har behov for tenester skal sende søknad til Forvaltningskontoret, som vidare skal rettleie og informere søkjarane om tenestene og sakshandsamingsprosessen. Anna helsepersonell kan hjelpe til med å søkje om tenester dersom brukar har behov for det. Prosedyrane slår vidare fast at det skal fattast vedtak for alle iverksette tiltak etter helse- og omsorgstenestelova ifølgje reglar om enkeltvedtak i forvaltningsloven og pasient- og brukarrettighetsloven, samt etter gjeldande forskrifter. Det går og fram av prosedyrane at det er mogleg å klage på alle vedtak om tenester, og at det skal opplysast om dette i vedtaket.

Sakshandsamingsprosedyrane inneheld vidare kriterium for tildeling av tenester. Av desse går det fram at tildeling skal gjerast på bakgrunn av faktisk funksjonsnivå og ikkje diagnose eller alder, at alle vedtak skal ha ei skjønsmessig vurdering basert på det totale behovet for tenester, og at tenester skal innvilgast ut frå normtider for dei ulike tenestene.

Rutinedokumentet inneheld også vedtaksmalar, og desse viser til kor i helse- og omsorgstenestelova dei ulike tenestene er heimla. Vidare er det i malane satt opp eit eget avsnitt der vedtaket skal grunngjevast, med tilvising til dei tildelingskriteria som er fastsett i sakshandsamingsprosedyrane. I tillegg er det i malane inkludert eit punkt om at det er mogleg å klage på vedtaket, kva som er rett klageinstans, kva som er den nærare framgangsmåten ved klage, samt at klagefristen er fire veker, jf. pasient- og brukarrettslova. I vedtaksmalane ligg det også eit eige punkt om retten etter § 18, jfr § 19 til å sjå dokumenta i saka.

8.3.2 Stikkprøver av vedtak om tildeling av tenester

Revisjonen har gjennomført ein stikkprøvegjennomgang av sakshandsaming i samband med vedtak om tildeling av praktisk bistand/heimehjelp og heimesjukepleie²¹. For alle dei 20 stikkprøvene revisjonen har gått gjennom, er enkeltvedtak skriftleggjort, jf. forvaltningslova § 23. Vidare er alle vedtaka grunngjeve i tråd med dei krava som blir stilt i forvaltningslova §§ 24 og 25. Dette gjeld både vedtak der dei tenestene det er søkt om blir innvilga og vedtak der det blir gitt avslag.

Når det gjeld informasjon om at det er mogleg å klage, klagefrist, klageinstans og nærare framgangsmåte ved klage, er det i alle vedtaksbreva revisjonen har sett på informert om dette, jf. krav i forvaltningslova § 27. I to vedtaksbrev frå første halvdel av 2012 er det opplyst at klagefristen er tre veker, jf. forvaltningslova § 29. I dei resterande vedtaksbreva, datert frå andre halvdel av 2012 og fram til dags dato, er det opplyst at klagefristen er fire veker. Forvaltningskontoret har opplyst at årsaka til ulike opplysningar i vedtaka er knytt til klagefrist er at dei oppdaterte rutiane sine i 2012 og etter denne gjennomgangen endra praksis i tråd med gjeldande regelverk.

I alle dei 20 vedtaksbreva revisjonen har sett på, er det informert om retten etter § 18, jfr § 19 til å sjå dokumenta i saka.

¹⁹ Jf. delegasjonsreglement.

²⁰ «Rutiner for helse- og omsorgstenestene i Vaksdal kommune», 14.11.2012.

²¹ Revisjonen har sett på ni stikkprøver knytt til vedtak om heimesjukepleie, seks stikkprøver knytt til vedtak om heimehjelp, og fem stikkprøver knytt til vedtak om praktisk bistand.

Når det gjeld sakshandsamingstid, viser stikkprøvegjennomgangen at 16 av 20 saker er avgjort utan ugrunna opphald, og utan behov for førebels svar, jf. krav i forvaltningslova § 11a. I tre saker revisjonen har sett på, er søknad om heimetenester ikkje datert. Dermed er det ikkje sakshandsamingstida sporbar, og det er ikkje mogleg å seie sikkert om det ev. burde ha vore sendt førebels svar til søkjar, jf. krav i forvaltningslova § 11a.

Det blir opplyst i intervju at kommunen har få klagesaker innanfor Heimetenesta, men at det har vore nokre saker som er blitt omgjort etter handsaming hos fylkesmannen. Revisjonen har fått opplyst at kommunen har tre klagesaker i gjennomsnitt per år når det gjeld tildeling av heimetenester og at fylkesmannen sine vedtak blir gjennomgått ved Forvaltningskontoret.

8.4 Vurdering

Etter revisjonen si vurdering, har Vaksdal kommune etablert prosedyrar og vedtaksmalar som i stor grad bidrar til etterleving av gjeldande regelverk for sakshandsaming når det kjem til tildeling av heimetenester. Revisjonen meiner kommunen utformar vedtak som tek omsyn til krav i forvaltningslov og pasient- og brukarrettslova om skriftleggjing, grunngjeving, underretting om klageåtgang, -frist, -instans og nærare framgangsmåte ved klage, samt om retten til å sjå dokumenta i saka.

9 Konklusjon og forslag til tiltak

Undersøkinga viser at Vaksdal kommune har hatt aukande kostnadsutvikling for Heimetenestene dei siste åra. Budsjetta har ikkje blitt halde og det blir opplyst at årsakene til dette er knytt til at det har vore behov for meir tenester enn det budsjettet har lagt opp til. Revisjonen meiner at kommunen har sett i verk mange gode tiltak knytt til å både redusere kostnader og betre tenestene.

Etter revisjonen si vurdering er Heimetenesta sitt forbedringspotensiale i hovudsakt knytt til å sikre oppdaterte rutinar og prosedyrar. Revisjonen meiner at oppdaterte rutinar vil bidra til å redusere risikoen for feil og manglar i arbeidsprosessane. Vi vil derfor anbefale at Vaksdal kommune:

1. Snarleg gjennomfører det planlagde arbeidet med revisjon av rutinar og prosedyrar og på denne måten sikre at desse er oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og interne behov.
2. Jamleg vurderer korleis dei brukar tida i arbeidet og om det er mogleg å etablere fleksible løysingar som reduserer køyretida for dei tilsette, men som samtidig sikrar tilstrekkeleg kontakt mellom dei tilsette og god tenestepraksis.
3. Arbeider vidare med å finne og sette i verk tiltak som kan bidra til å redusere sjukefråværet ned til det nivået som er fastsett i måla for Heimetenesta.
4. Vurderer om det er behov for å avklare nærare Forvaltningskontoret sine oppgåver opp mot andre tenesteeiningar i kommunen.

Vedlegg 1: Høringsuttale

Høringsuttale frå rådmannen vil bli ettersendt

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Helse- og omsorgsdepartementet: *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven)*. 2011.
- Helse- og omsorgsdepartementet: *Lov om pasient- og brukerrettigheter* (pasient- og brukerrettighetsloven). 1999
- Helse- og omsorgsdepartementet: *Forskrift om kommunal betaling for utskrivingssklare pasienter*, sist endret 1.1.2015.
- Helse- og omsorgsdepartementet: *Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene*, 2003.
- Helse- og omsorgsdepartementet: *Forskrift om en verdig eldreomsorg*, 2011.

Dokument frå sentralt mynde

- Helse- og omsorgsdepartementet, St.meld. nr. 47 (2008-2009): *Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid*.
- KS: Veileder for beregning av enhetskostnader i pleie- og omsorgstjenester.
- St. meld. nr. 50 (1996-1997) Handlingsplan for eldreomsorgen. Trygghet - respekt - kvalitet, kapittel 3.4, Sammendrag og konklusjon.
- St.prp.nr 1 (2007-2008) Programkategori 10.60.
- St.meld. nr. 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening.
- Kommuneproposisjonen 2012 – Prop. 115S.

Dokument frå Vaksdal kommune:

- «Økonomiplan 2015-2018. Budsjett 2015». Vedteke i kommunestyret 15.12.14.
- «Kommunedelplan helse og omsorg. Framlegg til planprogram». Lagt fram i kommunestyret 15.12.14.
- «Rutiner for Helse- og omsorgstjenestene i Vaksdal kommune». 14.11.12
- «Kvalitetssikring. Institusjon og Heimetenesta Vaksdal kommune. Rutinar». 18.02.2015.
- «Evalueringsplan. Omorganisering av heimesjukepleie og praktisk bistand frå soner til sentralisering av tenestene til Dale». 2015.
- «Kompetanseplan Helse- og omsorg 2013-2016». Ikke datert.
- «Opplæring i heimesjukepleien for nytilsett, vikar, student og elev!! Vaksdal kommune». Mars 2014.
- «Mestring og deltaking – heile livet», prosjektskisse. Mars 2015.
- Årsmeldingar for Vaksdal kommune 2011-2014.
- Tertialrapportar for Heimetenesta, 1. tertial 2014 – 2. tertial 2015.
- Avviksrapportar for Heimetenesta, 1. kvartal 2013 – 3. kvartal 2014.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2015 Deloitte AS



Deloitte AS
Gasemyr, Kari (NO - Bergen)

Referanser:

Dykkar:
Vår: 15/1450 - 15/5958

Saksbehandlar:

Trine Pettersen Grønbech
trine.gronbech@vaksdal.kommune.no

Dato:

30.09.2015

Forvaltningsrevisjonsrapport - Heimetenesta -høyringsuttale frå rådmannen

Rådmannen viser til framlagte Forvaltningsrevisjon for Heimetenesta. Det er å merke at tida frå rådmannen fekk rapporten til Kontrollutvalet si handsaming berre er seks dagar, rådmannen legg til grunn at dette er ei særskilt hending.

Med bakgrunn i det utfordringsbiletet me ser for heile helse- og omsorgstenesta, ville det vore turvande at rapporten i større grad også omtalte korleis eining for Heimetenesta er ein del av det heilskapelege tenestetilbodet pleie- og omsorg.

Rådmann er elles samd i tilrådingane i rapporten og dei konkrete tiltaka som er foreslått.

Eigne strategiar og prosessar er då også i samsvar med desse.

Rådmannen viser mellom anna til at mål for helse- og omsorg er omtalt i økonomiplan 2016 – 2019. Mål og retning for helse- og omsorgstenestene våre går også fram av framlegg til kommunedelplan helse- og omsorg som no er fremja for politisk handsaming.

Vidare viser rådmannen til prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» som vart sett i gong som forprosjekt i 2015 med tittelen «Meistring og deltaking – heile livet». Grunnen for satsinga er det framtidsbiletet me ofte vert minna på: Det vert fleire som skal ha hjelp, men mindre ressursar og færre hjelparar og dei faglege krava er i monaleg rask utvikling. Det vert også uttrykt at problemstillingane rundt eit auka tal eldre ikkje berre kjem av at det vert fleire brukarar, men av at helse- og omsorgstenestene ikkje i stor nok grad evnar å tenkja nytt og utvikla nye metodar. Vaksdal kommune ønskjer å ta konsekvensen av dette, og me ønskjer å vera ein av dei kommunar som evnar å utvikla seg i takt med tida. Me set derfor i gang forprosjektet for å utgreia korleis teknologi kan bidra til at innbyggjarane og brukarane av helse- og omsorgstenester får eit liv der dei kan delta aktivt og meistra mest mogeleg sjølv. I dette ligg også at me vil nytta tilgjengelege ressursar på beste og rettaste måte.

Rådmannen takkar for rapporten og samarbeid undervegs.

Med helsing

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967

Trine Pettersen Grønbech
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Mottakrar:
Deloitte AS



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2015	Kontrollutvalet	PS	01.10.2015
70/2015	Kommunestyret	PS	09.11.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 217	14/1802

SELSKAPSKONTROLL VAKSDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Eigarskapskontroll Vaksdal 2015

Framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre tek selskapskontrollen til etterretning.

Kontrollutvalet - Sak 10/2015

KONT - Behandling:

Selskapskontrollen blei gjennomgått av Deloitte. Deloitte beklaga sein levering i forhold til prosjektplanen. Dette av personellmessige årsaker.

Revisjonen tilrår at Vaksdal kommune set i verk fylgjande tiltak:

- Utarbeide ei eigarskapsmelding som jamleg blir oppdatert
- Formulere ein eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig
- Årleg informasjon til kommunestyret om eigarskapa til kommunen, slik at dei folkevalde er kjent med eigarskapsforvaltninga til kommunen
- Utarbeide retningslinjer for utøving av styreverv som medverkar til å klargjere rolle og mandat
- Sikre at alle folkevalde og styrerepresentantar får tilstrekkeleg opplæring knytt til dei ulike aspekta ved eigarskapsforvaltning og styrearbeid
- Sørgje for at styrerepresentantar blir registrert i Styrevervregisteret

Rådmannen er samd i tilrådingane i rapporten og dei konkrete tiltaka som er foreslått.

KONT - Tilråding:

Vaksdal kommunestyre tek selskapskontrollen til etterretning, og ber rådmannen fylgje opp tilrådingane i rapporten. Kommunestyret ber om ein tilbakemelding med status innan utgangen av 2016.

Saksopplysningar:


I sak 10/14 i 2014 blei det vedteke å bestille selskapskontroll av Deloitte basert på "Plan for selskapskontroll 2012-2015".

Representant frå Deloitte vil ha ein gjennomgang av kontrollen i møtet. Denne syner at selskapa kommunen har eigardelar i oppfyller lovkrava i høve til kontrollpunkta, og det er derfor ikkje gitt nokre anmerkningar.

The Deloitte logo, consisting of the word "Deloitte" in a bold, dark blue sans-serif font, followed by a small green dot.

Vaksdal kommune
Eigarskapskontroll

Selskapskontroll | September 2015



«Eigarskapskontroll»

September 2015

Rapporten er utarbeidd for Vaksdal
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no

Innhold

1. Samandrag	4
2. Innleiing	6
3. Eigarskapsmelding- og strategiar	8
4. Opplæring av folkevalde	14
5. Kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorgana	15
6. Val av representantar og samansetting av styre	17
7. Konklusjon og tilrådingar	20
Vedlegg 1: Høyringsuttale	21
Vedlegg 2: Kontrollkriterium	22
Vedlegg 3: Sentrale dokument	27

1. Samandrag

Deloitte har gjennomført ein Selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga i Vaksdal kommune. Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere kva system og rutinar Vaksdal kommune har for å forvalte sine eigarskap i selskap dei har eigarinteresser i. Selskapskontrollen fokusere særleg på i kva grad KS sine retningslinjer for eigarskapsforvaltning er følgt opp av kommunen.

Eigarskapskontrollen syner at Vaksdal kommune ikkje har utarbeidd eigarskapsmelding eller andre rutinar og retningslinjer for eigarskapsforvaltninga til kommunen. Revisjonen meiner dette ikkje er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak frå 2012 eller med KS sine tilrådingar knytt til god eigarskapsforvaltning. Revisjonen merkar seg at størrelsen på eigarskapa er varierende, likevel meiner revisjonen at kommunen bør vere tydeleg på kvifor kommunen eig dei ulike selskapa og korleis kommunen ønskjer å følgje opp dei einskilde selskapa. Dette kan variere mellom selskapa. Revisjonen vil derfor tilrå at Vaksdal kommune set i verk følgjande tiltak:

1. Utarbeider ei eigarskapsmelding som jamleg blir oppdatert. Ei eigarskapsmelding kan mellom anna omfatte kva selskap kommunen eig, kvifor kommunen har eigardelar i selskapet, kven som er representert frå kommunen i dei styrande organa og korleis kommunen ønskjer å følgje opp selskapa.
2. Kommunen bør formulere ein eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig. Omfanget av denne strategien kan tilpassast eigardel i dei einskilde selskapa, men det bør gå fram kvifor kommunen eig selskapet og kva forventningar kommunen har til eigarskapet i framtida. Eigarskapsstrategi for dei einskilde selskapa kan gjerne gå fram av eigarskapsmeldinga.
3. Kommunen bør årleg informere kommunestyret om eigarskapa til kommunen slik at dei folkevalde er kjent med eigarskapsforvaltninga til kommunen. Dette kan mellom anna gjerast ved å legge fram eigarskapsmeldinga og eventuelt årsmeldingane til selskapa årleg for kommunestyret. Rutinar for dette kan gå fram av eigarskapsmeldinga.
4. Utarbeide retningslinjer for kva kriterium som skal leggjast til grunn ved val av styrerepresentantar. Dette kan gjerne inngå som ein del av eigarskapsmeldinga.
5. Utarbeide retningslinjer for utøving av styreverv som medverkar til å klargjere rolle og mandat. Desse kan gjerne inngå som ein del av eigarskapsmeldinga.
6. Sikre at alle folkevalde og styrerepresentantar får tilstrekkeleg opplæring knytt til dei ulike aspekta ved eigarskapsforvaltning og styrearbeid.
7. Sørgje for at styrepraesentantar blir registrert i Styrevervregisteret enten ved at kommunen og kommunale selskap melder seg inn, eller at dei einskilde styrerepresentantar registrerer seg.

2. Innleiing

2.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i Vaksdal kommune gjennomført ein selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga i Vaksdal kommune. Tema for denne selskapskontrollen er den overordna eigarskapsforvaltninga til Vaksdal kommune, og ikkje drifta i dei einskilde selskapa.

2.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere kva system og rutinar Vaksdal kommune har for å forvalte sine eigarskap i selskap dei har eigarinteresser i. Selskapskontrollen fokuserer særleg på i kva grad KS sine retningslinjer for eigarskapsforvaltning er følgt opp av kommunen. Følgjande overordna problemstillingar er undersøkt:

1. I kva grad har kommunen utarbeidd ei **eigarskapsmelding** eller andre system og rutinar der kommunen sine føringar på område er gjort kjent?
2. I kva grad har kommunen **klare mål og strategiar** for eigarskapa sine?
 - a. Er det etablert eigarstrategiar for kvart av selskapa kommunen har eigarskap i?
 - b. Blir selskapsavtalar og/eller vedtekter jamleg revidert
 - c. I kva grad har kommunen etablert rutinar og retningslinjer for å føre kontroll med sine eigarinteresser og i kva grad blir desse eventuelt etterlevd?
3. I kva grad har kommunen gjennomført **opplæring** av folkevalde knytt til eigarskapsforvaltninga til kommunen?
4. I kva grad er det etablert **system og rutinar for kommunikasjon** mellom kommunestyret og eigarorgana i selskapa kommunen har eigarskap i?
 - a. I kva grad er det etablert rutinar for kommunikasjon i forkant av generalforsamling?
 - b. I kva grad blir det gjennomført eigarmøte?
5. I kva grad har kommunen rutinar for **val av representantar og samansetting av styre** som sikrar ei forsvarleg forvaltning av eigarskapa?
 - a. Kva rutinar har kommunen etablert for utnemning av eigarrepresentantar og val av styremedlemmar i selskap kommunen har eigarskap i?
 - b. Har kommunen rutinar for å vurdere samansetting av styre?
 - c. I kva grad sikrar kommunen at styremedlemmane får tilstrekkeleg med opplæring, spesielt knytt til styrearbeid, selskapsrett og etikk?
 - d. I kva grad har kommunen sett krav til selskapsstyra om kompetansevurdering, eigenevaluering, instruks for styret, opplæring og årleg plan for styret?

2.3 Metode

Selskapskontrollen har blitt gjennomført i samsvar med kapittel 6 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar og RSK 001 (standard for forvaltningsrevisjon).

2.3.1 Dokumentanalyse

Innsamla dokumentasjon og kjeldemateriale i form kommunale styringsdokument, relevant selskapsinformasjon, og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar og regelverk m.m. har blitt analysert. Innsamla kjeldemateriale har blitt vurdert i forhold til kontrollkriteria.

2.3.2 Intervju

For å få innsikt i eigarskapsforvaltninga til kommune har revisjonen gjennomført intervju med assisterande rådmann og ordførar i kommunen.

2.3.3 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervjuet er sendt til dei som er intervjuet for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten. Rapporten er sendt på verifisering og høyring til rådmannen. Høyringsuttalen er lagt ved rapporten.

2.4 Kontrollkriterium

Kontrollkriteria er dei krav og forventningar som observasjonane skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er kontrollkriteria i hovudsak henta frå KS sine tilrådingar om aktiv eigarstyring og politiske vedtak i kommunen. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 2 til rapporten.

3. Eigarskapsmelding- og strategiar

3.1 Problemstillingar

- I kva grad har kommunen utarbeidd ei eigarskapsmelding eller andre system og rutinar der kommunen sine føringar på område er gjort kjent?
- I kva grad har kommunen klare mål og strategiar for eigarskapa sine?
 - Er det etablert eigarstrategiar for kvart av selskapa kommunen har eigarskap i?
 - Blir selskapsavtalar og/eller vedtekter jamleg revidert
 - I kva grad har kommunen etablert rutinar og retningslinjer for å føre kontroll med sine eigarinteresser og i kva grad blir desse eventuelt etterlevd?

3.2 Kontrollkriterium

Av KS sine tilrådingar går det fram at kommunar bør **utarbeide ei eigarskapsmelding** der ein går igjennom kommunen sine eigarskap og deltaking i interkommunale organ. I følgje KS bør ei eigarskapsmelding minimum innehalde tre hovudpunkt:

1. Oversikt over kommunen sin drift som er lagt til selskap og interkommunale samarbeidstiltak
2. Prinsipp for eigarstyring
3. Føremålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa

Ifølgje KS er ei eigarskapsmelding viktig for å gje naudsynste styringssignal til selskapa og for å tydeleggjere kommunen sitt ansvar. Vidare vil ei eigarskapsmelding medverke til å gje ei oversikt over kommunen si samla verksemd, og gje dei folkevalde ei moglegheit til å setje seg inn i styringsmoglegheitene som ligg i dei ulike selskapsformane. KS tilrår at kommunestyret kvart år går gjennom og reviderer eigarskapsmeldinga.¹

Det går også fram av KS sine tilrådingar at kommunen bør utarbeide og revidere selskapsstrategi og vedtekter/selskapsavtale. Eigar er råda til å klargjere sine forventningar til styret og selskapet gjennom ein eigarstrategi. KS peiker på at selskapet si verksemd skal gjerast tydeleg i vedtektene/selskapsavtalen, og at selskapet innafor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør ha klare mål og strategiar for si verksemd. Vidare bør føremålet i vedtekter/selskapsavtale bli vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.²

Av tilrådingane går det vidare fram at kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir etterlevd og at etiske omsyn blir sikra. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Det er viktig at det blir lagt til rette for at kontrollutvalet kan utøve sin funksjon på ein god måte. KS tilrår at kommunestyret innafor kommunelova sine føresegnar fastsett regler for selskapskontroll. Dette bør omfatte kva dokument som uoppfordra skal sendast til kontrollutvalet og kven denne plikta gjeld for. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal bli varsla når

¹Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.6

²Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.6

generalforsamling/representantskap og tilsvarande organ held møte, og kontrollutvalet/revisor har rett til å vere til stades på slike møte.³

KS tilrår vidare at administrasjonssjefen syter for at dei folkevalde og innbyggjarane lett kan finne informasjon med oversikt over selskap og anna som kommunen har eigarinteresser i.⁴ Det går også fram av Kommunal regnskapsstandard (KRS) nr. 6, kap. 3, delkap. 3.1.1, pkt. 5 at det i note 5 til regnskapet skal gis en oversikt over kommunens eierdeler: «Aksjer og andeler i selskaper som er ført opp som anleggsmidler skal spesifiseres etter selskap. Det skal opplyses om balanseført verdi, eventuell markedsverdi og eierandel i hvert selskap. (...)».

3.3 Datagrunnlag

Oversikt over eigarskapa

Vaksdal kommune har ikkje utarbeidd ei samla oversikt over eigarskapa til kommunen, føremål med eigarskapa og kven som representerer kommunen i selskapa. Kommunen har utarbeidd eit dokument som har overskrifta Generalforsamlingsrepresentantar 2012-2015, men lista inneheld også etter det revisjonen kan sjå namn på personar som er styrepresentantar utan at dette går tydeleg fram av lista.

I note 5 i rekneskapet for 2014 går det fram kva selskaps kommunen har eigardelar i. Følgjande går fram om dei ulike selskapa:

- Balanseført verdi per 31.12.14 for alle selskapa kommunen har eigardeler i.
- Marknadsverdi på eigarskapa går fram for tre av selskapa.
- Eigardel går fram for tre av selskapa.
- For ti av elleve selskap synar noten tal på aksjar.

Under har revisjonen utarbeidd ein tabell som synar Vaksdal kommune sine eigarinteresser basert på innsamla informasjon frå ulike kjelder⁵:

Selskap	Eigardel	Hovudføremål	Eigarskap	Representant for kommunen i GF/representantskap	Styremedlem valt av Vaksdal kommune
Aksjeselskap					
Vaksdal Næringspark AS	100 %	Føremålet med selskapet var eige og utleige av anlegg for næringsverksemd, utvikle bustader for sal i Vaksdal kommune, samt alt som sto i naturleg samanheng med dette. Dette er i dag eit sovande selskap. Kommunestyret har ikkje tatt endeleg stilling til kva som skal skje med selskapet.	Heileigd kommunalt eigarskap	Vaksdal kommunestyre	Anneli Vatle Lilletvedt Vara: Helge Risnes
BIR AS	1,61 %	Eige og forvalte selskap som skal sørgje for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall.	Heileigd kommunalt eigarskap	Ordførar	Ingen styremedlemmar frå Vaksdal kommune i BIR AS. Ordførar er nestleiar i styret til

³Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.8

⁴Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.8-9

⁵ Informasjon er henta frå note 5 i årsrekneskapet for 2014, intervju, www.proff.no og www.ravninfo.com

BIR har åtte dotterselskap.					eit av dotterselskapa (TH Paulsen).
Kommunekraft AS	3,2 %	Formidle aksjeeigaranes disponible kraft.	Heileigd kommunalt eigarskap	Ordførar og kommunestyre-representant Svein Boge	Ingen
Business Region Bergen AS	2,0 %	Drive regional nærings-utvikling, etablererteneste, profilering og marknadsføring (Støttar Vaksdal Næringsselskap AS ved behov)	Heileigd kommunalt eigarskap	Ordførar	Ingen
Vaksdal Næringsselskap AS	67,55 %	Fremje næringsutvikling i Vaksdal kommune gjennom å utvikle eksisterande verksemd, samt medverke til å skape nye verksemd.	Kommunalt og privat eigarskap	Ingen Ordførar har møte og uttalerett i styret og pleier å møte.	Jan Hansen Brita Hesjedal Lunde Karin Groth
Modalen-Eksingedalen Billag AS	28,34 %	Drive bussruter, annan transport, verksemd i denne samanheng og investering i andre selskap.	Kommunalt og privat eigarskap	Ordførar	Varaordførar
Vaksdal Senter Utvikling AS	8,7 %	Eige og utvikle Vaksdal Senter, samt tilhøyrande verksemd.	Kommunalt og privat eigarskap	Økonomisjef Truls Morten Kaland	Økonomisjef Truls Morten Kaland
BKK AS	0,37 %	Produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda.	Kommunalt og privat eigarskap	Ordførar	Ingen
Fjord Norge AS	Under 1 %, 1 aksje	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.	Kommunalt og privat eigarskap	Ingen	Ingen
A/S Biblioteksentralen	6 andelar	Vere eit serviceorgan for alle offentlege bibliotek.	Kommunalt og privat eigarskap	Ordførar mottar innkalling til GF, men møte ikkje pga. lav eigardel	Ingen
KLP	Eigenkapital -tilskot	Pensjonsleverandør, eigenkapital tilskot. Kommunen reduserte sin eigardel for ein del år sidan i samband med skifte av hovudleverandør pensjon. Hadde framleis ein liten eigardel. Har no gått inn i KLP på nytt.		Ingen	Ingen
Interkommunale selskap					
Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	2,85 % Deltakar med delt ansvar	Arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakar-kommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentlig verksemd, forskning	Kommunalt eigarskap	Varaordførar Sigmund Simmenes	Ingen

		og andre administrative og kulturelle føremål.			
Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp IKS	1,1 %	Vere eit kompetansesenter for vatn- og avlaupstenester.	Kommunalt eigarskap	Rådgjevar tekniske tenester - Svein Ove Hesjedal	Ingen

Ut over eigarskapa som er nemnt over er kommunen med i følgjande samarbeid (ikkje selskap)

- Interkommunalt utvalg for akutt forurensning (IUA)
- Osterfjorrådet
- Osterfjord næringssamarbeid
- Bergen og omland friluftsråd (BOF).

Eigarskapsmelding

Tidlegare var ansvaret for oppfølging av selskapa kommunen har eigarskap lagt til ein økonomirådgjevar. I dag ligg ansvaret for oppfølginga til rådmannen og delvis til økonomieininga. Det er eit pågåande arbeid i kommunen med å reorganisere økonomifunksjonen på revisjonstidspunktet, og revisjonen får opplyst at ansvaret for eigarskapsoppfølginga vil bli vurdert i samband med ei eventuell reorganisering.

Kommunen har ikkje utarbeidd ei eigarskapsmelding eller andre retningslinjer der kommunen sine føringar for eigarskapsforvaltninga er gjort kjent. Revisjonen får opplyst at eigarskapsforvaltning har vore tema i kommunestyret, og at det fleire gonger har blitt diskutert om kommunen skal utarbeide ei eigarskapsmelding. Kommunestyret vedtok i møte den 19/12-2011 – sak 75/11 å setje ned ei nemnd som skulle evaluere næringsutviklingsarbeidet i kommunen og kome med framlegg til moglege endringar. I vedtaket blei det også lagt vekt på at tida var inne for å sjå nærare på kommunen sine eigarskap. I vedtaket står det mellom anna:

«Det er i tida å sjå på kommunane sin eigarskap i ulike selskap og kanskje uttrykke nokre mål og intensjonar bak eigarskapen.»

«Oppstart av arbeidet med ei eigarskapsmelding for Vaksdal kommune vert å koma tilbake til når kommunestyret har fatta vedtak i sak om evaluering av næringsarbeidet.»

Ved handsaming av rapporten frå nemnda 2/7-2012 vedtok kommunestyret i sak 41/12 mellom anna at rådmannen skulle ha klart eit framlegg til eigarskapsmelding innan desember 2012. Revisjonen får opplyst at kommunen har starta på arbeidet som nemnda la grunnlag for, og det er utarbeidd eit forarbeid til ny strategisk plan for samfunnsutvikling/næringsutvikling i kommunen. Arbeidet skal vere grunnlag for pågåande arbeid med kommuneplan (samfunnsdel og arealdel). Tidsplan for arbeidet er noko forseinka og eigarskapsmeldinga er ikkje utarbeidd. Kommunestyret har ikkje etterlyst eigarskapsmeldinga.

Mål og strategiar for eigarskapa

I samband med at eigarskapsforvaltning har vore eit tema i kommunestyret, har det også blitt diskutert om kommunen skal utarbeide eigarstrategi for eigarskapa. Kommunen har utarbeidd eit strategidokument knytt til næringsarbeid i Vaksdal som mellom anna omfattar Vaksdal Næringsselskap. Det blir også peika på at eigarane for selskapa Business Region Bergen AS, BKK AS, BIR AS har utarbeidd eigarstrategi, men Vaksdal kommune har ikkje utarbeidd egne eigarstrategiar for desse selskapa.

Valsdal kommune har ikkje rutinar eller retningslinjer for jamleg vurdering eller revisjon av selskapsavtalar eller vedtekter for selskap dei eig eller er deleigar i.

Oppfølging av eigarskapa

Det er ikkje etablert retningslinjer for korleis kommunen ønskjer å følgje opp eigarskapa sine. Kommunen har praksis for å invitere utvalde selskap til å orientere om drifta i kommunestyret med jamne mellomrom. Revisjonen får opplyst følgjande:

- Då Vaksdal Næringspark AS var eit aktivt selskap var det praksis at leiaren orienterte minst ein gong i året i kommunestyret, men dette er ikkje lenger aktuelt.
- Modalen-Eksingedalen Billag AS møter i kommunestyret minst ein gong i valperioden.
- Vaksdal Næringssselskap AS møter cirka ein gong i året i kommunestyret. I tillegg deltar ordfører vanlegvis i styremøta.
- Kommunen sitt styremedlem i Vaksdal Senterutvikling AS har gjeve løypemelding til kommunestyret jamleg.
- BIR AS møter i kommunestyret ein gong i året.
- Business Region Bergen AS møter i kommunestyret med jamne mellomrom.
- BKK AS møter i kommunestyret på førespurnad. Kommunen møter BKK AS minimum ein gong i året der ordfører, rådmann og selskapet diskuterer relevante saker.

Det har ikkje vore noko rutine eller fast praksis knytt til oppfølging av og møter med dei andre selskapa. Det er heller ikkje etablert rutine for at kontrollutvalet blir varsla når generalforsamling/representantskap og tilsvarande organ held møte.

3.4 Vurdering

Kommunen har ikkje følgt opp kommunestyrevedtak frå 2/7-2012, sak 41/12, der kommunestyret ber administrasjonen om framlegg til eigarskapsmelding innan desember 2012. Manglande eigarskapsmelding er heller ikkje i samsvar med KS si tilråding om at kommunen bør utarbeide ei eigarskapsmelding (tilråding nr. 2). Revisjonen meiner at ei slik melding er viktig for å gje ei samla oversikt over eigarskapa til kommunen og for å samle kommunen sine føringar knytt til eigarskapsforvaltninga. Ei slik melding er også viktig for å sikre at både folkevalde, og dei som representerer kommunen i desse selskapa, er kjent med korleis kommunen ønskjer å følgje opp eigarskapa sine. Revisjonen meiner at ei slik melding kan tilpassast omfanget av eigarskapa, og treng ikkje vere særleg omfattande om ikkje kommunen meiner det er behov for dette. Samstundes meiner revisjonen at ei slik melding bør innehalde som minimum kva eigarskap kommunen har, eigardel, føremålet og ev. strategi med eigarskapen, og representasjon i selskapet.

Revisjonen vil også understøtte at det er eit krav i Kommunal regnskapsstandard (KRS) at det i note 5 til rekneskapet skal førast opp informasjon om eigarskapa til kommunen: «Aksjer og andeler i selskaper som er ført opp som anleggsmidler skal spesifiseres etter selskap. Det skal opplyses om balanseført verdi, eventuell markedsverdi og eierandel i hvert selskap. (...)». Vaksdal kommune har berre delvis oppfylt dette kravet ved at eigardel ikkje er ført opp for alle selskapa.

Revisjonen meiner vidare at Vaksdal kommune ikkje har ei systematisk eigarskapsforvaltning og oppfølging av eigarskapa i samsvar med KS sine retningslinjer. Revisjonen merkar seg at kommune sine eigardelar i selskapa varierer i storleik og at det ikkje er alle selskapa Vaksdal kommune har vesentlege eigarinteresser i. Revisjonen meiner at kommunen likevel bør vere tydeleg på kvifor kommunen har eigarskap i dei ulike selskapa, kva som er hovudføremålet og korleis kommunen ønskjer å følgje opp og kontrollere dei einskilde selskapa. Sjølv oppfølginga kan variere avhengig av korleis kommunen vurderer dei ulike eigarskapa.

Revisjonen meiner vidare at det er viktig at kommunen definerer kven som skal ha ansvaret for eigarskapsoppfølginga i kommunen og kva dette skal innebære. Vidare meiner revisjonen at det er viktig at ansvaret for eigarskapsoppfølginga i kommunen blir kommunisert tydeleg til eigarrepresentantar frå kommunen og selskapa kommunen har eigarskap i.

Ein viktig del av eigarskapsforvaltninga er at det blir lagt til rette for at kontrollutvalet kan utøve sin funksjon på ein god måte. KS tilrår at kommunestyret mellom anna gjev uttrykk for kva dokument som uoppfordra skal sendast til kontrollutvalet og kven denne plikta gjeld for. KS presiserer at kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal bli varsla når generalforsamling/representantskap og tilsvarande organ held møte, og kontrollutvalet/revisor har rett til å vere til stades på slike møte. Revisjonen meiner at det er uheldig at kontrollutvalet i Vaksdal kommune ikkje har

blitt varsla om slike møte og at utvalet må gjerast merksam på planlagde møte for å avgjere om dei ønskjer å møte med ein representant på generalforsamling eller ikkje.

4. Opplæring av folkevalde

4.1 Problemstillingar

- I kva grad har kommunen gjennomført opplæring av folkevalde knytt til eigarskapsforvaltninga til kommunen?

4.2 Kontrollkriterium

Av KS sine tilrådingar går det fram at kommunen som ein del av folkevaldopplæringa bør gjennomføre obligatoriske kurs eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utskilt verksemd. Det går fram at den første opplæringa bør bli gjennomført i løpet av dei første 6 månadene av valperioden og følgjast opp etter to år. Vidare anbefalar KS at det blir utarbeide ei oversikt over status for selskapa til kommunestyra. Det er viktig at kommunen som eigar får kunnskap om og innsikt i omfanget av selskapsorganisering og dei styringsmoglegheiter kommunen har for selskap kommunen har eigardelar i, og at dei folkevalde får innsikt i ulike roller ein innehar som både folkevald og som t.d. styremedlem og generalforsamlingsrepresentant. Dei folkevalde må vere medvitne om roller, styringslinjer og ansvarsdeling.

4.3 Datagrunnlag

I samband med KS sin folkevaltopplæring i etterkant av valet i 2012 inngjekk også ei kort innføring i det som gjaldt eigarskapsforvaltning. Utover dette har ikkje kommunen arrangert andre opplæringstilbod knytt til eigarskapsforvaltning for dei folkevalde i kommunestyreperioden. Revisjonen får opplyst at administrasjonen per i dag ikkje gir kommunestyre noko samla informasjon om eigarskapsporteføljen til kommunen.

4.4 Vurdering

Revisjonen meiner at kommunen, i tillegg til folkevaltopplæringa i regi av KS, jamleg bør gje jamleg opplæring/informasjon til dei folkevalde om eigarskapsforvaltninga til kommune. Til dømes kan ein årleg gjennomgang av ei eigarskapsmelding vere eit slikt tiltak (jf. vurdering i delkapittel 3.4). Det er viktig å gje dei folkevalde tilstrekkeleg innsyn i kommunen sine eigarskap og kommunen sin strategi knytt til eigarskap. Vidare meiner revisjonen at kommunen bør sikre opplæring til eventuelle styrerepresentantar som ikkje er folkevalde. Dette er viktig for å sikra at alle styrerepresentantar får grunnleggjande kunnskap om rammene for, og innhaldet i, utøving av styreverv i selskap der kommunen har eigarskap.

5. Kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorgana

5.1 Problemstillingar

- I kva grad er det etablert system og rutinar for kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorgana i selskapa kommunen har eigarskap i?
 - I kva grad er det etablert rutinar for kommunikasjon i forkant av generalforsamling?
 - I kva grad blir det gjennomført andre eigarmøte enn generalforsamling?

5.2 Kontrollkriterium

KS sine tilrådingar omhandlar også samansetting og funksjon av eigarorgan. For aksjeselskap og interkommunale selskap anbefaler KS at kommunestyret vel sentrale folkevalde som eigarrepresentant i selskapa sitt eigarorgan. Eigartøvinga skal spegle kommunestyret si samla avgjersle eller fleirtalsavgjersle. Det er sentralt at det blir oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarrepresentantane og kommunestyret i forkant av generalforsamlingar/representantskapsmøte. Det blir presisert at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa og ikkje i selskapsstyra. Det blir vidare peika på at innanfor selskapsformene AS og IKS bør det, for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet si mynde, etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorgan som blir forankra i eigarskapsmeldinga.⁶

KS tilrår også at det blir gjennomført eigarmøte. Generalforsamling/representantskap er det formelle eigarmøtet, men det kan også bli kalla inn til eigarmøte utover desse, til dømes for å drøfte ei sak utan at det blir gjort formelle vedtak. Det er opp til eigarane å vurdere om det er behov for uformelle eigarmøte. KS tilrår at styret bør leggje til rette for at flest mogleg av eigarorganet sine medlemmer kan ta del i generalforsamling/representantskap og at dette blir ein effektiv møteplass for eigarane og styret. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap og i representantskap i interkommunale selskap.⁷

5.3 Datagrunnlag

Ordførar er i hovudsak eigarrepresentant for kommunen i selskap kommunen har eigardelar i. Ordførar deltek fast på generalforsamling for BIR AS, Business Region Bergen AS, Vaksdal Næringsselskap AS, Modalen-Eksingedalen Billag AS og BKK AS. Heile kommunestyret møter som generalforsamling for Vaksdal Næringspark AS. Ordførar har ikkje møtt på Kommunekraft AS sine siste generalforsamlingar. Det går ikkje fram av undersøkinga om eigarrepresentantane for dei to interkommunale selskapa som kommunen har eigardelar i deltek på representantskapsmøte.

Revisjonen får opplyst at ordførar mottar innkalling til generalforsamling til riktig tid for dei selskap kommunen eig eller har eigardelar i, og som ordfører er eigarrepresentant for. Kommunen har ikkje utarbeidd system eller rutinar for å sikre kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarrepresentanten i forkant av formelle eigarmøte for å gi føringar.

⁶Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.9

⁷Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.10

Det går vidare fram av undersøkinga at det ikkje er system eller rutine for kommunikasjon mellom eigarrepresentant og kommunestyret i etterkant av formelle eigarmøte. Innkalling og/eller protokoll frå møta blir i liten grad lagt fram for kommunestyret.

Uformelle eigarmøte blir gjennomført etter ønskje og ikkje etter ein fast struktur. Nokre gonger blir det gjennomført uformelle eigarmøte mellom kommunen og til dømes BIR AS, Business Region Bergen AS eller BKK AS. Til dømes har det vore eigarmøte for saker som er spesielt aktuelle, til dømes BIR AS sitt bossug. Ordfører har teke initiativ til eigarmøte for Vaksdal Senterutvikling AS, men det har det ikkje blitt kalla inn til på revisjonstidspunktet.

Ordfører mottar årsmelding frå dei største selskapa som kommunen har eigardelar i. Årsmeldingane blir ikkje lagt fram for kommunestyret. Det blir i intervju vist til at desse i dei fleste tilfella er tilgjengeleg på Internet for dei som er interessert.

5.4 Vurdering

Det er sentralt i eigarstyring at det blir oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarrepresentantane og kommunestyret i forkant av generalforsamlingar/representantskapsmøte. Revisjonen meiner at kommunen i liten grad har etablert rutinar for kommunikasjon i forkant av generalforsamling eller representantskapsmøte. Dette gjeld både internt i kommunen, og mellom kommunestyret og eigarorgana. Behovet for kommunikasjon kan vere ulik avhengig av kva selskap det gjeld og kva saker som til ei kvar tid er aktuelle. Kommunen bør likevel ha retningslinjer for kva kommunikasjon som er ønskjeleg og korleis kommunestyret skal informerast om planlagde og gjennomførte møte, og årsmeldingar. Revisjonen meiner at kommunen bør krevje at årsmelding frå alle selskap dei har eigardelar i blir sendt til kommunen. Vidare bør kommunen også krevje at protokoll i etterkant av formelle eigarmøte blir sendt til eigarrepresentant og arkivert av kommunen slik at det er offentleg tilgjengeleg.

6. Val av representantar og samansetting av styre

6.1 Problemstillingar

- I kva grad har kommunen rutinar for val av representantar og samansetting av styre som sikrar ei forsvarleg forvaltning av eigarskapa?
 - Kva rutinar har kommunen etablert for utnemning av eigarrepresentantar og val av styremedlemmar (og varamedlemmar) i selskap kommunen har eigarskap i?
 - Har kommunen rutinar for å vurdere samansetting av styre?
 - I kva grad sikrar kommunen at styremedlemmane får tilstrekkeleg med opplæring, spesielt knytt til styrearbeid, selskapsrett og etikk?
 - I kva grad har kommunen sett krav til selskapsstyra om kompetansevurdering, eigenevaluering, instruks for styret, opplæring og årleg plan for styret?

6.2 Kontrollkriterium

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjelova og lov om interkommunale selskap tilrår KS at det bør vedtektsfestast bruk av valkomité. Valkomiteen si innstilling bør grunngjevast og valkomiteen bør ha ein dialog med styret før eit forslag blir fremja. KS peikar vidare på at samansettinga av styret bør gjerast ut i frå at styret er eit kollegialt organ og representantar bør bli valt ut i frå formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart og målsetting. KS viser også til at styret sin eigenevaluering bør bli tatt med i vurderinga ved val av styrerepresentantar.⁸ Vidare tilrår KS at når det utpeikast vara til styre bør ordninga med numerisk vara bli nytta for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.⁹

Når det gjeld habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styre tilrår KS at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar, og presiserer at ordfører og rådmann ikkje bør sitje i styret. Når kommunen som eigar skal avgjere om dei skal velje ein folkevalt eller ein tilsett i kommunen som styremedlem for eit selskap, bør kommunen vurdere kor ofte vedkommande blir inhabil.¹⁰

KS sine tilrådingar omhandlar også kjønnsrepresentasjon i styre. KS peiker på at det i høve til lov om interkommunale selskap er krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Vidare trekk KS fram at reglane i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styre i aksjeselskap gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar til saman eig minst to tredeler av aksjane i selskapet.¹¹

KS sine tilrådingar omhandlar også eigar sine krav til profesjonelle styret i kommunal sektor. Av tilrådingane går det fram at det er eigar sitt ansvar å setje saman styre med ei samla kompetanse som er tilpassa det einskilde selskap si verksemd. Eigar har eit betydeleg ansvar for å gje informasjon om rammene for og innhaldet i det å ha eit styreverv. Vidare blir det vist til at eigar bør foreta ein analyse av selskapet sitt føremål og eigar sine forventningar som grunnlag

⁸Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.11

⁹Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.12

¹⁰Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.12-13

¹¹Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.12-13

for å setje saman eit profesjonelt styre.¹² Eit profesjonelt samansett styre skal ha kompetansen som er naudsynt for å oppfylle eigar sine forventningar, men dersom naudsynt kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet bør eigar gje tilbod om opplæring der dette er naudsynt.¹³ KS har også kome med tilrådingar til kva kompetanse styremedlemmar bør ha (sjå vedlegg 2 i rapporten for oversikt over kompetansekrava).¹⁴

Det er eigar sitt ansvar å sikre eit styre med naudsynt kompetanse til å leie selskapet i samsvar med eigar sitt føremål. Samstundes har styret eit sjølvstendig ansvar for å gjennomføre jamlege kompetansevurderingar av eget styre i forhold til eigarane sitt føremål med selskapet. For å sikre utvikling av naudsynt kompetanse i styret tilrår KS at det blir etablert ein rekke rutinar som ein del av styret sine rammer, til dømes å gjennomføre eigenevaluering kvart år, gjennomføre styreseminar og fastsette ein årleg plan. KS peikar på at rutinane er ei rettesnor og at rutinane naturleg nok vil avhenge av selskapet sin storleik og verksemd.¹⁵

6.3 Datagrunnlag

Etter kvart kommuneval vel kommunen styrerepresentantar basert på valnemnda si innstilling. I hovudsak ligg det politiske vurderingar bak val av styrerepresentantar, og dermed speglar vanlegvis val av styrerepresentantar den politiske samansettinga i kommunestyret. Kompetanse og engasjement kan også telle ved val av styrerepresentantar.

Det er ikkje utarbeidd formelle føringar for korleis val av styremedlemmar skal gjennomførast eller kva som skal bli lagt vekt på ved val av styrerepresentantar. Kommunen har ikkje utarbeidd rutinar for å vurdere samansetting av styra. Det er ikkje formulert konkrete krav til vurdering av kompetanse for kven som blir valt til styremedlem, og val av styremedlemmar blir ikkje grunngjevne skriftleg.

Folkevalde i kommunen får opplæring i eigarskapsforvaltning gjennom folkevaltopplæringa til KS kvart fjerde år. Kommunen formidlar elles andre tilbod om kurs til sine styremedlem. Kursa er ikkje obligatorisk, og tilbodet blir nytta i ulik grad. Vanlegvis har to til tre personar deltatt på kurs i løpet av ein kommunestyreperiode. Styrerepresentantar kan også delta på andre kurs ved behov for opplæring, og tar i dei tilfella kontakt med kommunen om dette.

Kommunen har ikkje vedteke særskilde krav som selskap dei har eigarskap i må rette seg etter. Revisjonen får opplyst at nokre av krava kan vere dekkja i selskapa sine vedtekter eller selskapsavtaler, men kommunen har ikkje utarbeidd eigne føringar for selskapa (t.d. for gjennomføring av styreevaluering, styreinstruks, utarbeiding av etiske retningslinjer og liknande).

I ein interpellasjon i kommunestyremøte i juni 2015 blei det stilt spørsmål om ordførar vil ta initiativ til at Vaksdal kommune skal melde seg inn i styrevervregisteret frå og med valperioden 2015 – 2019. Ordførar svara med at Vaksdal har hatt løysinga der den enkelte har hatt ansvar for å registrere dette sjølv. Men at det er ordføraren sin meining at det nye kommunestyret bør fatte et vedtak om tilslutning til Styrevervregisteret.

Revisjonen har søkt i styrevervregisteret på alle namn som revisjonen har fått opplyst som styrerepresentantar for Vaksdal kommune (sjå tabell i kapittel 3 i rapporten), og det er berre ordførar som har registrert eit verv i styrevervregisteret. Dette gjeld vervet som styremedlem i BIR AS som han hadde fram til 2015.

Kommunen har utarbeidd etiske retningslinjer som gjeld for både administrasjon og folkevalde. Kommunen har ikkje stilt krav til selskapa dei har eigardelar i om å utarbeide eigne etiske retningslinjer eller om å følgje kommunen sine.

6.4 Vurdering

Revisjonen meiner at valnemnda si innstilling bør grunngjevast skriftleg, og at kommunen bør spesifisere kva krav valnemnda skal legge til grunn for arbeidet med å sette saman eit profesjonelt styre, i tråd med tilrådingane frå KS.

¹²Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.10

¹³Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.10

¹⁴Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.10

¹⁵Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.11-12

Revisjonen har ikkje vurdert kjønnsfordelinga i styra som kommunen har eigarskap i, men kommunen bør stille krav om ein jamn kjønnsfordeling i forbindelse med valnemnda sitt arbeid. Revisjonen viser vidare til at KS i sine tilrådingar presiserer at når kommunen som eigar skal avgjere om dei skal velje ein folkevalt eller ein tilsett i kommunen som styremedlem for eit selskap, bør kommunen vurdere kor ofte vedkommande blir inhabil.

Som eit ledd i å sikra eit profesjonelt styre bør kommunen sette krav i eigarskapsmeldinga om årleg eigenevaluering av styra i selskap kommune har eigarskap i. Andre krav revisjonen meiner at kommunen bør stille til selskapa er gjennomføring av eigne styreseminar, utarbeiding av ein årleg plan for styret og fastsette instruks for styret og dagleg leiing, i samråd med dei andre eigarane for selskapa.

Revisjonen meiner det er uheldig at Vaksdal kommune sine styremedlemmer ikkje har registrert styreverta sine i Styrevervregisteret. Revisjonen meiner at det er viktig at alle styreverv er registrert i styrevervregisteret for å medverke til openheit i forvaltninga. KS har nyleg endra praksis for registrering av verv. Tidlegare var det den einskilde styrerepresentant som registrerte vervet sitt. No er det også slik at dersom ein kommune eller eit kommunalt selskap har vedtatt å knytte seg til Styrevervregisteret, blir opplysningane om folkevalde og tilsette sine verv/stilling automatisk registrert i Styrevervregisteret. Revisjonen meiner difor at kommune bør knytte seg til Styrevervregisteret og vurdere om kommunen også skal etablere føringar for selskapa kommunane har eigarskap i, om at dei også må slutte seg til registeret. Dette kan til dømes gå fram av ei eigarskapsmelding.

7. Konklusjon og tilrådingar

Eigarskapskontrollen syner at Vaksdal kommune ikkje har utarbeidd eigarskapsmelding eller andre rutinar og retningslinjer for eigarskapsforvaltninga til kommunen. Revisjonen meiner dette ikkje er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak frå 2012 eller med KS sine tilrådingar knytt til god eigarskapsforvaltning. Revisjonen merkar seg at størrelsen på eigarskapa er varierende, likevel meiner revisjonen at kommunen bør vere tydeleg på kvifor kommunen eig dei ulike selskapa og korleis kommunen ønskjer å følgje opp dei einskilte selskapa. Dette kan variere mellom selskapa. Revisjonen vil derfor tilrå at Vaksdal kommune set i verk følgjande tiltak:

8. Utarbeider ei eigarskapsmelding som jamleg blir oppdatert. Ei eigarskapsmelding kan mellom anna omfatte kva selskap kommunen eig, kvifor kommunen har eigardelar i selskapet, kven som er representert frå kommunen i dei styrande organa og korleis kommunen ønskjer å følgje opp selskapa.
9. Kommunen bør formulere ein eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig. Omfanget av denne strategien kan tilpassast eigardel i dei einskilte selskapa, men det bør gå fram kvifor kommunen eig selskapet og kva forventningar kommunen har til eigarskapet i framtida. Eigarskapsstrategi for dei einskilte selskapa kan gjerne gå fram av eigarskapsmeldinga.
10. Kommunen bør årleg informere kommunestyret om eigarskapa til kommunen slik at dei folkevalde er kjent med eigarskapsforvaltninga til kommunen. Dette kan mellom anna gjerast ved å legge fram eigarskapsmeldinga og eventuelt årsmeldingane til selskapa årleg for kommunestyret. Rutinar for dette kan gå fram av eigarskapsmeldinga.
11. Utarbeide retningslinjer for kva kriterium som skal leggjast til grunn ved val av styrerepresentantar. Dette kan gjerne inngå som ein del av eigarskapsmeldinga.
12. Utarbeide retningslinjer for utøving av styreverv som medverkar til å klargjere rolle og mandat. Desse kan gjerne inngå som ein del av eigarskapsmeldinga.
13. Sikre at alle folkevalde og styrerepresentantar får tilstrekkeleg opplæring knytt til dei ulike aspekta ved eigarskapsforvaltning og styrearbeid.
14. Sørge for at styrepresentantar blir registrert i Styrevervregisteret enten ved at kommunen og kommunale selskap melder seg inn, eller at dei einskilte styrerepresentantar registrerer seg.

Vedlegg 1: Høyringsuttale

Høyringsuttale frå rådmann, datert 9.9.2015.

Rådmann er samd i tilråingane i rapporten og dei konkrete tiltaka som er foreslått.

Arbeidet med eigarskapsmelding er av ulike grunnar sterkt forseinka, framover vert dette prioritert. Ansvar for eigarskapsoppfølginga er lagt til rådmanns stab. Interne rutinar for rapportering m.v vert gjennomgått og revidert, dette arbeidet er starta opp.

Rådmann støttar forslaga knytt til eigarskapsstrategi og styreverv. Innmelding i Styrevervregisteret er ganske nyleg debattert i kommunestyret og vert fulgt opp.

Vedlegg 2: Kontrollkriterium

KS sine tilrådingar for eit aktivt eigarskap

KS har utarbeidd eit sett med tilrådingar¹⁶ for korleis kommunale/fylkeskommunale eigarskap bør forvaltast og kva system og rutinar kommunar og fylkeskommunar bør etablere. Av tilrådingane går det innleiingsvis fram følgjande om aktivt eigarskap i kommunar/fylkeskommunar:

«Et aktivt eierskap er grunnleggende for en best mulig lokalpolitisk forvaltning av de samlede verdier og har direkte konsekvenser for selskapene, deres disponeringer og deres markedsposisjon. Samtidig vil et aktivt eierskap gi viktige signaleffekter overfor omverden og styrke kommunens/fylkeskommunens omdømme.»¹⁷

I den sist oppdaterte versjonen (2014) omtalar KS 19 tema med tilhøyrande tilrådingar:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
2. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter
4. Vurdering og val av selskapsform
5. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
6. Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap
7. Samansetting og funksjon av eigarorgan
8. Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte
9. Samansetting av selskapstyre
10. Valkomité for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap
11. Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyre
12. Styresamansetting i konsernmodell
13. Oppnemning av vararepresentantar
14. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styre
15. Balansert kjønnsrepresentasjon i styre
16. Godtgjøring og registrering av styreverv
17. Arbeidsgjevartilknytning i sjølvstendige rettssubjekt
18. Utarbeiding av etiske retningslinjer
19. Administrasjonssjefen sin rolle i kommunale og fylkeskommunale føretak

Av KS sine tilrådingar går det fram at kommunen som ein del av folkevaldopplæringa bør **gjennomføre obligatoriske kurs eller eigarskapsseminar** for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utskilt verksemd. Det går fram at den første opplæringa bør bli gjennomført i løpet av dei første 6 månadene av valperioden og følgjast opp etter to år. Vidare anbefalar KS at det blir utarbeidd ei oversikt over status for selskapa til kommunestyra. Det er viktig at kommunane som eigarar får kunnskap om og innsikt i omfanget av selskapsorganisering og dei styringsmuligheiter dei har for selskap kommunen/fylkeskommunen har eigardelar i, og at dei folkevalde får innsikt i ulike roller ein innehar som både folkevald og som t.d. styremedlem og representantskapsmedlem. Dei folkevalde må vere medvitne om roller, styringslinjer og ansvarsdeling.

¹⁶Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014)

¹⁷Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014) s.2

Av KS sine tilrådingar går det fram at kommunen bør **utarbeide eigarskapsmelding** ved å gjennomgå verksemdar organisert som sjølvstendige rettssubjekt eller interkommunale organ. Det går fram at ein eigarskapsmelding kan definierast som eit overordna politisk styringsinstrument for verksemdar som er lagt til eit eige rettssubjekt, eller har eit eige styre etter kommuneloven § 27. Ei eigarskapsmelding bør som minimum innehalde tre hovudpunkt:

1. Oversikt over kommunen sine verksemdar som er lagt til selskap og interkommunale samarbeidstiltak
2. Prinsipp for eigarstyring
3. Føremålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa.

Vidare går det fram at eigarskapsmeldinga kan bidra til samhandling og kommunikasjon mellom eigar og selskapa. Å gi naudsynste styringssignal til selskapa og å vere ein tydeleggjering av kommunen sitt ansvar er nokre av funksjonane ein eigarskapsmelding kan ha. Vidare vil ei eigarskapsmelding bidra til å gje oversikt over kommunen si samla verksemd, og gje dei folkevalde ei moglegheit til å setje seg inn i styringsmoglegheitene som ligg i dei ulike selskapsformane.

KS tilrår at kommunestyret kvart år går igjennom og reviderer eigarskapsmeldinga. Eigarskapsmeldinga kan også innehalde eit eige punkt om selskapa sitt samfunnsansvar, t.d. politiske målsettingar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk osv. Dersom kommunen er medeigar i fleire selskap saman med andre kommunar, kan det bli utarbeidd ein interkommunal eigarskapsmelding som vil sikre felles føringar frå eigarane der det er mogleg.¹⁸

Det går også fram av KS sine tilrådingar at kommunen bør **utarbeide og revidere selskapsstrategi og vedtekter/selskapsavtale**. Eigar blir tilråda å klargjere sine forventningar til styret og selskapet gjennom ein eigarstrategi. KS peiker på at selskapet si verksemd skal gjerast tydeleg i vedtektene/selskapsavtalen, og at selskapet innafor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør ha klare mål og strategiar for si verksemd. KS tilrår at langsiktigheit og samfunnsansvar blir lagt til grunn for kommunalt/fylkeskommunalt eigarskap. Selskapet skal klargjere prinsipp for utbyttepolitikk og fremje desse for eigarorganet. Vidare bør føremålet i vedtekter/selskapsavtale bli vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.¹⁹

Vidare blir det vist til at føremål for selskap ofte blir definert nokså generelt, noko som kan medføre vide moglegheiter til endringar i verksemda. Det blir peika på at det vil vere opp til eigarorganet å vurdere behovet for selskapet sitt handlingsrom.²⁰

Når det gjeld **vurdering og val av selskapsform** går det fram av KS sine tilrådingar at det er eigar sitt ansvar å sikre at selskap har ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigarstyringsbehov, marknadsforhold og konkurranseregulering.²¹

Dersom kommunen har eigarskap i selskap som opererer i konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd, bør det som hovudregel etablerast eit **fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd**, for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering eller mistanke om dette. Organiseringa av konkurranseutsett verksemd bør så langt som mogleg ha åtskilt leiging og bemanning, i tillegg til å vere fysisk åtskilt frå monopolverksemda.²²

Av tilrådingane går det vidare fram at kommunestyret har **eit tilsyns- og kontrollansvar** for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir etterlevd og at etiske omsyn blir sikra. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Det er viktig at det blir lagt til rette for at kontrollutvalet kan utøve sin funksjon på ein god måte. KS tilrår at kommunestyret innafor kommunelova sine føresegner fastsett regler for selskapskontroll. Dette bør omfatte kva dokument som uoppfordra skal sendast til kontrollutvalet og kven denne plikta gjeld for. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal bli varsla når

¹⁸Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.6

¹⁹Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.6

²⁰Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.7

²¹Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.7

²²Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.7

generalforsamling/representantskap og tilsvarande organ held møte, og kontrollutvalet/revisor har rett til å vere til stades på slike møte.²³

KS tilrår vidare at administrasjonssjefen syter for at dei folkevalde og innbyggjarane lett kan finne informasjon med oversikt over selskap og anna som kommunen har eigarinteresser i.²⁴

KS sine tilrådingar omhandlar også **samansetting og funksjon av eigarorgan**. For aksjeselskap og interkommunale selskap anbefalar KS at kommunestyret vel sentrale folkevalde som eigarrepresentant i selskapa sitt eigarorgan. Eigarutøvinga skal spegle kommunestyret si samla avgjersle eller fleirtalsavgjersle. Det er sentralt at det blir oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarrepresentantane og kommunestyret i forkant av generalforsamlingar/representantskapsmøte. Det blir presisert at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa og ikkje i selskapsstyra. Det blir vidare peika på at innanfor selskapsformene AS og IKS bør det, for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet si mynde, etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorgan som forankrast i eigarskapsmeldinga.²⁵

KS tilrår også at det blir **gjennomført eigarmøte**. Generalforsamling/representantskap er det formelle eigarmøtet, men det kan også bli kalla inn til eigarmøte utover desse, til dømes for å drøfte ei sak utan at det blir gjort formelle vedtak. Det er opp til eigarane å vurdere om det er behov for uformelle eigarmøte. KS tilrår at styret bør leggje til rette for at flest mogleg av eigarorganet sine medlemmer kan ta del i generalforsamling/representantskap og at dette blir ein effektiv møteplass for eigarane og styret. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap og i representantskap i interkommunale selskap. Revisor har rett til å vere til stades, og nokre gonger har revisor plikt til å møte.²⁶

KS sine tilrådingar omhandlar også eigar sine krav til **profesjonelle styrer** i kommunal sektor. Av tilrådingane går det fram at det er eigar sitt ansvar å setje saman styre med ei samla kompetanse som er tilpassa det einskilde selskap si verksemd. Eigar har eit betydeleg ansvar for å gje informasjon om rammene for og innhaldet i det å ha eit styreverv. Det blir vidare vist til at å ta på seg eit styreverv er eit personlig verv. Det betyr at ein ikkje representerer verken politiske parti, kommunen eller andre interessentar, men skal ta i vare selskapet sine interesser på best mogeleg måte saman med resten av styret og ut i frå selskapet sitt føremål. Vidare blir det vist til at eigar bør foreta ein analyse av selskapet sitt føremål og eigar sine forventningar som grunnlag for å setje saman eit profesjonelt styre.²⁷

Vidare blir det vist til at eit styre bør ha generalist- og fagspesifikk kompetanse, og kompetansen bør sjåast i lys av selskapet sitt føremål. Det går vidare fram at eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansemessig. Eit profesjonelt samansett styre skal ha kompetansen som er naudsynt for å oppfylle eigar sine forventningar, men dersom naudsynt kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet bør eigar gjeve tilbod om opplæring der dette er naudsynt.²⁸ KS har også kome med tilrådingar til kva kompetanse styremedlemmar bør ha:

- Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova og andre relevante lover, forskrifter og avtalar som har betyding for selskapet si drift
- Kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie
- Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lese økonomiske utviklingstrekk og foreta naudsynte grep ved behov
- Kompetanse på offentleg forvaltning og de politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som t.d. juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMT, leiing eller organisasjon
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innafor bransjen

²³Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.8

²⁴Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.8-9

²⁵Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.9

²⁶Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.10

²⁷Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.10

²⁸Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.10

- Ha kunnskap om konkurrerende verksemdar²⁹

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjelova og lov om interkommunale selskap tilrår KS at det bør vedtektsfestast **bruk av valkomité**. Føremålet er å sikre samansetting av styret med komplementær kompetanse og i samsvar med eigar sitt føremål med selskapet. Representantskapet/generalforsamlinga sin leiar vel leiaren av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen bli samansett for å spegle eigardel. Valkomiteen si innstilling bør grunngjevast og valkomiteen bør ha ein dialog med styret før eit forslag blir fremja. KS peikar vidare på at samansettinga av styret bør gjerast ut i frå at styret er eit kollegialt organ og representantar bør bli valt ut i frå formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart og målsetting. KS viser også til at styret sin eigenevaluering bør bli tatt med i vurderinga ved val av styrerepresentantar.³⁰

Vidare viser KS til at det er eigar sitt ansvar å sikre eit styre med naudsynt kompetanse til å leie selskapet i samsvar med eigar sitt føremål. I dette ligg det også at eigar står fritt til å skifte ut styremedlemmar innfor valperioden. Samstundes har styret eit sjølvstendig ansvar for å gjennomføre **jamlege kompetansevurderingar av eget styre** i forhold til eigarane sitt føremål med selskapet. For å sikre utvikling av naudsynt kompetanse i styret tilrår KS at det blir etablert følgjande rutinar som ein del av styret sine rammer. Styret skal:

- Fastsette instruksar for styret og den daglege leiinga med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling
- Gjennomføre ein eigenevaluering kvart år både når det gjeld kompetanse og arbeid
- Bli gjeve jamleg moglegheit til ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmar skal få opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling
- Gjennomføre eigne styreseminar der fokus går på roller, ansvar og oppgåver
- Fastsette ein årleg plan, i rekna halvårig møteplan for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring
- Gje ein samla utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport. Dersom dette ikkje er gjort skal det forklarast

KS peikar på at rutinane er ei rettesnor og at rutinane naturleg nok vil avhenge av selskapet sin storleik og verksemd.³¹

Når det gjeld **styresamansetting i konsernmodell** tilrår KS at styremedlem i morselskap ikkje bør sitje i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vere representert i dotterselskapa sine styre. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold, og selskapa bør vere særleg merksam på problemstillingar knytt til anbod og inhabilitet dersom eitt av selskapa gir anbod til eit anna selskap i same konsern.³²

Vidare tilrår KS at når det utpeikast **vara til styre** bør ordninga med numerisk vara bli nytta for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. KS tilrår også at 1. vara blir invitert til styremøta for å på den måten sikre kompetanse og kontinuitet.³³

Når det gjeld **habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styre** tilrår KS at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar, og presiserer at ordfører og rådmann ikkje bør sitje i styrer. Ingen kommunalt tilsette eller folkevalde skal handsame saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølv er styremedlem. Når kommunen som eigar skal avgjere om dei skal velje ein folkevalt eller ein tilsett i kommunen som styremedlem for eit selskap, bør kommunen vurdere kor ofte vedkommande blir inhabil. Dersom inhabilitet ofte vil inntre, må kommunen vurdere om det blir lite hensiktsmessig å velje den aktuelle personen til styremedlem.³⁴

KS sine tilrådingar omhandlar også **kjønnsrepresentasjon i styre**. KS peiker på at det i høve til lov om interkommunale selskap er krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Vidare trekk KS fram at reglane i

²⁹Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.10

³⁰Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.11

³¹Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.11-12

³²Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.12

³³Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.12

³⁴Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.12-13

aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styre i aksjeselskap gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredeler av aksjane i selskapet. KS tilrår at eigarorgan uavhengig av organisasjonsform streber etter ein balansert kjønnsrepresentasjon i styrene.³⁵

KS sine tilrådingar omhandlar vidare **godtgjøring og registrering av styreverv**. KS tilrår at kommunen i samband med utarbeiding og eventuell revidering av eigarmelding gjennomfører ein prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eigarorganet si fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Vidare tilrår KS at alle som tar på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva på www.styrevervregister.no. KS peiker på at godtgjeringa bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Vidare presiserer KS på at styremedlemmar generelt ikkje bør påta seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.³⁶

KS tilrår at selskap ved utskilling av verksemd til sjølvstendig rettssubjekt søker medlemskap i ein **arbeidsgjevarorganisasjon**.³⁷

Vidare tilrår KS at eigar ser til at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer **etiske retningslinjer for selskapsdrifta**.³⁸

Den siste av tilrådingane frå KS omhandlar **administrasjonssjefens rolle**. Det går fram at administrasjonssjefen eller andre i leiande administrative posisjonar, samt medlem av kommunalråd, ikkje kan sitte i føretaksstyre.³⁹

³⁵Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.12-13

³⁶Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.13

³⁷Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.14

³⁸Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.14

³⁹Anbefalinger om eierskap, ledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (november 2014), s.14

Vedlegg 3: Sentrale dokument

Kommunale dokument

Dokument motteke frå Vaksdal kommune i samband med selskapskontrollen:

- Endeleg rapport Evaluering av næringsutviklingsarbeidet
- Generalforsamlingsmedlemmer
- Næringsparken status jan 2010
- Protokoll 2013 Kommunekraft
- Signert møteprotokoll 2014 Internkommunalt arkiv i Hordland
- VNP Generalforsamling 2014 Protokoll
- Årsrapport 2013 Business Region Bergen
- Evaluering av næringsarbeidet i Vaksdal kommune – Framlegg frå nemnda
- Arbeidsgjevarpolitikk

Anna:

- Selskapkontroll 2010 (KPMG)
- Protokoll frå kommunestyremøte 22 juni 2015

Andre dokument og litteratur

- Kommunal regnskapsstandard nr. 6
- RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon, 2011
- *Selskapskontroll – fra a-å ("Praktisk veileder")*. NKRF 2010
- *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak*. KS, februar 2014
- *Kontrollutvalgsboken*. Kommunal- og regionaldepartementet 2010

Websider

- <http://www.styrevervregisteret.no/>

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2015 Deloitte AS



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2015	Kontrollutvalet	PS	01.10.2015
71/2015	Kommunestyret	PS	09.11.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen		15/1457

ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET I VAKSDAL FOR 2014

Vedlegg:

KU årsmelding 2014

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga oversendes kommunestyret for godkjenning.

Kontrollutvalet - Sak 11/2015

KONT - Behandling:

Årsmeldinga blei gjennomgått av leiar for kontrollutvalet.

KONT - Tilråding:

Årsmeldinga oversendes kommunestyret for godkjenning.

Saksopplysningar:

Leiar for kontrollutvalet tek ein gjennomgang av årsmeldinga for kontrollutvalet i 2014.

KONTROLLUTVALET I VAKSDAL

ÅRSMELDING 2014

1. SAMANSETNING AV UTVALET

Medlemer

Boris Groth (leiar)
Linda U. Fossmark (nestleiar)
Anny Bjordam Leiren
Olav Jarl Bruvik
Evelyn Boge

Varamedlemer

1. Bente Jorunn H. Sundheim
2. Norvall Bolstad
3. Frode O. K. Dyvik
4. Trine Simmenes
5. Jan Steinar Solheim
6. Dag Brekke
7. Aud Karin Sæterdal

Sekretær: Roger F. Erlandsen, Askøy kommune

2. MØTEVERKSEMD

Utvalet har i 2014 hatt 4 møter, og det er registrert 12 saker.

Tilsette i kommuneadministrasjonen har møtt etter innkalling frå kontrollutvalet.

Representant frå Deloitte har ikkje fast møteplikt, men er til stades på møtene enten etter eige interesse eller etter innkalling frå kontrollutvalet.

3. SAKER UTVALET HAR HATT TIL HANDSAMING

a. Innstillingssaker

Som kommunen sitt kontrollorgan skal kontrollutvalet med bakgrunn i revisjonsmeldinga gje uttale om årsrekneskapen før han skal vedtakast av Kommunestyret.

I 2014 har kontrollutvalet fått seg førelagt følgjande rekneskap:

Rekneskap Vaksdal kommune for 2013.

Rekneskap Vaksdal Kommunale Arbeids og Opplæringscenter for 2013.
(AO-Senteret).

b. Saker i 2014

Sak	Møtedato	Sak nr
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – OPPFØLGING AV TIDLEGARE FORVALTNINGSREVISJONAR	19.03.14	1/14
ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET I VAKSDAL FOR 2013	19.03.14	2/14
EVALUERING AV AVHOLDT KURS/KONFERANSE FOR KONTROLLUTVALET	19.03.14	3/14
VURDERE MEDLEMSKAP I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN	19.03.14	4/14
VURDERING AV HABILITET	19.03.14	5/14
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2013	30.04.14	6/14
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER FOR 2013	30.04.14	7/14
FORVALTNINGSREVISJON «OPPFØLGING AV TIDLEGARE FORVALTNINGSREVISJONAR». RÅDMANNENS TILTAK.	22.10.14	8/14
BUDSJETT KONTROLLUTVALET FOR 2015	22.10.14	9/14
PROSJEKTPLAN SELSKAPSKONTROLL	22.10.14	10/14
DISKUSJONSSAK: VURDERE BESTILLING AV NY FORVALTNINGSREVISJON	22.10.14	11/14
PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON AV HEIMETENESTA, OG PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON AV BARNEVERNSTENESTENE	19.11.14	12/14

Det blei i 2014 ferdigstilt forvaltningsrevisjon av tidlegare utførte revisjonar. Revisjonane som blei følgt opp er: Pleie og omsorg (2008), Sjukefråvær (2009), Innkjøp (2010) og Openheit (2011).

Kontrollutvalet bestilte selskapskontroll, og forvaltningsrevisjon av Heiemetenesta for levering i 2015.

Kontrollutvalet meldte seg inn i Forum for kontroll og tilsyn.
Forum for kontroll og tilsyn sine primære oppgaver er:

- Styrke kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid med kontroll og tilsyn
- Være pådrivar i arbeidet med faglig utvikling av kontrollutvala og sekretariata
- Være en arena for erfaringsutveksling
- Styrke kontrollutvala og sekretariata sin kompetanse som bestiller av revisjonsoppdrag

c. Saker som må følgjast opp i 2015

Foreta forvaltningsrevisjon i samsvar med Plan for forvaltningsrevisjon

Oppfølging av selskapskontroll og forvaltningsrevisjonsrapportar

Rekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune for 2014

Kontrollutvalet takkar for jobben Deloitte har utført som revisor, og kan melde om godt samarbeid. Kontrollutvalet takker også for godt samarbeid med kommunen, og ser fram til eit godt samspel også i året som kjem.

Leiar for KU takkar medlemene for godt samarbeid og innsats i 2014.

Dalekvam september 2015

KONTROLLUTVALET I VAKSDAL

Boris Groth
Leiar

Linda U. Fossmark
Nestleiar

Anny Bjordam Leiren
Medlem

Olav Jarl Bruvik
Medlem

Evelyn Boge
Medlem



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
87/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.10.2015
72/2015	Kommunestyret	PS	09.11.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE - 242, FA - K60	15/1337

FRAMLEGG TIL AVVIKLING (OMDANNING) AV STIFTINGA FISKEFOND FOR BERGSDALSVASSDRAGET OG FLATABØELVA.

Vedlegg:

Vedtekter for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva
Vedtak om endring av fondsvedtekter
Balanserekneskap 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune går inn for å avvikle/omdanne stiftinga «Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva», og å dele tilgjengelege fondsmidlar likt mellom fondseigarane (Voss kommune, Vaksdal kommune og Kvam herad). Alternativet til avvikling, er samanslåing med andre fond.

Styret for «Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva» får i oppgåve å søkje Stiftelsestilsynet om avvikling i tråd med reglane i «stiftelsesloven», kapittel 6. Kommunane fremjar framlegg til Stiftelsestilsynet om at styremedlemane for «Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva» vert medlemar av avviklingsstyret.

Søknad om avvikling kan ikkje sendast før det er gjort vedtak om dette i alle eigarkommunane (Voss kommune, Vaksdal kommune og Kvam herad).

Etter avvikling skal Vaksdal kommune sin part av tilgjengelege fondsmidlar, overførast til anten «Mysterfondet» eller «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv». Begge fonda har slektskap til fondet som skal avviklast.

Aktuelle interesseorganisasjonar skal varslast når vedtak om avvikling av fondet er fatta av Stiftelsestilsynet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 87/2015

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Kommunestyret i Vaksdal kommune går inn for å avvikle/omdanne stiftinga «Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva», og å dele tilgjengelege fondsmidlar likt mellom fondseigarane (Voss kommune, Vaksdal kommune og Kvam herad). Alternativet til avvikling, er samanslåing med andre fond.

Styret for «Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva» får i oppgåve å søkje Stiftelsestilsynet om avvikling i tråd med reglane i «stiftelsesloven», kapittel 6. Kommunane fremjar framlegg til Stiftelsestilsynet om at styremedlemane for «Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva» vert medlemar av avviklingsstyret.

Søknad om avvikling kan ikkje sendast før det er gjort vedtak om dette i alle eigarkommunane (Voss kommune, Vaksdal kommune og Kvam herad).

Etter avvikling skal Vaksdal kommune sin part av tilgjengelege fondsmidlar, overførast til anten «Mysterfondet» eller «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv». Begge fonda har slektskap til fondet som skal avviklast.

Aktuelle interesseorganisasjonar skal varslast når vedtak om avvikling av fondet er fatta av Stiftelsestilsynet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

«Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva» er ei interkommunale stifting mellom kommunane Voss, Vaksdal og Kvam. Stiftinga er registrert i Føretaksregisteret i Brønnøysund-registera.

Fondet var opphavleg to ulike fond, oppretta i samband med reguleringa av Bergsdalsvassdraget. Direktoratet for naturforvaltning fastsette vedtekter for fondet, datert 28. mai 1991. Vedtektsrevisjon fann stad i år 2000, etter vedtak i respektive kommunestyre.

Fiskefondet har eit styre samansett av representantar frå involverte kommunar, utnemnd av kommunestyra. Styret for inneverande valperiode, består av:

- Jan-Fredrik Paulsen – leiar (Kvam herad).
- Kjersti Næss Finne (Voss kommune).
- Dag Brekke (Vaksdal kommune).

Adminstrasjonen av fondet ligg til Vaksdal kommune.

Vurdering

BRUK AV FONDET

I følgje vedtektene skal fondet nyttast til konkrete, fiskefremjande tiltak i Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva i kommunane Voss, Vaksdal og Kvam. Årleg bruk av fondet er avgrensa til tilgjengelege midlar ut over bunden grunnkapital, som vedtektene har fastsett til kr 60 000,- Saldo per 31.12.2014 var kr 108 723,-. Etter dette har fondsstyret tildelt kr 46 000,- til to omsøkte tiltak, og fondssaldoen er no om lag kr 62 700,-.

Fondet får ikkje tilført årleg kapital, ut over renteinntektene. Dette gjev eit lite økonomisk handlingsrom i høve til fondsføremålet.

Rekneskapen for 2013 og 2014 synte driftsunderskot. Denne situasjonen vil høgst truleg halde fram, sidan fondet ikkje får tilført årlege innbetalingar/innskot.

INNSTILLING FRÅ FONDSSTYRET

Styret har drøfta den økonomiske og praktiske situasjonen for fondet, med vekt på framtidig forvaltning, bruk og nytte. I dette høve meiner styret at fondet er utilstrekkeleg for å tilgodesjå fondsføremålet på ein rimeleg måte. Det er difor semje om å arbeide for ei omdanning av fondet i samsvar med «stiftelsesloven», kap 6, §§ 45 – 55.

Argumentasjonen er at ei avvikling, med overføring av tilgjengleg kapital til andre fiskefond i kommunane, vil gje større handlingsrom, og styrkje nytteverdien av midlane for framtidige tiltak i Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva.

Med bakgrunn i dette, fatta styret følgjande vedtak på styremøtet den 25. september 2014.

«Administrasjonen (Vaksdal kommune) førebur omdanning av «Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva», og legg til rette for eigarvedtak om dette i dei respektive kommunestyra. Administrasjonen lagar framlegg til felles saksutgreiing for kommunane, med likelydande vedtak, etter rådføring med Stiftelsestilsynet og Miljødirektoratet».

FORMELLE REGLAR FOR AVVIKLING AV EI STIFTING

I følgje nettsidene til Stiftelsestilsynet føreligg det formelle krav til avvikling av ei stifting:

- Oppheving og avvikling av ei stifting vert rekna som omdanning og føl reglane i «stiftelsesloven», kapittel 6. Dette inneber at styret må søkje Stiftelsestilsynet om å få stiftinga avvikla. Reglane for avvikling står i § 49 og § 52.
- Når det er fatta vedtak om avvikling, skal Stiftelsestilsynet velje eit avviklingsstyre for stiftinga. Stiftinga kan føreslå medlemar til avviklingsstyret, f.eks det sitjande styret. Det må gå fram kven som skal vere styreleiar. Dette har samanheng med at eventuelle kreditorar skal melde krav og liknande til leiaren av avviklingsstyret.
- Når det er fatta vedtak om avvikling, skal Stiftelsestilsynet som hovudregel kunngjere vedtaket.
- Eventuelle kreditorar får en frist for å melde krav mot stiftinga.
- Stiftinga må også vedta at resterande midlar i stiftinga skal nyttast på ein måte som er i samsvar med stiftinga sitt føremål eller eit føremål med slektskap.
- Opprettar skal alltid gje uttale ved avvikling. Det er tilstrekkeleg at styret legg fram dokumentasjon på at opprettar er gjeve mogelegheit til å uttale seg innan ein gjeven frist.

Konklusjon

Vaksdal kommune går inn for ei avvikling (omdanning) av stiftinga «Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva, og samordnar vedtaket med Voss kommune og Kvam herad.

VEDTEKTER FOR FISKEFOND VEDKOME REGULERING AV BERGSDALSVASSDRAGET OG FLATABØELVA

Med heimel i lov om vassdragsreguleringer av 14. desember 1917 nr. 17, § 12 nr. 8, 2. lekken, jf kgl.res. av 24. september 1965, jf kgl.res. av 13. juli 1928 og kgl.res. av 2. juli 1948, har Direktoratet for naturforvaltning den 28. mai 1991 fastsett følgjande vedtekter for fiskefondet, opphavleg to ulike fond hvor det eine var på kr. 10.000,- og det andre var på kr. 25.000,-, som er oppretta i samanheng med reguleringer av Bergsdalsvassdraget. Grunnkapitalen er pr. 28. mai 1991 justert til kr. 60.000,-.

§ 1

Fondet skal nyttast til konkrete fiskefremjande tiltak i Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva i kommunane Voss, Vaksdal og Kvam. Fondet skal disponerast av kommunestyrene i dei tre kommunane i samarbeid. Renteavkastning skal disponerast etter ei plan som vert laga årleg. Når det gjeld større tiltak som er for kostbare til å kunne setjast i verk ved hjelp av renteavkastninga, kan kommunestyrene etter samtykke frå Direktoratet for naturforvaltning, avgjere at ein kan bruke deler av fondet sin grunnkapital. Dersom slikt samtykke vert gjeve, skal det setjast som vilkår at fondet snarast råd blir ført opp til justert grunnkapitalnivå igjen.

§ 2

Til hjelp ved forvaltningen av fondet oppnemner kommunestyrene eit styre med eitt medlem frå kvar av kommunane, med personlege vararepresentantar. Medlem med vararepresentant velges fortrinnsvis blandt medlemmer av den nemnda/utvalet som har ansvar for innlandsfisket i kommunen. Funksjonstida for styret er 4 år. Oppnemning skjer etter kvart val på kommunestyre. Styret vel sjølv sin leiar og nestleiar.

§ 3

Møte skal samankallast av leiaren, eller i hans fråvær av nestleiar. Kvart einskilt styremedlem kan krevje at styret vert samankalla. Styret er vedtaksført når alle 3 medlemmer er til stades. Styret skal ha møte minst ein gong for året.

§ 4

Styret skal i samarbeid med fylkesmennene utarbeide plan for bruken av midlane og leggje forslaget fram for kommunestyrane og sjå til at midlane blir nytta i samsvar med planen. Melding om bruken av fondsmidlar skal sendast fylkesmannen til orientering.

§ 5

Kommunestyret sitt vedtak om bruken av midlane er underlagt fylkesmannen sin kontroll etter kommunestyreløven § 60.

§ 6

Fondet sin kapital skal plasserast etter vilkår for plassering av offentlege fonds. Vaksdal kommune fører rekneskapen for fondet.

§ 7

Desse vedtekter trer i kraft straks.

Saksprotokoll

Utval: Formannskap/plan- og økonomiutvalet
Møtedato: 18.12.00
Sak: 0099/00

Resultat: Innstilling vedteken

Arkivsak: 00/02067
Tittel: SAKSPROTOKOLL: ENDRING AV VEDTEKTER FOR
"FISKEFOND FOR BERGSD... FLATABØELVA"

Behandling:

Samrøystes.

Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner endring i vedtektene/ny § 4 i vedtekter for "Fiskefond vedkome regulering av Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva", fastsett av Direktoratet for Naturforvaltning den 28. mai 1991.

Ny § 4 lyder:

"Fondsstyret skal gjera fondet kjent i kommunane Vaksdal, Voss og Kvam. Styret skal likeleg gjennom kvar kommune sine lokalaviser informera om søknadsfrist, kva fondsmidlane skal nyttast til, om lag kor stor avkastninga er pr. år, og kven søknad skal sendast til. Kvar kommune vert tilsendt rekning for annonsering i eigen kommune.

Fondsstyret har fullmakt til å tildela midlar og ved tildeling skal det leggjast vekt på følgjande:

- *At søknad er mest mogeleg i samsvar med kultiveringsplan for Hordaland*
- *At søknad er mest mogeleg i samsvar med aktuelle kommunale kultiveringsplanar*
- *Felles fiskefremjande tiltak bør prioriterast, men det kan og gjevast stønad til gode einskild-tiltak*
- *Tiltak som kjem åtmenta til gode skal prioriterast*
- *Før tildeling skal det konfererast med miljøansvarlege i kommunane Vaksdal, Voss og Kvam.*

Noverande § 4 utgår.

Endring av vedtektene skal godkjennast av Direktoratet for Naturforvaltning.

- *At søknad er mest mogeleg i samsvar med aktuelle kommunale kultiveringsplanar*
- *Felles fiskefremjande tiltak bør prioriterast, men det kan og gjevast stønad til gode einskild-tiltak*
- *Tiltak som kjem ålmenta til gode skal prioriterast*
- *Før tildeling skal det konfererast med miljøansvarlege i kommunane Vaksdal, Voss og Kvam. ”*

Melding om bruken av fondsmidlane bør, som no, sendast fylkesmannen til orientering.

Vedlegg:

Gjeldande vedtekter for Fiskefond vedkomane regulering av Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva.

Likelydande brev til samarbeidskommunane frå fungerande leiar i fondsstyret Inge Sandven.

Bjørn Nilsen
Rådmann

Balanse 31/12-2014 for "Fiskefond for Bergsdalsvassdraget og Flatabøelva"
Org.nr. 977 155 428

Balanseregnskap 2014

	2014	2013	Noter
Eiendeler			
Anleggsmidler			
Obligasjoner og aksjer	0	0	
Ihendehaverobligasjoner	0	0	
Sum anleggsmidler	0	0	
Omløpsmidler			
Bankinnskudd og kontanter m.v.			
Bankinnskudd	108 723,62	121 063,62	
Sum ømløpsmidler	108 723,62	121 063,62	
Sum eiendeler	108 723,62	121 063,62	
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Urørlig egenkapital-grunnkapital	60 000,00	60 000,00	
Fri egenkapital	46 098,62	61 063,62	
Sum egenkapital	106 098,62	121 063,62	Note 2
Gjeld			
Kortsiktig gjeld	2 625,00	0,00	Note 3
Annen kortsiktig gjeld	0,00	0,00	
Sum gjeld	2 625,00	0,00	
Sum egenkapital og gjeld	108 723,62	121 063,62	

Dalekvam den



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
89/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.10.2015
73/2015	Kommunestyret	PS	09.11.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Truls Morten Kaland	FE - 151	14/1348

TERTIALRAPPORT VAKSDAL KOMMUNE 2.TERTIAL 2015

Vedlegg:

Tertialrapport 2.tertial 2015

Oversikt saker Kommunestyre 2.tertial

Vaksdal kommune - Aksjer og obligasjoner pr 2.tertial 2015

Vaksdal kommune - rapport gjeldsporteføljen - pr. 31.08.15

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr 2.tertial 2015 vert godkjent.

Det vert gjort følgjande budsjettjusteringar på driftsbudsjettet:

1. Konto 1570, overføring til kapitalrekneskapen, vert redusert med inntil 6 mill
2. Einingane innan Helse og omsorg sine budsjett vert styrka med inntil 6 mill. Rådmannen innarbeidet budsjettjusteringar for å dekke inn prognostisert meirforbruk.
3. Årets låneopptak vert auka med inntil 6 mill. Endeleg framlegg om låneramme vert lagt fram som eiga sak i desember.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 89/2015

FPØ - Behandling:

Rådmann, ass. rådmann og økonomisjef orienterte om tertialrapporten.

Kommunalsjef helse og omsorg orienterte om tenestekområde helse og omsorg.

Kommunalsjef oppvekst orienterte om tenestekområde oppvekst.

Einingsleiar samfunnsutvikling orienterte om tenestekområde innan eining for samfunnsutvikling.

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Tertialrapport pr 2.tertial 2015 vert godkjent.

Det vert gjort følgjande budsjettjusteringar på driftsbudsjettet:

1. Konto 1570, overføring til kapitalrekneskapen, vert redusert med inntil 6 mill
2. Einingane innan Helse og omsorg sine budsjett vert styrka med inntil 6 mill. Rådmannen innarbeidet budsjettjusteringar for å dekke inn prognostisert meirforbruk.
3. Årets låneopptak vert auka med inntil 6 mill. Endeleg framlegg om låneramme vert lagt fram som eiga sak i desember.

Saksopplysningar:

2015 er eit krevjande år med trong for omstilling pga reduserte inntekter frå utbytte, eigedomsskatt og konsesjonskraft. I tillegg er det reduserte rammeoverføringar og redusert skatt og inntektsutjamning.

Det er avvik innafor fleire einingar, men dei største avvika er å finne innafor tenestoområde Helse og omsorg. Pr 2.tertial er avviket nær 9 mill, noko som er ei auke med om lag 2 mill frå 1.tertial. Samla vil einingane ha eit meirforbruk på nær 6,1 mill ved årets slutt med dei tiltaka som er sett i verk. Det vert vist til tertialrapporten for ytterlegare detaljar.

Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter vil venteleg gå i balanse, og finansiering av forventet meirforbruk må såleis takast får andre postar. Det vert foreslått å redusere overføring frå driftsrekneskapen til kapitalrekneskapen for å dekke inn meirforbruket. Årets låneopptak må difor aukast tilsvarande.

Tertial 2/2015

Innhald

Økonomi – Driftsresultat pr 2.tertial 2015	2
Oppsummert med framlegg til budsjettjustering	2
Nærare om hovudpostane:	5
Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter	5
Drift tenestoområda	6
Organisasjon	9
Tenestoområde og einingar	13
Tenestoområde Helse og omsorg	13
Tenestoområde Oppvekst	22
Tenestoområde Samfunnsutvikling	27
Vedlegg	29

Økonomi – Driftsresultat pr 2.tertial 2015

Oppsummert med framlegg til budsjettjustering

Pr 2.tertial er det eit avvik på om lag -9 mill. Med dei tiltak som er sett i verk er det prognoserte avviket ved årsslutt om lag -6,1 mill. Avviket kan dekkast ved at budsjettet overføring frå drift til investering vert redusert frå 6,205 til 0,146 mill. Konsekvensen er at låneopptak for årets investeringsbudsjett vert auka med 6,059 mill.

Drift

Tabellen under viser resultat pr 2.tertial.

Eining	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Politisk/Rådmann/Stab	17 521 663	19 638 376	2 116 713	28 581 000	19 481 018
Skule	32 125 280	31 095 367	-1 029 913	50 100 000	29 313 619
Barnehage	13 201 170	13 871 293	670 126	22 225 000	12 603 527
Folkehelse og familie	20 005 763	17 754 640	-2 251 121	24 000 000	18 462 183
Heimetenesta	40 400 583	37 061 675	-3 338 906	51 945 135	38 687 797
Sjukeheimstenesta	35 269 700	30 850 528	-4 419 168	48 015 000	34 911 375
Samfunnsutvikling	18 837 900	16 225 932	-2 611 963	30 014 865	15 241 784
Sentrale postar	-178 044 083	-176 163 799	1 880 284	-254 881 000	-178 734 083
Sum	-682 024	-9 665 988	-8 983 948	-	-10 032 780

Det reelle avviket er noko mindre på enkelte område enn tala pr august viser, t.d Folkehelse og familie der inntekter kjem seinare i året. Den økonomiske situasjonen er krevjande og det er sett i verk mange tiltak som vi ser har byrja å verka. Ytterlegare effekt er venta i dei siste månadane av året. Heile organisasjonen gjennomfører tiltak for å redusere det samla avviket for kommunen.

Prognose for 2015:

Helse og omsorg har eit stort avvik i forhold til budsjett og prognosen for året er eit samla meirforbruk på 6 mill. For dei andre områda er det venta balanse med dei tiltaka som er sett i verk, men det er framleis usikkerhet knytt til sentrale postar. Nærare oversikt og kommentarer er lagt inn under hovudpostane og tenesteyrmda med einingar.

Tenesteyrmda	Forventa avvik 2015
Politisk/Rådmann/Stab	0
Oppvekst	0
Helse og omsorg	6 000 000
Samfunnsutvikling	0
Sentrale postar	0

Investering

Pr. 2.tertial er det følgjande status.

KAPITALBUDSJETT	Bud 2015	Status
INVESTERINGSUTGIFTER		
FELLES ØKONOMI - SENTRALT BUDSJETTERT		
Ikt- og datasikkerheitsløyising	1 200 000	Pågår
Kyrkja - investering - m.a. nøddlys	200 000	Pågår
Heradshus – datakabling	200 000	Pågår
Kundetorg – ombygging	150 000	Haust 2015
HELSE OG OMSORG		
Forprosjekt Helse og omsorg	800 000	Forprosjekt i gang
Ombygging/oppgradering kommunale bustader	500 000	Gjeld Elvavegen, under arbeid.
Prosjekt: Innovasjon i omsorg	500 000	Pågår
Folkehelse og familie – samlokalisering heradshus	450 000	Prosjekteringsfase
OPPVEKST		
Investeringar skulebygg m/lån	2 500 000	Rapport ligg føre, vedtatt strakstiltak
Opprusting uteområde skular/barnehagar	200 000	Pågår
Digitalisering i barnehage	200 000	Fullført
SAMFUNNSUVIKLING		
Eigedomsforvaltinga byggtenester	500 000	Pågår
Bustader Lavik	3 700 000	Skal gjennomføre interessentundersøking.
Snuplass - Otterstadneset	250 000	Haust 2015
Snuplass - Myster	150 000	Haust 2015
Tettaneset bu-visjon	11 250 000	Anbod 2. halvår
Senterplassen	300 000	Oppstart 2. halvår.
Andre møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø	200 000	Padlebryggje og naust Stanghelle.
Stamnes sentrum	500 000	Utsatt, Politisk vedtak i juni.
Digitale kartverk/arkiv	200 000	Prosjekt Nordhordland: Laser, fkb-b og ortofoto er starta
Trafikksikringsplan	200 000	pågår
Prosjekt rassikring:	150 000	Karleggingsprosjekt med NVE starta opp
Prosjekt: Adresseregister	200 000	Skilting pågår
Klimaplan - midlar	100 000	Ladestasjon ferdig haust 2015.
Opprusting kaier	600 000	Entreprensekostnad 2.85 mill kr. Tilleggsøyving. I gang
Samfunnsutvikling- samlokalisering, oppussing	200 000	Pågår
Bustader Døso	1 000 000	2. halvår 2015
Bekledning brannvern	400 000	utført
Oppgradering kommunale bruer	300 000	
Rullering av kommuneplan	500 000	Pågår.
Riving av gml barnehage Stanghelle	700 000	Gjennomført
		Lekkasjeutbetring pågår. Vatn til Stanghelle kai haust 2015.
Kommunale vassverk	1 500 000	
Avlaup (kloakkar)	1 500 000	Sanering av kloakkutslepp til Dalelva utført i mai-juni.
		Forprosjekt 1. halvår, grunnnerv, prosjektering og reguleringsplan 2. halvår.
Nytt vassverk Vaksdal	2 000 000	

Vaksdal kommune – Tertialrapport 2/2015

Avløpssanering Vaksdal	1 000 000	2. halvår 2015
Høgdebasseng Myster	300 000	2. halvår 2015
Asfaltering Gammersvik-Grøsvik	780 000	Midler er omdisponert til oppbygging av Toskedalsvegen etter ras. Ferdig 1. juni 2015
Asfaltering Sædalen Stanghelle	215 000	2. halvår 2015
Sikring mur Boge	105 000	TS anbod for Vaksdal og Boge til prising med frist 28. mai
SUM INVESTERINGAR	35 700 000	

Nærare om hovudpostane:

Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015
Rammetilskot og inntektsutjamning	-93 689 583	-95 723 940	-2 034 357	-144 380 000
Skatt	-65 420 817	-64 148 400	1 272 417	-92 700 000
Eigedomsskatt	-25 711 933	-25 500 000	211 933	-34 000 000
Utbytte	-1 895 563	-1 388 000	507 563	-1 388 000
Netto gevinst Aksjar/Obligasjoner	112 180	-1 333 336	-1 445 516	-2 000 000
Andre statlege overføringar	-116 484	-94 000	22 484	-2 870 000
Renter	3 883 700	5 371 268	1 487 568	8 910 000
Avdrag	4 864 417	6 839 008	1 974 591	11 900 000
Sum	-177 974 083	-175 977 400	1 996 683	-256 528 000

Skatt og rammetilskot

Eigen skatteinngang har vekt frå 2014, og har også ei meirinntekt i høve budsjett 2015. Skattetal for september viser at det kan forventast ei meirinntekt på eigen skatteinngang på om lag 1,3 mill.

Inntektsutjamninga er avhenging av nasjonal skatteinngang, og her er det framleis litt usikkert på korleis dette påverkar Vaksdal kommune. Det er likevel grunn til å anta at den nasjonale skatteinngangen medfører tap for Vaksdal kommune. Vi legg til grunn eit tap på om lag 2,3 mill, slik at samla mindreinntekt knytt til skatt og rammetilskot er forventa å verte 1 mill i 2015.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er redusert frå 2014, men har ei meirinntekt i høve budsjett 2015. Det er forventa at inntekta vil verte om lag 0,3 mill over budsjett.

Utbytte

Det er mottatt utbytte frå Gjensidige og Modalen/Eksingedalen Billag som gir meirinntekter på om lag 0,5 mill. Det er forventa at utbytte samla vil verte 0,5 mill betre enn budsjett.

Aksjar og obligasjonar

Det er oppstått avvik mot aksjebenchmark som er Oslo Børs (OBX), fordi Vaksdal kommune sin aksjeportefølje har ei anna samansetning. Oljeprisen har det siste halvåret falt frå USD 115 pr. fat til USD 50 pr. fat. Sektorer som seismikk, drilling og shipping har som følge av dette falt 40 til 60 % siste kvartal, avvik mot benchmark skyldes at deler av aksjeporteføljen har vore eksponert mot nevnte sektor. Eksponering mot sektoren vil verte gradvis redusert framover. Ca. 10 % av porteføljen består av slik aksjer, som har falt mykje i verdi. Det er venta at det samla ikkje kan forventast større gevinst på aksjar/obligasjonar, slik at vi får ei mindreinntekt på om lag 2 mill i forhold til budsjett.

Meir detaljar finn ein i vedlagte rapport fr BCM

Renter og avdrag

Pga lave rentenivå har kommunen kunne låne til lavare rente enn budsjett-renta, og det er forventa at det samla an ventast om lag 2 mill i mindreforbruk her.

Meir detaljar finn ein i vedlagte rapport fr BCM

Oppsummert frie inntekter og netto finansinntekter / utgifter


Samla kan det ventast at det ikkje vert meirinntekter her. Meirinntekter frå eigedomsskatt og utbytte kompenserer i stor grad bortfall av skatteinntekter og inntektsutjamning. Lave renteutgifter kompenserer i stor grad tap på aksjar/obligasjonar.

Drift tenesteområda

Samla er det eit periodisert meirforbruk på om lag 10,8 mill fordelt på desse tenesteområda, reelt er avviket noko mindre grunna periodiseringsavvik av inntekter m.a for Folkehelse og Familie og sjølvkostområde under Samfunnsutvikling. For politisk/rådmann/stab er det periodiseringsavvik knytt til utgifter som er påløpt, men ikkje ført.

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Politisk/Rådmann/Stab	17 521 663	19 638 376	2 116 713	28 580 992	19 481 018
Skule	32 125 280	31 095 367	-1 029 913	50 100 002	29 313 619
Barnehage	13 201 170	13 871 293	670 126	22 224 999	12 603 527
Folkehelse og familie	20 005 763	17 754 640	-2 251 121	24 000 000	18 462 183
Heimetenesta	40 400 583	37 061 675	-3 338 906	51 945 135	38 687 797
Sjukeheimstenesta	35 269 700	30 850 528	-4 419 168	48 015 010	34 911 375
Samfunnsutvikling	18 837 900	16 225 932	-2 611 963	30 014 862	15 241 784
Sum	177 362 059	166 497 811	-10 864 232	254 881 000	168 701 303

Lønsutgiftene er den største utgiftsposten og størstedelen av avviket kjem fram her. Pr 2.tertial ser vi at avviket ikkje aukar meir, og oppdaterte lønsutgifter pr september og oktober viser at tiltaka har effekt og at avviket vert redusert.



Felles økonomi -

Felles økonomi er politisk, rådmann, stab , fellesutgifter og diverse tilskot (mellom anna Kyrkja, AO-senter og Frivillighetssentral). Konsesjonskraft vert inntektsført her.

Pr 2.tertial er det eit mindreforbruk på om lag 0,7 mill. Dette er i hovudsak periodiseringsavvik knytt til påløpte, ikkje førte utgifter på funksjon Politisk og fellesutgifter.

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Politisk/Rådmann/Stab	14 046 399	14 716 833	670 434	21 980 992	9 598 219

Helse og omsorg

Helse og omsorg har ei samla budsjettramme på om lag 127 mill. Pr 2.tertial er det eit avvik på –9,1 mill innafor tenesteområdet. Noko av dette er periodiseringsavvik, i all hovudsak knytt til teneste 275 (Introduksjonsordninga/Flyktningar)som er vanskeleg å periodisere. I tillegg er det manglande inntektsføring på om lag 0,3 mill. Det reelle avviket er dermed noko lågare.

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Felles Helse og omsorg	1 166 382	2 114 971	948 589	3 000 000	6 197 980
Folkehelse og familie	20 005 763	17 754 640	-2 251 121	24 000 000	18 462 183
Heimetenesta	40 400 583	37 061 675	-3 338 906	51 945 135	38 687 797
Sjukeheimstenesta	35 269 700	30 850 528	-4 419 168	48 015 010	34 911 375
Sum	96 842 428	87 781 814	-9 060 606	126 960 145	98 259 335

Oppvekst

Oppvekst har ei samla budsjettramme på 75,9 mill. Pr 2.tertial er det eit avvik på 0,1 mill innafor tenesteområdet.


	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Felles Oppvekst	2 308 882	2 806 572	497 690	3 600 000	3 684 819
Skule	32 125 280	31 095 367	-1 029 913	50 100 002	29 313 619
Barnehage	13 201 170	13 871 293	670 126	22 224 999	12 603 527
Sum	47 635 332	47 773 232	137 903	75 925 001	45 601 965

Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling har ei budsjettramme på 30 mill. Pr 2.tertial er det eit avvik på –2,6 mill. Noko av dette er eit periodiseringsavvik. Innafor VAR-området har det vore ein betalingsfri termin for dei kommunale avgiftene, dette er inntekter som skal takast frå fond ved årsslutt. I tillegg er det ei manglande inntekt på om lag 0,2 mill. Ser vi bort frå VAR (sjølvkost) er det reelle avviket om lag –1,2 mill.

	Regnskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Samfunnsutvikling	21 587 792	20 160 804	-1 426 982	30 014 862	19 744 671
Samfunnsutvikling - VAR	-2 749 892	-3 934 872	-1 184 981	-	-4 502 887
Sum	18 837 900	16 225 932	-2 611 963	30 014 862	15 241 784

Organisasjon



Vaksdal kommune er organisert i to nivå med rådmann, stab og 6 resultateiningar. Alle einingane hadde intern organisering på plass innan utgangen av 2014.

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapeleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

Prosjekt: Organisasjonsutvikling



Prosjektet går over fire år frå 2013 -2016 og har fire hovudtema: organisering, leiing, kompetanse og system. Målsetnadane for kommunen som tenesteytar er rettesnor for utviklingsprogrammet. Gjennom OU programmet rustar vi organisasjonen for å takle utfordring og krav i notid og framover.


I 2015 er fokuset på gjennomføring av strategiane som er lagt: Endringar og omstillingar i samsvar med mål og økonomiske rammer, effektivisering av arbeidsprosesser gjennom nye verktøy og ny kunnskap og verksemdsstyring gjennom systemarbeid og kvalitetsutvikling er sentrale satsingar.

Av delprosjekt som pågår eller er igangsett/gjennomført pr 2. tertial er til dømes

- internkontroll og kvalitetsutvikling inkludert implementering av elektronisk kvalitetssystem,
- økonomioppfølging og betre bruk av relevante styringsdata
- AD tilgangskontroll
- Elektronisk system for reiserekningar, ferie- og fråvær, innkjøp, og ressursstyringsverktøy
- Ta i bruk fleire verktøy for elektronisk datafangst og dataflyt mellom ulike system

Alle prosjekta handlar grunnleggande om utvikling av arbeidprosessar, kompetanse og samhandling slik at vi som organisasjon på best mogeleg måte kan løyse oppgåvene våre og oppnå resultat i samsvar med vedtatte mål.

Tiltak for kompetanseheving og fagutvikling er i gang innanfor alle tensteområde. Leiarprogram med månadlege samlingar er i gang både for einingsleiargruppa og for eit utvida leiarfora der avdelingsleiarar og deltar. Første halvår har det vore fokus på basiskunnskap innan personal og økonomi i tillegg til leiing. Andre halvår er verdiarbeid og verdibasert leiing eit hovudtema.



Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen.

Etter ny organisering skal det vere tydelege leiarnivå og kven som kan ta avgjerder på desse nivåa. Leiarutviklingsprogram skal støtte opp under denne målsetnaden og gjelde for heile organisasjonen. Avdelingsleiarrolla er styrka og vert satsa på i den nye organisasjonen.

Etikk: Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. I OU-prosjektet er etikk tatt inn som eige deltema. I einingane er etikk og etiske problemstillingar eit sentralt tema i HMT – arbeidet og i arbeidet med kvalitetsutvikling.

Internkontroll er nært knytt til verksemdstyring og kvalitetsutvikling. Rådmanns har årleg gjennomgang av interkontrollarbeidet. I OU prosjektet er det etablert eit eige delprosjekt knytt til internkontroll og innføring av felels elektronisk kvalitetssystem. Arbeidet med dette systemet pågår i heile organisasjonen.

Openheit og innsyn

Kommunen ønskjer openheit og innsyn i forvaltninga. I dei siste åra er det tatt i bruk ny teknologi for å kunne imøtekomma dette på ein betre og sikrare måte. Det er også iverksatt tiltak for å styrke kompetansen i organisasjonen. Gjennom aukande digitalisering i samfunnet generelt er forventningane til innsyn og offentlegheit via digitale løysingar sterkt aukande. Kommunen må tilpasse seg denne utviklinga gjennom auka kompetanse og gode digitale løysingar. Konkret er arbeidet tatt inn som del av OU prosjektet med tiltak som elektronisk kommunikasjon som hovudregel, digital innsynsløysing, nye nettsider, publisering av fulltetekstdokument på nett, fullelektronisk saksbehandling og arkiv og opplæring av saksbehandlere og leiarar.

Beredskap

Overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse er fullført og vedtatt i mars. Ny beredskapsplan er vedtatt og gjeldande frå mai.

HR

Vaksdal kommune sin arbeidsgjevar politikk har viktige målsetjingar for personalområde

- Kommunen skal framstå som ein attraktiv og ansvarleg arbeidsgjevar med myndiggjorte medarbeidarar.
- Sikre kommunen nødvendig kompetanse for å nå vedtekna mål.
- Utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Å stimulere til kreativitet og nytenking.
- Arbeida aktivt og systematisk med arbeidsgjevarspørsmål på alle nivå i organisasjonen.
- Å avklare rammevilkåra for dei tilsette

Medarbeidarundersøkingar vart gjennomført i mars 2015. Svarprosenten vart 74% , godt over målet på 65%. Resultata var jevnt over litt opp frå 2013. Samla resultat er 4,4 mot 4,3 for to år sidan på ein skala frå 1-6.

Medarbeidarundersøking 2015 – hovudbilde

- o Sett under eitt har vi godt nøgde arbeidstakarar i Vaksdal kommune
- o Lik eller betre skår enn tidligare år i alle dimensjonar
- o Generelt høg trivsel og godt samarbeid mellom kollegaer
- o Tilsette er veldig nøgd med arbeidets innhald (<6% svar på 1-3 i skala frå 1-6) og meiner å mestre det godt
- o Forholdet til leiinga lokalt og overordna ser ut til å vera styrka sidan 2011. OU-prosjektet, dialogmøter og fellessamlinga ein gong i året kan ha medverkatil dette
- o Overordna leiing skårar likevel under landssnitt for Noreg
- o Pilane for organisering av arbeidet og faglig/personlig utvikling peikar oppover
- o Fysiske arbeidsforhold og især standarden på arbeidslokala kritiserast
- o 56% av respondentane har fått tilbod om medarbeidarsamtale, av dette gjennomførte 83% denne dei siste 12 mnd.

Sjukefråver

Målsetnaden om eit sjukefråver i den kommunale organisasjonen på **7 %** ligg fast.

Pr 2. kvartal er sjukefråveret framleis høgt med 10,9 % som i fjor.

År	1.kv	2. kv	3.kv	4.kv	samla
2007	11,8	9,9	10,3	9,8	10,7
2008	11,4	8,8	6,6	7,9	9,1
2009	10,0	10,4	11,5	9,3	10,4
2010	9	7,6	7,8	9,7	8,9
2011	10,8	9,6	8,2	11,5	10
2012	11,5	9,1	5,8	8,4	8,8
2013	9,7	8,4	7,3	10,5	9,1
2014	11,4	10,9	9	11,8	11
2015	11,7	10,9			

Sjukefråveret i kommunen er for høgt og arbeidet vårt for å redusere sjukefråveret er høgt prioritert. Arbeidsmiljøutvalet vedtok ein IA handlingsplan i møte i mars og einingane har etablert lokale arbeidsmiljøgrupper som utarbeider lokale handlingsplaner. Kartlegging av lokale utfordringer er avgjerande for målretta tiltak og vi må stadig vurdere effektene av det vi gjer. Den systematiske sjukefråværsoppfylginga med tett og tidleg innsats må halde fram.

Sjukefråvæer pr eining pr månad og kvartal - i %											
Eining	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	1 kv	2 kv	aug	Måltal
Barnehage	6,3	9,7	4,9	6,8	12,1	11	10,8	7	10	11,4	8,0
Skule	5,8	5,5	7	5,1	6,0	5,5	1,8	6,1	5,5	0,7	5,0
Folkehelse/familie	18,7	14,2	19,6	11,1	20,1	13,3	8,5	17,5	14,9	6,8	7,5
Samfunnsutvikling	14,7	16,6	11,6	7,6	11,4	12	9,5	14,3	10,3	7,9	7,0
Heimetenesta	15,2	13,3	14,9	14,5	16,7	11,6	7,3	14,5	14,3	12,2	9,5
Sjukeheimstenesta	20,3	18,1	19,1	20,7	15,3	15,1	14,2	19,2	17	13,2	9,5
Rådmann*	3,3	1,3	1,9	0,7	0,7	0,7	1,1	2,2	0,7	4,5	2,5
Kommunen samla	12,3	11,7	11,6	10,3	12,1	10,3	7,8	11,8	10,9	8,3	7,0

*stab,PPT, lærlinger, HTV,HVO, rådmannsnivå

Skule og rådmann/stab er under måltalet pr 2. tertial. Heimetenesta, sjukeheimstenesta, folkehelse og familie, barnehage og samfunnsutvikling har høgare sjukefråvere.

Aktiv bruk av vårt nye intranett **Skyttelen** for intern kommunikasjon og og med link til alle gjeldande rutiner og retningslinjer i kvalitetssystemet og personalhandboka. Det pågår arbeid med ein kommunikasjonsstrategi for organisasjonen.

Omstilling og endring

Alle organisasjonar er i stadig endring. Kommuneorganisasjonen må være handlekraftig og vise evne til omstilling i samspel med innbyggjarane. I vår organisasjon har vi justert organisasjonsstrukturen dei siste åra, samstundes som me arbeidar for å tilpasse oss endra behov, oppgåver og inntekter. For tilsette i kommunen kan endringssprossar gjere at ein får nye kollegaer, nye arbeidsoppgåver, nye måtar å arbeide på eller andre faglege utfordringar. Dette kan vere inspirerande og motiverande, men for nokon også føre til utryggleik og stress.

Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system når ein gjennomfører endring og omstilling. Her er kommunen sine rutinar for omstilling, omstillingsutval, stillingsutval og eit formalisert og godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonen viktig verkty for å sikre at prosessane blir gjennomførde på ein god og korrekt måte

Rekruttering og lærlingar

Det har vore god søknad på dei flest stillingane, men rekruttering av leiarar og tilsette med spesialistkompetanse er meir krevjande, døme barnevernsleiar og HR leiar. For å sikre god rekruttering til helse og omsorg vil kommunen i 2015 halde fram med å delta i programmet for desentralisert sjukepleiarutdanning. I tillegg vert det starta eit kvalifiseringsprosjekt som tilbod for personar som ynskjer arbeid innafor helse og omsorgs-sektoren. Kommunen har mål om å ha minst 8 lærlingar kvart år i perioden, pr 2. tertial har vi 9.

Tenesteområde og einingar

Tenesteområde Helse og omsorg


Tenesteområde helse og omsorg har vore felles tenesteområde for dei tre einingane Heimetenesta, Sjukeheimstenesta og Folkehelse og familie sidan 01.01.2014. Tenesteområdet utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle aldersgrupper og alle diagnosegrupper, frå førebyggjande og rehabiliterande tiltak til bistand og helsehjelp til personar som ikkje meistarar alle gjeremål sjølv. Målsetnaden er at den einskilde i størst mogeleg grad kan meistra eige liv.

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Felles Helse og omsorg	1 166 382	2 114 971	948 589	3 000 000	6 197 980
Folkehelse og familie	20 005 763	17 754 640	-2 251 121	24 000 000	18 462 183
Heimetenesta	40 400 583	37 061 675	-3 338 906	51 945 135	38 687 797
Sjukeheimstenesta	35 269 700	30 850 528	-4 419 168	48 015 010	34 911 375
Sum	96 842 428	87 781 814	-9 060 606	126 960 145	98 259 335

Tenesteområdet har også i 2. tertial store avvik som starta i 1. tertial, og som ein ikkje har klart å snu i tide til å få nok effekt i 2. tertial. Hovuddelen skriv seg frå lønspostar i sjukeheimstenesta og heimetenesta og frå overskridingar i økonomisk sosialhjelp og dyre plasseringar og innleige av sakkyndige i barnevernet. Prognosa er at tenesteområdet samla vil få eit overforbruk på rundt 5 millionar i 2015.

Føresetnad for budsjettet for 2015 var nedtrekk av sjukeheimsplassar for å redusera lønskostnad. P.g.a. stort trykk på sjukeheimsplassar heile 1. tertial og fram til juni månad, let det seg ikkje gjera å redusera tal plassar slik forutsetninga var. Ein fekk derfor stort overforbruk på løn. Beleggprosenten var svært høg (sjå figur under), og heile 1. og 2. tertial var det i tillegg 1 - 2 pasientar på overbelegg. Dette vart orientert om tidleg i 1. tertial og i tertialrapport 1.

Beleggprosent sjukeheimsplassar, 2014 og 2015



Vaksdal tok imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehus fram til 2. tertial 2014. I 3. tertial 2014 fekk me auka press på sjukeheimsplassar, og det vart totalt betalt for 56 døgn i 2014. Det høge talet

utskrivingsklare heldt seg i heile 1. tertial i 2015 og t.o.m. mai månad (sjå tabell under med tal frå 2014 i parantes).

Utskrivingsklare frå sjukehus, døgn å betala for

	Jan. -15 (14)	Febr. -15 (14)	Mars -15 (14)	April -15 (14)	2.tertial-15 (14)
Betalt for døgn utskrivingsklare	8 (0)	8 (0)	21 (0)	43 (0)	9 (14)

I tillegg til auke i talet utskrivingsklare pasientar meldt frå sjukehus, var det vinter og vår 2015 også auke i søknad om sjukeheimplass frå heimebuande. Særleg var det stor oppgang i tal personar med demens som kom inn på korttidsopphold og var for dårlege til å utskrivast til heimen (sjå tabell under).

Pasientar på korttidsopphold

	1. tertial 2015 (2014)	2. tertial 2015 (2014)	(3. tertial 2014)
Snitt pas. på korttidsopphold pr. mnd.	15,5 (10)	15,25 (7,75)	(10,75)
Kom frå sjukehus, snitt pr. mnd.	9,5 (5,5)	8 (4)	(6,5)
Tal pas. med demens	12 (4)	7 (2)	(10)

P.g.a. auka trong for sjukeheimplassar klarde ein ikkje å redusera tal plassar før ut i 2. tertial. Det vart i 1. tertial sett i verk tiltak i heile tenesteområdet, m.a. streng vurdering før innleige av vikar, stillingar vart holdne vakante der dette var råd, gjennomgang av vedtak og bemanningsplanar/turnus og reduksjon av innleige av sakkyndige. Innan barnevern vart dyre institusjonsplassar avvikla. Dagplassar og tryggleiksrom bemanna av heimetenesta vart teke i bruk for å redusera presset på sjukeheimplassar. Heimetenesta har iverksett mange tiltak (sjå under eininga sin rapport) som gir noko effekt frå 2. tertial og meir effekt frå 3. tertial. Fleire av tiltaka er gjennomførbare p.g.a. godt samarbeid med sjukeheimstenesta, og ved at tilsette jobbar på tvers av einingane. M.a. er reduksjon av ei nattevakt (1,8 årsverk) i juni mnd. og redusert innleige av sommarvikarar resultat av samarbeidet. Sjukeheimstenesta har redusert med 4 sjukeheimplassar og flytta 3 stillingar inn i vakanser/sjukevikariat. Det er planlagt nedtrekk på 2 plassar til ved naturleg avgang, noko som medfører reduksjon av 1 årsverk. Grunnbemanning vert på ei gruppe redusert med eit årsverk. Det er innført innkjøpsstopp og kutt i personalkostnader i heile tenesteområdet. Personell samarbeidar på tvers av einingar og avdelingar for å få mest mogeleg effektive tenester/tiltak.

Data frå Kostra og Kommunebarometeret viser oss at me har potensiale for meir effektivisering, og at me bør satsa på tiltak lenger nede i omsorgstrappa. Det vert jobba systematisk og strategisk med tenesteutvikling, kompetanseheving og bruk av nye metodar og velferdsteknologi. I tillegg til godt samarbeid internt og med brukarar og frivillige, vil dette på sikt bidra til at brukarane vert meir sjølvhjelpne, og at ressursar og personell kan brukast meir effektivt og hensiktsmessig. Bruk av moderne velferdsteknologi saman med satsing på metodar som t.d. kvardagsrehabilitering, vil bidra til at fleire kan bu heime lengre med mindre tenester.

I 2. tertial i år har me fått effekt av denne satsinga og har tilpassa tenester og tal stillingar etter det. Bruk av multidose (ferdig doserte medikament) og innføring av nettbrett i heimetenesta gjorde det mogeleg å redusera 1,9 stillingar med full effekt frå 1. oktober. Moderne teknologisk varslingsystem på sjukeheimane bidrog til at ein kunne redusera 1,8 nattevaktstilling i juni månad.

Det er igangsett tiltak for å få betre økonomistyring og oversikt og sikra god kontroll: einingsleiarar og avdelingsleiarar har fått opplæring i bruk av styringsverktøy, det er faste jamnlege møte med økonomiavd., tett oppfølging med rapportering og gjennomgang av tiltak, hyppig gjennomgang av bemanningsplan og turnus opp mot lønslister, og eventuelle endringar av turnus vert gjort raskt. Styringsdata frå m.a. Kostra og Kommunebarometeret vert brukt meir systematisk i planlegging.

Mål og måloppnåing tenesteområde helse og omsorg

Igangsetja nye tiltak og tenester med førebyggjande og rehabiliterande fokus og starta kvardagsrehabilitering:

I 1. tertial var det planlegging, opplæring og oppstart av kvardagsrehabilitering. Dette arbeidet er vidareført inn i 2. tertial, og kvardagsrehabilitering vert tilbode som ei teneste frå 2016.

Psykiatritenesta har starta grupper for sine brukarar.

Under prosjektet «Lev Vel i Vaksdal – Meistring og deltaking heile livet» vert det jobba med metodar, tilrettelegging og hjelpemiddel som skal virka førebyggjande og rehabiliterande.

Samarbeid med tenesteområde oppvekst for å betra oppvekstvilkåra i kommunen:

Me samarbeidar med tenesteområde oppvekst og samfunnsutvikling m.a. gjennom «Trafikksikker kommune». Det er starta arbeid med å utarbeida Folkehelseoversikt som vert ferdig i løpet av 3. tertial (tilskot frå Fylkeskommunen). Kommunen deltek i år i «Ungdata»-undersøkinga som gir verdifull informasjon om korleis dei unge har det. Tilskotsmidlar gjorde det mogeleg å tilsetja kommunepsykolog (40 %) for barn og unge i kombinasjon med stilling i PPT.

Arbeida vidare med tiltak og planar frå OU-arbeidet:

Det vart i 1. tertial utarbeida projektskisse for utvikling av ressursbase/«minibygd» for personar med demens ved Vaksdal sjukeheim og Helsehus ved Daletunet. Me er no inne i forprosjektperioden som varer fram til juni 2016 der me skal utgreia mogelegheiter og leggja planar. Fylkesmannen har gitt kr. 700.000,- til forprosjektet for 2015, og me er i ferd med å inngå samarbeid med forskarar frå Senter for omsorgsforskning Vest og Senter for Nyskaping ved Høgskolen i Bergen.

Tilby personar med demens dagplass på eiga dagavdeling:

Vidare planlegging vert kobla til oppretting av ressurscenter for demens ved Vaksdal sjukeheim. Personar med demens har som tidlegare tilbod om dagplass ved dei tre dagavdelingane me har i kommunen.

Ei tverrfagleg samansett gruppe som har gjennomgått kursrekke i helsepedagogikk:

Det vert jobba målretta med kompetanseheving i tråd med kompetanseplan, både gjennom kurs, kursrekke, vidareutdanning og deltaking i nettverk. Me har også i 2. tertial hatt nye medarbeidarar gjennom kursrekke i helsepedagogikk, og fleire deltek i 3. tertial og etter nyttår.

Heimetenesta

Brukarane av tenesta skal få bu heime så lenge som råd. Heimetenesta tilbyr hjelp knytt til heimen, og tenester vert tildelte etter individuelle vurderingar. Eininga har serviceerklæringer på dei ulike tenestene. Tenestemottakar skal oppleve tryggleik og trivsel i eigen heim. Eininga er tufta på verdier som respekt, omsorg og likeverd.

Økonomi

Heimetenesta	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Løn inkl sykelønsrefusjonar	40 406 087	37 246 252	-3 159 834	57 886 218	38 826 618
Driftsutgifter uten løn	2 172 047	1 671 139	-500 907	2 565 629	2 027 919
Brukarbetalingar og gebyr	-1 662 626	-1 619 108	43 518	-2 414 000	-1 543 804
Øvrige refusjonar og inntekter	-514 925	-236 608	278 317	-6 092 712	-622 936
Sum	40 400 583	37 061 675	-3 338 906	51 945 135	38 687 797

Tendensen frå 1. tertial med mange brukarar og vedtakstimar heldt seg ut i 2. tertial. Høgt sjukefråvær og vakante stillingar har ført til ekstra innleige av personell. Med færre tilsette på jobb, vert det også dyrare innleige, bruk av meir overtid og forskyving og bruk av vikarbyrå. Tiltak vart iverksett, men dei klarde ikkje å snu utviklinga før ut i 2. tertial. Tiltak var m.a. innføring av nettbrett, streng vurdering ved innleige av vikar og gjennomgang av vedtak og rasjonalisering av arbeidslister.

I løpet av sommaren har iverksette tiltak saman med ein reduksjon av brukarar og vedtakstimar gjort at ein har fått redusert arbeidslister og bemanning. Innføring av multidose (ferdig doserte medikament) saman med bruk av nettbrett og omlegging av rutinar har ført til reduksjon av 1,9 årsverk. Ein har også redusert bruk av sommarvikarar. Godt samarbeid med sjukeheimstenesta på natt har gjort at ein har redusert nattbemanninga med ei nattevakt (1,8 årsverk).

Ei rekke andre tiltak er iverksette frå september: reduksjon av 0,98 årsverk ved å redusera ei dagvakt i vekedagane (andre tilsette dekkar inn nokre oppdrag, så totalreduksjon vert 0,81 årsverk), reduserar praktisk bistand, støttekontakt og brukarstyrt personleg assistent tilsvarande 1,36 årsverk.

Frå oktober reduserar ein ytterlegare: 1,9 årsverk som følgje av endring i vedtak og turnus, 3 årsverk ved omleggingar, ny turnus og innføring av nye prosedyrar/arbeidsmåtar i Elvavegen.

Desse tiltaka saman med auka refusjon knytt til ressurskrevjande brukarar, gjer at avviket vert vesentleg redusert. Prognosa er opp mot 600.000,- kr. i overforbruk.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Dagsenter for heimebuande personar med demens:

Dette er utreda, men oppstart er utsett og vidare planlegging vert kobla til arbeidet med ressursbase for demens ved Vaksdal sjukeheim.

Innføring av kvardagsrehabilitering:

Har gjennomført opplæring og starta med dei første brukarane. Får erfaringar som vert evaluert før ein tilbyr kvardagsrehabilitering som eiga teneste frå 2016.

Auka kompetanse innan helsepedagogikk:

Helsepedagogikk og lærings- og meistringsstrategiar vert aktivt nytta i arbeid med brukarane. Fire tilsette har fått opplæring innan helsepedagogikk, og fleire startar i 3. tertial og etter nyttår.

Det er også innført samarbeidsmøte kvar veke med fysio- og ergoterapeut der ein utvekslar erfaringar og planlegg samarbeid rundt kvardagsrehabilitering og bruk av helsepedagogiske metodar.

Betre utnytting av dataverktøyet PPS (sjukepleieprosedyrar):

Opplæringsplan for avdelingane vert laga i 3. tertial.

Implementering av teknologiske hjelpemiddel:

To tilsette tok 15 studiepoeng i omsorgsteknologi i vinter. Det er svært gode erfaringar med bruk av nettbrett som ein starta med i februar. Det har ført til redusert bruk av overtid og gitt mogelegheit for effektivisering.

Redusera sjukefråværet:

Sjukefråværet er 11,8 %, d.v.s. ei betring frå 1. tertial. Men det er framleis over målet på 9,5 %. Det er iverksett fleire tiltak som skal ha positiv effekt, m.a. multidose og bruk av nettbrett som lettar arbeidssituasjonen og gjer arbeidsdagen meir oversikteleg. Det er også danna HMT-gruppe som skal jobba for å redusera sjukefråvær.

Sjukefråvær 2015:

Eining	Mål:	1. tertial	2. tertial
Heimetenesta	9,5 %	14,1 %	11,8 %

Sjukeheimstenesta

Eininga skal driftast innan dei kvalitetskrav og lovmessige og økonomiske føringar som til ei kvar tid er gjeldande. Kvalitetskrav for den einskilde pasient skal sikrast. Dei tilsette skal få fagleg oppfølging, og system for planmessig kompetanseoppbygging for faggruppene skal ivaretakast.

Sjukeheimstenesta må leggja til rette for å oppfylle målsetninga om at alle skal få bu heime så lenge som mogeleg.

Økonomi

Sjukeheimstenesta	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Løn inkl sykelønsrefusjonar	36 077 798	31 981 355	-4 096 441	49 153 714	35 412 202
Driftsutgifter uten løn	7 846 661	7 976 089	129 430	12 386 657	6 986 013
Brukarbetalingar og gebyr	-7 674 571	-6 872 338	802 233	-10 173 500	-6 620 132
Øvrige refusjonar og inntekter	-980 188	-2 234 578	-1 254 390	-3 351 861	-866 708
Sum	35 269 700	30 850 528	-4 419 168	48 015 010	34 911 375

Det var stort trykk på sjukeheimplassar i 1. tertial, og det vart betalt for totalt 80 døgn for utskrivingsklare på sjukehus mot ingen i 1. tertial 2014. Det var ikkje råd å redusera plassar og tilsette slik forutsetninga for budsjettet var, og ein har derfor stort overforbruk på lønspostar. P.g.a. vakante sjukepleiarstillingar på natt vart det også nytta vikarbyrå meir enn ønskjeleg. Det vart investert i nye sjukesenger og nytt varslingsutstyr til ca. kr. 300.000,-. Dette var ei eingongsinvestering i 1. tertial, og ga effekt ved at ein kunne redusera nattbemanning i 2. tertial.

Det vart sett inn tiltak for å letta presset på sjukeheimplassar og klara å ta imot utskrivingsklare, m.a. ved å ta i bruk tryggleiksrom bemanna av heimetenesta. Bemanningsplanar og turnusar vart også gjennomgått, og det vart samarbeida nært med heimetenesta for å kutta kostnad og effektivisera drifta. Mai var den siste månaden med utskrivingsklare på sjukehuset, og frå juni vart det kutta ei nattevakt. Dette vart mogeleg p.g.a. tett samarbeid med heimetenesta sine nattevakter og p.g.a. at bruk av varslingsutstyr (teknologi) lettar arbeidet for nattevaktene på institusjon. Årseffekt av å fjerna nattevakt (1,8 årsverk) er om lag kr. 1,3 millionar med tillegg, og innsparing i 2015 vert 644.000,- Dette skal fordelast mellom sjukeheimseininga og heimetenesta.

Frå sommaren vart det også redusert 4 sjukeheimplassar. 3 årsverk vart flytta inn i vakante stillingar og langvarige sjukevikariat. Det gir ei innsparing på om lag kr. 150.000,- pr. mnd.

Ein jobbar vidare med tiltak for å redusera avvik: samarbeid på tvers av avdelingar og einingar for å redusera innleige, gjennomgang av bemanningsplanar for å effektivisera drift, reduserar ytterlegare tal plassar i løpet av hausten ved opning for det, redusera bemanning med eit årsverk på ei sjukeheimsgruppe.

Det vert utarbeida ein strategi for korleis sjukeheimstenesta skal oppnå balansekrav. I denne inngår betre økonomistyring og kontroll, bruk av styringsverktøy, rett nivå på og fleksibilitet i bruk av sjukeheimplassar, og samarbeid med andre avdelingar og brukarane for å få gode rehabiliterings- og behandlingsforløp slik at flest mogeleg kan klara seg på nivå under sjukeheimplass.

Iverksette tiltak har snudd overforbruket frå august, men ein vil truleg ikkje klara å ta inn att meirforbruket ein har drege med seg gjennom dei to første tertiala. Prognosa er eit overforbruk på mellom 4 og 5 millionar ved årsslutt.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Arbeid med alternative turnusar og delta i nettverksarbeid:

Tilsette, leiarar og tillitsvalde deltok på informasjonsdagen i Turbinen i januar, og eininga har delteke i nettverksarbeid for alternativ turnus. Avdelingsleiarar har vore på kurs for å utarbeida alternative turnusar, og det vert jobba med å innføra årsplan i første halvår av 2016.

Arbeida aktivt med utprøving av teknologiske hjelpemiddel i samarbeid med heimetenesta:

Sjukeheimstenesta deltek i arbeidet med forprosjekt «Meistring og deltaking – heile livet» der ein skal etablere ressursbase for personar med demens på Vaksdal og Helsehus på Daletunet. Nye telefonisystem og alarmsystem som tilrettelegg for tilknytning til moderne velferdsteknologiske løysingar, er på plass på sjukeheimane, og det er investert i nye varslingshjelpemiddel. Teknologiske varslingshjelpemiddel vert nytta systematisk på enkelte avdelingar. Sjukeheimstenesta deltek også i nystarta nettverk for velferdsteknologi i regi av Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjeneste.

Det skal innførast etiske refleksjonar i avdelingane. Delta i nettverksarbeid:

Sjukeheimstenesta deltek i nettverksarbeidet rundt etikk og deltok på kick-off samling i Turbinen i januar. Ressurspersonar er utpeika, og dei skal ha ei særskild rolle og ansvar for refleksjonsgrupper. Avdelingane har regelmessige personalsamlingar der etisk refleksjon inngår.

Det skal innførast brukarundersøking på korttidsavdelinga:

Brukarundersøking vert innført som fast rutine på korttidsavdelinga i 3. tertial.

Det skal gjennomførast minimum eit pårørandemøte på sjukeheimane:

Pårørandemøte på begge sjukeheimane vert arrangert i løpet av 3. tertial.

Me skal samarbeida godt med Samnanger og ta ut det potensialet som ligg i samdrift med dei:

Samarbeidet med Samnanger fungerer godt, og det er berre gode erfaringar med å ha dei som leigetakar på Vaksdal sjukeheim. Under sommarferieavviklinga reduserte ein bruk av vikar ved å samarbeida om sjukepleiedekning/nytta felles sjukepleiar.

Kvalitetskrav skal følgjast, og naudsynte prosedyrar skal gjennomgåast og journalførast:

Gjeldande lovverk og kvalitetskrav vert følgde. Tilsette har vore på kurs og opplæring i lovverket rundt bruk av tvang.

Redusera sjukefråvær:

Sjukefråværet er redusert, men framleis høgt. Analyse av fråværet viser at det særleg er langtidsfråværet som er høgt, og at det er fleire med alvorlege sjukdomar som kan gi langvarig fråvær. Det vert jobba førebyggjande for å forhindre sjukefråvær, og det er danna HMT-gruppe som skal jobba for å redusere sjukefråvær. Ein følgjer opp sjukemelde i tråd med rutinar, er i dialog med sjukemelde og tilrettelegg for dei det er aktuelt for.

Sjukefråvær 2015:

Eining	Mål:	1. tertial	2. tertial
Sjukeheimstenesta	9,5 %	19,6 %	15,2 %

Folkehelse og familie

Eininga sin visjon: «Me skal leggja til rette for, og bidra til, at folk i Vaksdal kommune får best mogeleg livskvalitet.»

Økonomi

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Folkehelse og familie					
Løn inkl sykelønsrefusjonar	17 697 159	18 868 604	1 171 445	28 909 582	17 795 639
Driftsutgifter uten løn	8 539 863	5 638 468	-2 901 393	10 095 345	7 271 934
Brukarbetalingar og gebyr	-1 393 998	-1 736 952	-342 954	-2 404 000	-1 463 937
Øvrige refusjonar og inntekter	-4 837 261	-5 015 480	-178 219	-12 600 927	-5 141 453
Sum	20 005 763	17 754 640	-2 251 121	24 000 000	18 462 183

Rekneskapet for 2. tertial viser eit meirforbruk som har auka frå 1. tertial. Dei utfordringane ein fekk i 1. tertial, har ein diverre ikkje klart å snu. Tenester med betydeleg meirforbruk er legekontor (svakare inntening og dyrare innkjøp enn budsjettet), barnevern (bruk av sakkyndige, juridisk bistand og anna konsulentbistand) og NAV (økonomisk sosialhjelp). Det er igangsett tiltak innanfor alle avdelingar. Stillingar vert holdne vakante ved fråvær, og det vert ikkje tilsett i merkantil stilling etter naturleg avgang. Flytting av ergo- og fysioterapeutane til Turbinen vil også gi ei lita innsparing i husleige og straumutgifter.

Tilsette samarbeidar betre på tvers av avdelingar og nyttar kvarandre sin kompetanse meir bevist for å unngå innleige av vikarar/eksterne. Den største effekten finn ein hjå barneverntenesta som har jobba systematisk med å finna gode tiltak og avslutta institusjonsplassar. NAV sosialteneste har fokus på å få fleire i arbeid eller tiltak, men det er utfordrande når m. a. arbeidsmarknaden er i endring, og det vert vanskelegare å finna arbeid med lite utdanning og arbeidserfaring. Avdelingane jobbar meir heilheitleg og systematisk saman med spesielt dei yngre brukarane av NAV. Fleire tenester går inn tidlegare i forløpet for å få den enkelte over i yrkesretta tiltak, praksis, skulegong eller jobb. T.d. jobbar rus og psykiatri tettare med NAV enn tidlegare.

Prognose er eit meirforbruk på inntil 0,9 mill.

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Så tidleg som mogeleg avdekka avvik og hjelpa barn og unge, under dette familiar, som står i fare for å utvikla eit problem:

Fleire avdelingar jobbar aktivt med dette. Tilskot frå Fylkesmannen opna for tilsetting av 40 % kommunepsykolog i samarbeid med PPT som skal jobba med barn og unge.

Oppnå betre samarbeid og effektivitet ved flytting og samlokalisering:

I 2 tertial fekk barneverntenesta kontor plass på Heradshuset. Dette lettar tverrfagleg samarbeid. Fysio- og ergoterapi vil i oktober flytta til Turbinen, noko som vil gi fordelar for behandling av ulike pasientgrupper og for gruppebasert arbeid.

Finna fram til kommunar som har gode og framtidsretta tenester og læra av dei:

Fire tilsette ved eininga deltek inn i Samarbeidsrådet sine underutval saman med dei andre kommunane i Voss lokalsjukehusområde. Dette er ein god arena for erfaringsutveksling. Tilsette frå avdelinga deltek også i nettverk og samarbeid rundt læring og meistring og rehabilitering i regionen. Ergoterapeuten er med i nettverk for velferdsteknologi i regi av Utviklingssenteret.

Busetja flyktningar i samsvar med politiske vedtak:

Folkehelse og familie buset flyktningar etter gjeldande politiske vedtak. I 2015 skal me busetja 15 personar, og så langt er sju av dei komne til kommunen.

Utarbeida fagleg plattform for heilskaplege tenester for å byggja evne til å meistra eige liv:

Fleire tilsette har fått helsepedagogikk grunnmodul og vil delta på påbyggingsmodulane. Tenesta deltek aktivt i kvardagsrehabilitering der fokus er på brukaren sine eigne mål og ressursar. Tre tilsette held på med vidareutdanning i samsvar med kompetanseplan.

Sikra kvalitet i alle ledd i møte med tenestemottakar:

Folkehelse og familie har hatt stort fokus på å jobba meir systematisk med det tverrfaglege samarbeidet samstundes som ein har jobba målretta med å få internkontroll på plass.

Utarbeida opplegg for folkehelse i plan og folkehelsevurderingar i all kommunal sakshandsaming:

Det er sett i gang arbeid med å laga folkehelseoversikt, og oversikta vil vera klar i 3. tertial. Denne vil vera eit godt grunnlag for vidare arbeid med folkehelseiltak og for å få inn folkehelsevurderingar i kommunal handsaming.

Sjukefråvær 2015:

Eining	Mål	1. tertial	2. tertial
Folkehelse og familie	7,5 %	16 %	14,3 %

Tenesteområde Oppvekst

Tenesteområdet oppvekst er skular, barnehagar, PPT og vaksenopplæringa.

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Felles Oppvekst	2 308 882	2 806 572	497 690	3 600 000	3 684 819
Skule	32 125 280	31 095 367	-1 029 913	50 100 002	29 313 619
Barnehage	13 201 170	13 871 293	670 126	22 224 999	12 603 527
Sum	47 635 332	47 773 232	137 903	75 925 001	45 601 965

Samla har oppvekst eit positivt avvik i 2. tertial. Det positive resultatet er grunna i at barnehage pr. 2. tertial har eit positivt avvik, det same gjeld PPT. PPT har positivt avvik på grunn av vakant stilling delar av året og noko reduksjon i bemanninga. Når det gjeld vaksenopplæringa er det òg positivt avvik, men her vil det kome ei utbetaling til kommunane vi kjøper norskopplæring av. Tilskotet til norskopplæring er ikkje kome pr. 2. tertial og det er knytt noko usikkerheit til storleiken på dette. Tilskot til ulike nasjonale satsingar innan skule og barnehage er rekneskapsført i 2015, men noko av midlane skal nyttast i 2016. Området har justert ned av drifta frå august ved i stor grad ikkje tilsetja ved permisjonar, oppseiingar og naturleg avgang. For å løyse utfordringar for eininga skule vil det verta omprioritert mellom skule og barnehage om behov. Oppvekst styrer mot balanse samla for området.

I barnehage var Knutatunet barnehage på Stanghelle sommarope i veke 29 – 31, medan dei andre barnehagane hadde feriestenging. Born frå dei andre barnehagane i kommunen hadde høve til å nytta seg av barnehagetilbodet i Knutatunet. Det var tilsette representert frå alle barnehagane i ferieturnusen i Knutatunet. Med denne organiseringa var ein eller fleire kjente vaksne for alle borna som nytta seg av sommartilbodet. Vi ser at det er varierende bruk av plassane om sommaren sjølv om det er meld inn behov på våren. På grunn av få born som nytta seg av sommartilbodet i SFO sommaren 2014 valte vi i år å halde stengt SFO i juli.

I august starta det 176 born i barnehagane våre og i skulane starta det 503 elevar. Av desse elevane er det 19 som har skuleplass ved Mo skule i Modalen.

I 1. klasse starta det heile 61 born frå Vaksdal kommune.

Ved oppstart av det nye barnehage- og skuleåret 2015 -2016 hadde vi til saman 176 born delt på 11 avdelingar som følgjer i barnehagane:

Område	Tal avdelingar	Tal born	Tal plassar
Stamnes	1 (1)	12 (15)	14,6 (16,4)
Dale	2 (2)	34 (43)	34,9 (43,1)
Stanghelle	5 (5)	76 (74)	110,2 (103,4)
Vaksdal	3 (4)	50 (64)	61 (82,2)
Vaksdal kommunale barnehage	11 (12)	176 (196)	223,1 (245,1)

() = tala frå oppstart 2014-2015

Barnehagedrifta på Jamne vart avvikla i juli på grunn av reduksjon i barnetalet. Ved oppstart i august var det vel 20 færre plassar på Vaksdal enn året før. Reduksjon i barnetal førte òg til at nokre tilsette fekk ny arbeidsplass i Stanghelle barnehage og Vaksdal skule.

Fødselstal for perioden 2010 – 2015 (pr. 30.06.15)

Totalt	2010	2011	2012	2013	2014	2015
234	44	45	34	36	47	28

Ved skulane var det ved skulestart elevtal som følger:

	DBU	Vaksdal	Stanghelle	Stamnes	Eksingedalen	Modalen	Totalt
1.	20	22	6	9	1	3	61
2.	12	17	9	9	1	0	48
3.	9	29	12	5	0	3	58
4.	16	15	9	7	1	1	49
5.	13	22	13	2	2	1	53
6.	7	18	8	3	0	1	37
7.	12	6	13	5	3	2	41
8.	41				0	0	41
9.	45				1	5	51
10.	59				2	3	64
Samla	234 (11)	129 (7)	70 (4)	40 (3)	11 (2)	19	503

() = tal grupper/klassar

Innan oppvekst er 2. tertial er prega av avslutning og oppstart av barnehage- og skuleår. Alle barnehagane og skulane melder om ein god oppstart av nytt år.

Ved avslutning vart det gjennomført overgangssamtalar frå barnehage til skule og frå barneskule til ungdomsskule slik at ein i størst grad sikra ein god start for born på nye arena. 10. årssteg gjennomførte avsluttande eksamen og fekk vitnemål. Grunnskulepoenga for årskullet som gjekk ut av grunnskulen skuleåret 2014-2015 viser noko tilbakegang frå fjoråret til 37,3 poeng. Ved gjennomgang av kommunebarometeret 2014 ser vi at skulane har godt læringsmiljø og trivnad blant elevane, medan læringsresultata må betrast.

Vaksdal kommune	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Grunnskulepoeng	38,4	37,6	37,2	36,3	38,6	37,3

Mål og måloppnåing, 2015

Folkevalt og administrativ oppveksteigar, og oppvekstleiarar skal få auka kunnskap og ferdigheiter i dialogbasert styring, god leiing og organisasjonsutvikling i barnehagen og skulen.

Oppvekst eigarar og oppvekstleiarane har gjennom leiarutviklingsprogram fått auka kunnskap om dialogbasert styring. Det er utarbeid ein plan for kvalitetsdialog i barnehage og skule. Det er planlagt tilsyn i Dale og Stamnes barnehage i november.

Vi skal arbeida målretta saman på tvers av avdelingar, einingar og tenesteområde for å betra oppvekstvilkåra i kommunen

Gjennom pedagogisk forum, eigen rektor- og styrarsamlingar arbeider ein jamleg på tvers innanfor tenesteområdet. I 2. tertial har i trafikkssikker kommune hatt stort fokus der vi arbeider godt, målbevisst og heilskapleg med trafikktryggleik. Dalekunst har vore ein framifrå aktør i arbeidet og arrangementet «Ingen å miste», under Daledagane, er eit godt døme på vellukka samarbeid.

Auka kompetanse i personalet knytt til innhald og pedagogisk praksis gjennom lærande møteplassar.

For å nytte og utvikla den kompetansen som er på den enkelte skule og i barnehage, har vi gjennom våren 2015 og oppstart av skuleåret arbeida saman i einingane blant anna med felles planleggingsdagar og nettverk. I høve planleggingsdagar ved oppstart på skule vart det i år gjennomført felles planleggingsdag for lærarane. Tema for dagen var vurdering for læring. Dette er

eit felles satsing for grunnskulen i Vaksdal. I 2. tertial har vi utdanna fleire ressurspersonar som kan drive arbeidet med DUÅ i barnehage og dei er i gang med oppfølgingskurs for tilsette i kommunen.

Barnehage

Barnehage	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Løn inkl sykelønsrefusjonar	15 799 554	16 720 781	921 227	25 962 832	15 105 808
Driftsutgifter uten løn	945 982	901 332	-44 649	1 427 163	1 098 749
Brukarbetalingar og gebyr	-3 370 566	-3 738 320	-367 752	-5 139 996	-3 276 223
Øvrige refusjonar og inntekter	-173 800	-12 500	161 300	-25 000	-324 807
Sum	13 201 170	13 871 293	670 126	22 224 999	12 603 527

Netto akkumulert driftsresultat syner eit samla overskot på kr. 672 971 pr. 31.08.15. Det er stort positivt avvik på løn. Dette skuldast delvis vakante stillingar, noko som har kunna vorte gjennomført på grunn av lågare barnetal. Med lågare barnetal vert brukarbetaling redusert og det er negativt avvik på inntektene. Inntektene utover hausten vil vera redusert i høve budsjettet. Barnehagane er forsiktige med vikarbruk. Dette har òg ført til det positive avviket og kan føre til at det positive avviket på løn aukar. Dei to nye barnehagane har større forbruk av strøm enn berekna.

Mål og måloppnåing, 2015

Føresette og barn skal føle seg velkommen og ivaretatt i barnehagen

Auka fokus på korleis ein på ein god måte, opne og ærlege, møter born og foreldre både i garderobesituasjon, ved levering og henting, og i den gode (og den vanskelege) foreldresamtalen har vore svært positivt. Dette har vore særleg viktig i oppstart av nytt år der vi blant anna har fått nye born og foreldre. Vi opplever god dagleg dialog med foreldra og born som er trygge i barnehagen. Barnehage planlegg gjennomføring av foreldreundersøking i 3. tertial.

Fagområdet språk, tekst og kommunikasjon skal være synleg i daglege aktiviteter og lek

Språk vert nytta medvitande og aktivt i alle aktiviteter med borna, samt implementera plan for språk og sosial kompetanse i alle avdelingane. Ved oppstart av nytt barnehageår med nye barnegrupper er det planlagt gjennomføring av vidare systematisk arbeid med språkgrupper og ulike pedagogiske metodar vert nytta. Vi ser tydeleg framgang hjå mange barn med dette arbeidet fram til no.

Skapa felles haldningar og arbeidsmåtar i personalet for å fremje mestring og positive relasjonar hos alle barn

Alle barnehagane og avdelingane nyttar programmet De utrolige åra (DUÅ) i det daglege arbeidet med borna. Dette syner igjen på den enkelte avdeling og både born og vaksne er kjent med og nyttar verkøyet/tiltaka i kvardagen. Dersom vi oppdagar mobbing vert mobbeplan teke i bruk umiddelbart. Personalet som ikkje har delteke i DUÅ-opplæringa er i gong med denne opplæringa. Saman med PPT er to ressurspersonar i barnehagane deltakande både i opplæring av tilsette og oppfølging i den enkelte barnehage.

Sjukefråværet på i eininga er noko auka i 2. tertial og påverka det samla resultatet til å ligge over delmålet for eininga.

Eining	Delmål	1. tertial	2. tertial	Samla
Barnehage	8 %	7 %	11,9 %	9,5 %

Det er fleire langtidssjukmeldte i denne tertialen. Det blir arbeid aktivt med bevisstgjerings kring sjukefråvær og kva haldningar i personalet har av betydning for dette. Barnehagane arbeider med nærvær på arbeidsplassen der fokus er kor viktig den enkelte tilsette er for kvaliteten på tenesta. Stabilitet i personalet gjev tryggleik for born og unge. Barnehagane har sett ned ei arbeidsmiljøgruppe sett saman av leiarane, verneombod og tillitsvalte.

Skule

Skule	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Løn inkl sykelønsrefusjonar	29 634 869	28 590 498	-1 044 371	45 620 215	28 550 754
Driftsutgifter uten løn	5 427 918	5 236 317	-191 601	8 875 587	3 361 303
Brukarbetalingar og gebyr	-1 809 176	-1 854 436	-45 260	-2 942 800	-1 654 624
Øvrige refusjonar og inntekter	-1 128 331	-877 012	251 319	-1 453 000	-943 814
Sum	32 125 280	31 095 367	-1 029 913	50 100 002	29 313 619

Netto akkumulert driftsresultat syner eit samla underskot på kr. 1 029 906 pr. 31.08.15. Underskotet på løn, medrekna sjukelønsrefusjonar, har auka med om lag 50 000 kr. sidan førre tertialrapport, derimot har underskotet på løn inkl. sykelønsrefusjonar minka med om lag 150 000 kr. Dette er eit direkte resultat av tiltaka som er sette i verk i høve bruka av vikarar og lågt sjukefråvær. Øvrige refusjonar og inntekter gjer også sitt til eit betre resultat, med ei auke på om lag kr. 112 000 i pluss. Skule har justera bemanninga noko ned ved oppstart av skuleåret. Det vil seie at tilsette som sluttar i stor grad ikkje vert erstatta med nyttilsetjing. Stram bruk av vikarar og innkjøp vil òg vera tiltak som vil vera med å bidra til balanse. Tiltaka vil blant anna føre til færre timar til deling av grupper, spesialundervisning og to-språkleg opplæring.

Mål og måloppnåing, 2015

Foreldre/ føresette opplever godt samarbeid med låg terskel for formell og uformell kontakt om elevane si faglege og sosiale utvikling

Gjennomføring av systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø, jf. internkontroll §9A fungera godt. Skulane nyttar årshjul som kvalitetsikrar at arbeidet vert gjennomført og ved oppstart har det vore gjennomgang av § 9A tilsett og på foreldremøte.

Elevane opplever seg trygg og anerkjent i skulekvardagen

Alle skulane har no starta opp med PALS med ekstern rettleiing, men skulane er kome litt ulikt i prosessen. Dale barne- og ungdomsskule er kome så langt i arbeidet at dei er ferdig med opplæring og nyttar verktøyet som ein naturleg del av skulekvardagen.

Medarbeidarar i skulen skal vidareutvikla eigen praksis i medskaping med kollega for å fremja læring for elevane

Møteplassar om utviklingsarbeid vert lagt til rette som lærande møter på alle nivå og alle skulane har nytta lærande møte, nokon òg på elev og foreldrenivå. Det er òg gjennomført lærarnettverk på tvers av alle skulane i kommunen innan norsk, engelsk og matematikk i høve planleggingsdagen, der med

særskilt fokus på vurdering for læring. Dale barne- og ungdomsskule og Eksingedalen skule starta i august opp med den nasjonale satsinga skulebasert kompetanseutvikling (SKU) med fokusområde lesing som grunnleggjande dugleik. Satsinga er retta mot skular med ungdomstrinn. Høgskule Stord/Haugesund er kompetansemiljø for Vaksdal i satsinga.

Sjukefråværet på i eininga er noko redusert i 2. tertial og påverka det samla resultatet til under delmålet for eininga. Dette er positivt for kvaliteten på alle skulane.

Eining	Delmål	1. tertial	2. tertial	Samla
Skule	5 %	6,1 %	3,6 %	4,8 %

Det er oppretta ei arbeidsmiljøgruppe sett saman av leiarar, verneombod og tillitsvalte for eininga. Dette for systematisk arbeid på alle skulane.


Tenestoområde Samfunnsutvikling

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Samfunnsutvikling	21 587 792	20 160 804	-1 426 982	30 014 862	19 744 671
Samfunnsutvikling - VAR	-2 749 892	-3 934 872	-1 184 981	-	-4 502 887
Sum	18 837 900	16 225 932	-2 611 963	30 014 862	15 241 784

Tabell 1. Netto driftstal pr. utgangen av perioden/måneden.

	Rekneskap pr 2.tertial 2015	Budsjett pr 2.tertial 2015	Avvik pr 2.tertial 2015	Årsbudsjett 2015	Regnskap pr 2.tertial 2014
Samfunnsutvikling					
Løn inkl sykelønsrefusjonar	22 635 123	23 373 660	738 536	36 287 280	21 028 539
Driftsutgifter uten løn	13 470 797	11 461 430	-2 009 360	18 446 769	12 714 962
Brukarbetalingar og gebyr	-6 038 822	-6 179 005	-140 184	-8 523 713	-5 694 842
Øvrige refusjonar og inntekter	-8 479 306	-8 495 281	-15 974	-16 195 474	-8 303 988
	21 587 792	20 160 804	-1 426 982	30 014 862	19 744 671
Samfunnsutvikling - sjølvkost					
Løn inkl sykelønsrefusjonar	1 763 109	1 863 329	100 220	2 837 316	1 361 409
Driftsutgifter uten løn	1 646 763	2 499 445	852 681	8 329 539	1 443 800
Brukarbetalingar og gebyr	-6 161 482	-8 297 646	-2 136 164	-11 166 855	-7 308 116
Øvrige refusjonar og inntekter	1 718	-	-1 718	-	20
	-2 749 892	-3 934 872	-1 184 981	-	-4 502 887
Sum	18 837 900	16 225 932	-2 611 963	30 014 862	15 241 784

Figur 1. Akkumulert avvik pr. T2.



Driftsresultat samla – forklaring med tiltak for å halde balansekravet

Prognose for resten av året er å gå i balanse

Dei største negative avvika skuldast:

400 000 kr	Vikarbruk som følgje av sjukefråvær, spesielt reinhald og veg (brøyting), brutto 800 000 kr
120 000 kr	Det er så langt ikkje inntektsført 5 % auke i inntekt fordelte utgifter, vil auke til 240 000 kr dersom dette ikkje vert retta opp.*
150 000 kr	Brøyting av tak på Bergsdalen og Eksingedalen skule
85 000 kr	Innkjøp av ny vaskemaskin i vaskeriet.
40 000 kr	Periodiseringsavvik innkjøp reinhaldsartikler.
100 000 kr	Naudsynt vedlikehald Jamnetunet.
175 000 kr	Avvik vintervegvedlikehald, brøyting og grusing. Har retta seg opp utover året, mellom anna som følgje av kutt reasfaltering.
100 000 kr	Negativt periodiseringsavvik miljø (Ekso og Osterfjorden vassområde)

Konkrete tiltak med tidsperspektiv for iverksetting -kommentar med fokus på:

Tiltak	Påverkar	Oppstart	Oppstart økonomisk effekt	Effekt pr mnd	Sum årseffekt
Effektivisering miljø og kulturarbeid	Plan, kultur og forvaltning	01.08.15	01.09.15	20 000	100 000
Økt eigenproduksjon i investeringsprosjekt	Kommunal-teknisk drift	01.05.15	01.06.15	50 000	350 000
Kutt reasfaltering av kommunale vegar	Kommunal-teknisk drift	01.06.15	01.08.15		650 000
Reduksjon vikarbruk og omorganisering ambulerande reinhaldar	Kommunal-teknisk drift	01.08.15	01.08.15		220 000
Sum					1 320 000

Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Område	Mål	Tiltak	Resultat T1
Arbeidsmiljø	Godt arbeidsmiljø med lågt sjukefråvær	Tydelege mål og verdigrunnlag, medverknad og tilrettelegging	 Høgt sjukefråvær (12,4%) - framgang medarbundersøking
Eigedom	Effektiv og framtidsetta bygningsmasse	1. Kartleggje tilstand og arealbehov. 2. Naudsynt oppgradering av kommunale bygg 3. Auka arealeffektivitet. 4. Avhending av bygningsmasse.	 Tilstand registrert for 33 % av bygningsmassen. 0,9 % avhenda.
Grønt	Grøntområde skal vedlikehaldast betre, sentrums-område vert særskilt prioritert.	Auka kompetanse på grønt. Auka timebruk på grønt med 500 arbeidstimar for 2015.	 Her har me auka innsatsen monaleg. Det viser spesielt i Dale sentrum, senterparken Vaksdal vert neste. -Vaksdal
Brannvern	Gjennomføre tilsyn i 27 brannobjekt i 2015.	Systematisere objekta og auka fokus på førebyggjande arbeid.	 Berre to tilsyn grunna sjukefråvær. Innsats aukast tertial 3.
Kulturskolen	Betre utnytting av stillingsressurs/kapasitet i kulturskolen.	Rekruttere nye elevar ved ny modell for kulturskuleveka 2015.	 Arbeidt er godt i gang.
Turbinen	Auke brukstida av Turbinen og få ein større del av kommunen sine innbyggjarar til å bruke bygget.	Aktiv marknadsføring mot grupper som i dag ikkje er brukarar. Saman med lag, ungdomskontakt og kulturavdelinga lage sosiale arrangement som vil stimulere til nye aktivitetar.	 Særleg framgang styrkerom

Vedlegg


Saker til Kommunestyret

Finansrapporter pr 2.tertial 2015 frå BCM

Oversikt saker i kommunestyret 2. tertial

Saksnr	Møtedato	Sakstittel	Kommentarer
18/2015	04.05.2015	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	OK
19/2015	04.05.2015	GODKJENNING AV MØTEBOK	OK
20/2015	04.05.2015	REFERATSAKER OG MELDINGAR	OK
21/2015	04.05.2015	KOMMUNESTRUKTUR - PROSJEKTRAPPORT FOR SONDERINGSFASEN	Iverksatt
22/2015	04.05.2015	REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR VAKSDAL KOMMUNE 2014	Iverksatt
23/2015	04.05.2015	KONSESJONSSØKNAD FOR MARKÅNI KRAFTVERK	Iverksatt
24/2015	04.05.2015	KONSESJONSSØKNAD FOR MOKO KRAFTVERK	Iverksatt
25/2015	04.05.2015	KONSESJONSSØKNAD FOR SÆDALEN KRAFTVERK	Iverksatt
26/2015	04.05.2015	SØKNAD OM KONSESJON FOR BOGE 3	Opmoding om ny handsaming
27/2015	04.05.2015	SØKNAD OM KONSESJON FOR SKARVAGROI KRAFTVERK	Iverksatt
28/2015	04.05.2015	SØKNAD OM ODDMUNSDALEN KRAFTVERK	Iverksatt
29/2015	04.05.2015	NVE HØYRING 6 SMÅKRAFTSAKER I VAKSDAL	Iverksatt
30/2015	04.05.2015	SAL AV EIDSLANDET SKULE	Iverksatt
31/2015	04.05.2015	FINANSIERING - VØLA AV UTRASA VEGBANE PÅ KOMMUNAL VEG TIL TOSKEDALEN	Iverksatt
32/2015	04.05.2015	STRAKTILTAK DALE BARNE OG UNGDOMSSKULE	Iverksatt
33/2015	04.05.2015	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR	OK
34/2015	22.06.2015	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	OK
35/2015	22.06.2015	GODKJENNING AV MØTEBOK	OK
36/2015	22.06.2015	REFERATSAKER OG MELDINGAR	OK
37/2015	22.06.2015	STRATEGI FOR SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL) I VAKSDAL KOMMUNE, 2015 -2018	Iverksatt
38/2015	22.06.2015	ENDELEG FRAMLEGG TIL LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL I VAKSDAL KOMMUNE, HORDALAND	Iverksatt
39/2015	22.06.2015	FRAMLEGG TIL AVTALE OM OVERTAKING AV EIGEDOM GNR 46 BNR 6 I STAMNES SENTRUM	Saka utsatt til
40/2015	22.06.2015	PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEPLAN - ETTER HØYRING	Under gjennomføring
41/2015	22.06.2015	FORSLAG TIL PLANPROGRAM TIL HØYRING OG KUNNGJERING OM OPPSTART FOR REGULERINGSPLAN FOR VAKSDAL VASSVERK	Under gjennomføring
42/2015	22.06.2015	REVIDERING AV POLITIVEDTEKTER FOR VAKSDAL KOMMUNE - SLUTTHANDSAMING	Nye opplysningar
43/2015	22.06.2015	KJØP AV TOMT MED NAUST GNR. 20, BNR. 478 PÅ STANGHELLE I SAMARBEID MED BERGEN OG OMLAND FRILUDFTSRÅD	Iverksatt

44/2015	22.06.2015	TRAFIKKSIKRINGSTILTAK VAKSDAL OG BOGE - FINANSIERING	Under gjennomføring
45/2015	22.06.2015	TERTIALRAPPORT VAKSDAL KOMMUNE 1.TERTIAL 2015	Iverksatt
46/2015	22.06.2015	RÅDMANNS FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2016 - 2019	Under gjennomføring
47/2015	22.06.2015	REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2014 FOR VAKSDAL KOMMUNE	OK
48/2015	22.06.2015	UTBYGGING STANGHELLE VEST - TETTANESSET	Under gjennomføring
49/2015	22.06.2015	TILSTAND BYGG FOR OPPVEKST	Under gjennomføring
50/2015	22.06.2015	BUSETTING AV FLYKTNINGAR	Under gjennomføring
51/2015	22.06.2015	AVTALE MED MODALEN KOMMUNE OM FORDELING AV DRIFTS- OG KAPITALUTGIFTER VED MODALSTUNET	Under gjennomføring
52/2015	22.06.2015	KOMMUNESTRUKTUR - PROSJEKTPLAN FOR SONDERINGSFASEN - ENDELEG HANDSAMING	Under gjennomføring
53/2015	22.06.2015	OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE	Under gjennomføring
54/2015	22.06.2015	STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN 2015 - 2020 - RULLERING	Iverksatt
55/2015	22.06.2015	TRYGG E16 OG BERGENSBANE - UTTALE FRÅ VAKSDAL KOMMUNE	Iverksatt
56/2015	22.06.2015	INTERPELLASJON FRÅ SV TIL KOMMUNESTYRET 22.06.2015	Under gjennomføring



Finansrapport Vaksdal kommune

Langsiktige finansielle aktiva

Rapport pr. 2. tertial 2015 (1. januar – 31. august 2015)

Forbehold

Denne rapporten er utarbeidet av Bergen Capital Management AS (heretter BCM) i samsvar med forskrift om finansforvaltning og reglement for finansforvaltning vedtatt av kommunestyret i Vaksdal kommune. Rapporten baserer seg på kilder som vurderes som pålitelige, men BCM garanterer ikke at informasjonen i rapporten er presis eller fullstendig.


Uttalelsene i rapporten reflekterer oppfatninger på det tidspunkt rapporten ble utarbeidet, og BCM forbeholder seg retten til å endre oppfatninger uten varsel. Denne rapporten skal ikke forstås som et tilbud eller anbefaling om kjøp eller salg av finansielle instrumenter. BCM påtar seg intet ansvar for verken direkte eller indirekte tap eller utgifter som skyldes forståelsen av og/eller bruken av denne rapporten.

Denne rapporten er kun ment å være til bruk for våre klienter, ikke for offentlig publikasjon eller distribusjon, men BCM tar dog ingen forbehold om klienters eventuelle offentliggjøring. Ansatte i BCM kan eie verdipapirer i selskaper som er omtalt i rapporten, og kan kjøpe eller selge slike verdipapirer. Rapporten er utarbeidet på et gitt tidspunkt, verdiendringene kan være store i verdipapirmarkedet slik at endelig avkastning og resultat på et eventuelt avviklingstidspunkt kan være vesentlig lavere eller høyere. Det er brukt beste anslag på gitte tidspunkt som markedskurser/markedspriser i rapporten. Ved årsavslutning er det benyttet ligningskurser fastsatt av Verdipapirforetakenes Forbund for aksjer, sertifikater og obligasjoner. Det er brukt tidsvektet avkastning i beregningene. Forvaltningshonorarer er medberegnet i avkastningstallene.

Historisk avkastning i porteføljer forvaltet av BCM er ingen garanti for fremtidig avkastning. Fremtidig avkastning vil blant annet avhenge av markedsutviklingen, forvalters dyktighet, porteføljens risiko, samt kostnader ved forvaltning. Avkastningen kan bli negativ som følge av kurstap og verdiendringer. Rapporten inneholder kun langsiktige finansielle aktiva som er forvaltet av BCM og rapporten er utarbeidet i henhold til krav i finansreglementets kapittel 14 og spesielt risikorammene skissert i kapittel 14.3. Ved reproduksjon eller annen bruk av rapporten bør rapporten i sin helhet vedlegges. Rapporten gir et øyeblikksbilde på rapporteringstidspunkt, slik at porteføljens sammensetning og risiko p.t. kan være høyere eller lavere.

Langsiktighet i verdipapirmarkedet gir gode resultater!

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	UB
Markedsverdi pr. 01.01.XX	101 034 666	104 906 130	103 352 776	103 951 944	94 924 212	93 587 793	83 682 030	89 715 839	95 092 461	93 039 353	98 963 972	85 363 717	87 004 330	101 034 666
Resultat aksjer	255 579	2 927 666	8 485 902	4 802 285	2 072 215	-9 360 829	6 384 677	3 201 285	-4 588 558	1 620 603	4 691 731	-580 842	-965 821	18 945 893
Resultat obligasjoner	3 615 885	3 988 980	2 213 266	2 169 983	2 991 366	4 455 066	4 649 132	2 175 337	2 535 450	4 304 016	2 858 015	2 045 901	845 768	38 848 164
Uttak	-	8 470 000	10 100 000	16 000 000	6 400 000	5 000 000	5 000 000	-	-	-	21 150 000	-175 052	-86 243	71 858 205
Markedsverdi pr. 31.12.XX	104 906 130	103 352 776	103 951 944	94 924 212	93 587 793	83 682 030	89 715 839	95 092 461	93 039 353	98 963 972	85 363 717	87 004 330	86 970 519	86 970 519
Markedsverdi pr. 31.12.xx inkl uttak	104 906 130	111 822 776	122 521 944	129 494 212	134 557 793	129 652 030	140 685 839	146 062 461	144 009 353	149 933 972	157 483 717	158 949 278	158 828 724	158 828 724



Tabell og figur viser utvikling i porteføljens markedsverdi i kroner siden oppstart i 2003. Oppdatert pr. 31. august 2015. Forvaltningshonorar er medregnet.

Oppsummering etter 2. tertial 2015

AKTIVAKLASSE	MARKEDSVERDI NOK	I PROSENT
Bankinnskudd	3 918 742	5 %
Sertifikat/obligasjoner	70 842 752	81 %
Aksjer	12 209 025	14 %
Totalt	86 970 519	100 %

TABELL 1: Fordeling på de ulike aktivaklassene i kroner og i prosent av samlet forvaltningskapital ved utløpet av rapporteringsperioden. Bankinnskudd inkluderer forfalte ikke innbetalte beløp.

AKTIVAKLASSE	I %	BENCHMARK	AVVIK
Sertifikat/obligasjoner	1,18 %	1,39 %	-0,21 %
Aksjer	-6,52 %	1,64 %	-8,16 %
Totalt	-0,14 %	1,43 %	-1,57 %


TABELL 2: Avkastning i prosent samlet og pr. aktivaklasse sammenlignet med benchmark ved utløpet av rapporteringsperioden. Avkastningssatsen inkluderer beregnede påløpte ikke kapitaliserte renter.

AKTIVAKLASSE	I KR.	BUDSJETT	AVVIK
Obligasjoner	845 768	1 333 333	-487 565
Aksjer	-965 821	-	-965 821
Totalt	-120 053	1 333 333	-1 453 386


TABELL 3: Avkastning i kr. samlet og pr. aktivaklasse sammenlignet med budsjettet avkastning. Eventuelle avvik er forklart på side 7.

- Totalavkastning etter 2. tertial 2015 er på -0,14 %, dette er 1,57 prosentpoeng under "normalporteføljen". Aksjeporteføljen har levert - 6,52 %, 8,16 prosentpoeng under benchmark. Obligasjonsporteføljen har levert 1,18 %, 0,21 prosentpoeng under benchmark som er norske statsobligasjoner med 3 års durasjon. "Normalporteføljen" består av 15 % aksjer og 85 % obligasjoner.
- Midlene har vært plassert i rentebærende verdipapirer med kort durasjon og høy kredittkvalitet. Renterisikoen er dermed lav. Aksjeporteføljen har bestått av norske aksjer og egenkapitalbevis.
- Det vurderes å øke kredittrisiko og renterisiko i løpet av 2015 innenfor finansreglementets rammer for å oppnå en høyere forventet avkastning. Basert på kommunen sin strategi om langsiktighet rundt sine aksjeinvesteringer finner en det rett å følge nåværende strategi med nøytralvekt i aksjer, og bruker svingningene i markedet til å gjøre enkelte kjøp og salg.
- Avvik mot norske statsobligasjoner med 3 års durasjon, fordi obligasjonsporteføljen har lavere renterisiko og høyere kredittrisiko enn benchmark indeksen. Det er oppstått avvik mot aksjebenchmark som er Oslo Børs (OBX), fordi Vaksdal kommune sin aksjeportefølje har en annen sammensetning. Oljeprisen har det siste halvåret falt fra USD 115 pr. fat til USD 50 pr. fat. Sektorer som seismikk, drilling og shipping har som følge av dette falt 40 til 60 % siste kvartal, avvik mot benchmark skyldes at deler av aksjeporteføljen har vært eksponert mot nevnte sektorer. Eksponering mot sektoren vil reduseres gradvis fremover. Ca. 10 % av porteføljen består av slik aksjer, som siden forrige rapportering i snitt har falt over 50 % i verdi.

Plassering av langsiktige finansielle aktiva



FIGUR 1: Allokering av langsiktige finansielle aktiva forvaltet av BCM pr. 31.12.14.



FIGUR 2: Allokering av langsiktige finansielle aktiva forvaltet av BCM pr. 31.08.15.

- Midlene er pr. 31.08.15 plassert i bankinnskudd, aksjer, egenkapitalbevis og direkte eide rentebærende verdipapir utstedt av norske forretnings- og sparebanker.
- Samlet aktivaportefølje pr. 31.12.14 var kr. 87 004 330. Midler under forvaltning er pr. 31.08.15 kr. 86 970 519. Det har ikke vært innskudd eller uttak fra finansporteføljen forvaltet av BCM i 2015.
- Durasjon i renteporteføljen er 0,10, hvilket innebærer at porteføljen har lav renterisiko (definert som kursrisiko) slik at obligasjonens markedsverdi i liten grad påvirkes av en generell renteøkning.
- Rentebetingelsene på verdipapirene i obligasjonsporteføljen er flytende, og er knyttet opp mot 3 måneders NIBOR
- Investeringene er gjort i børsnoterte verdipapir med god omsetning og andre papirer med tilsvarende god likviditet. Plasseringene kan gjøres disponible for kommunen i løpet av kort tid.
- Ingen av obligasjonsutstederne eller verdipapirene i kredittporteføljen har lavere rating enn BBB-.
- Midlene er søkt plassert i henhold til kommunens etiske retningslinjer for finansielle investeringer.
- Porteføljen består av 16 ulike rentebærende papirer og 35 aksjer og egenkapitalbevis. Alle investeringene er gjort i norske kroner.
- Ingen enkeltplasseringer i rentebærende papirer utgjør mer enn NOK 8 millioner i pålydende verdi.
- 95 % av obligasjonene har BIS-vekt 20 %, 5 % har vekt 100 %.

Taktisk aktiva allokering – bruk av produktspekteret

Plassering	Minimum	Nøytral	Maksimum	Status	Vekt
Renteinstrument (obligasjoner, sertifikat, direkte innskudd, obligasjons- og pengemarkedsfond).	0 %	85 %	100 %	86 %	Nøytral
Egenkapitalinstrument og derivat (aksjer, egenkapitalbevis, aksjefond, aksjeindeksert obligasjonslån, opsjoner, forwards og futures).	0 %	15 %	20 %	14 %	Nøytral

TABELL 4: Allokering av langsiktige finansielle aktiva for Vaksdal kommune. Det skilles mellom rammer for bruk av renteinstrumenter og egenkapitalinstrumenter.

RENTEINSTRUMENT

A: I obligasjoner og sertifikat utstedt eller garantert av den norske stat. I obligasjoner og sertifikat utstedt av norske statsforetak underlagt lov om statsforetak av 30. august 1991. I obligasjoner og sertifikat utstedt av norske statsaksjeselskap underlagt lov om aksjeselskap av 4. juni 1976, jfr. 5418-3-18-5. I obligasjoner og sertifikat utstedt eller garantert av utenlandsk stat.

B: I obligasjoner og sertifikat utstedt eller garantert av norske eller utenlandske kommuner/ fylkeskommuner.

C: I bankinnskudd og i obligasjoner og sertifikat utstedt av DnB NOR og Nordea som kommunen har avtalefestet samarbeid med.

D: I bankinnskudd og i obligasjoner og sertifikat utstedt av banker som ikke er nevnt under punkt C. For forretnings- og sparebanker under dette punkt gjelder at de ved forrige årsskifte hadde tap på utlån mindre enn 2,5 prosent av brutto utlån.

E: I obligasjoner og sertifikat utstedt av kredittforetak som etter sine vedtekter bare yter lån mot pant i fast eiendom eller tilsvarende sikkerhet, dersom kredittforetaket ved forrige årsskifte hadde: 1) En forvaltningskapital på minst 3 mrd. 2) Tap på utlån mindre enn 1% av brutto utlån.

G: I pengefond og obligasjonsfond med like strenge krav til plasseringer som Vaksdal kommune selv har. For utenlandske penge- og obligasjonsfond forutsetter det en kredittrating tilsvarende A-kategorien hos S&P eller Moody's. Om det blir plassert midler i utenlandske papir, skal disse valutasikres.

H: Ved gjenkjøpsavtaler (repo-forretninger) i obligasjoner nevnt under pkt. A-E over.

I: I obligasjoner og sertifikat notert på Oslo Børs storlånsektorliste og som også inngår i noen av punktene over.

J: I ansvarlige lån utstedt av banker og kredittforetak nevnt under punkt C og E.

EGENKAPITALINSTRUMENT

K: Plassering i aksjefond, aksjeindekserte obligasjonslån.

L: Direkteplasseringer i aksjer og egenkapitalbevis notert i organisert marked. Minimum 20 aksjer/egenkapitalbevis. Maksimum 15 % i en enkelt aksje.

M: Plasseringer i derivat som sikringsinstrument for posisjon som kommunen har i samme underliggende papir.

Med langsiktig likviditet menes det likviditet som er skilt fra kommunen sine midler beregnet for driftsformål. Kommunen sin målsetning ved plassering av langsiktig likviditet er å optimalisere avkastningen innenfor et akseptabelt risikonivå.

Kommunen sin målsetting ved plassering av langsiktig likviditet er å optimalisere avkastningen innenfor et akseptabelt risikonivå.

FIGUR 3: Risikoklasser i henhold til finansreglement vedtatt i Vaksdal kommune. Klasse A antas å bære minst risiko, klasse M mest risikabel. Mulighet for avkastning øker med risiko.

Risiko i henhold til finansreglementet

Klasse	Beløp	Maks	Andel	Status
A	-	100 %	0 %	✓
B	-	100 %	0 %	✓
C	-	100 %	0 %	✓
D	70 767 518	100 %	81 %	✓
E	-	100 %	0 %	✓
G	-	100 %	0 %	✓
H	-	100 %	0 %	✓
I	-	100 %	0 %	✓
J	3 993 976	100 %	5 %	✓
K	-	20 %	0 %	✓
L	12 209 025	20 %	14 %	✓
M	-	20 %	0 %	✓

TABELL 5: Fordeling på de ulike risikoklassene i prosent av samlet forvaltningskapital og sammenlignet med rammene gitt i finansreglementet.

For å styre kredittrisiko er det satt grenser for plasseringer i de ulike risikoklassene. På rapporteringstidspunktet var kun risikoklasse D, J og L benyttet, og plasseringen av alle midler er innenfor de rammer som er satt. Ved bruk av risikoklassene er det lagt vekt på avkastning, risiko, risikospredning og likviditet. Risikoklasse A og B er ikke brukt, da plasseringer i risikoklasse C og D (bankobligasjoner i norske banker, lik prioritert ved konkurs som bankinnskudd over 2 millioner) antas å ha lav risiko og god likviditet, samtidig som forventet avkastning er høyere enn i risikoklasse A og B. Risikoklasse L er direkteide aksjer og egenkapitalbevis notert på Oslo Børs, med god spredning både med hensyn på antall aksjer og sektor.

FIGUR 4: Kommentarer til risikofordelingen i porteføljen

Klasse	Største posisjon	Maks	Andel	Status
A	-	100 %	0 %	✓
B	-	100 %	0 %	✓
C	-	100 %	0 %	✓
D	8 041 760	10 %	9 %	✓
E	-	10 %	0 %	✓
G	-		0 %	✓
H	-	10 %	0 %	✓
I	-	5 %	0 %	✓
J	3 993 976	5 %	5 %	✓
K	-		0 %	✓
L	1 272 591	15 %	9 %	✓
M	-	100 %	0 %	✓

TABELL 6: Ramme for plassering pr. debitor regnet av samlet forvaltningskapital og sammenlignet med rammene gitt i reglementet. Risikoklasse L er i % av aksjeporteføljen.

For å redusere den bedriftsspesifikke risikoen i investeringsporteføljen og sikre en god diversifisering er det satt rammer for maksimal plassering pr. debitor. Den største aksjeposisjonen er i Telenor, og utgjør 9 prosent av aksjeporteføljen. I obligasjonsporteføljen er det en senior bankobligasjon i Lillestrøm Sparebank som utgjør den største debitoren i porteføljen, dette utgjør 9 prosent av totale midler til forvaltning av BCM. Det er kun risikoklasse D, J og L som er benyttet, og plasseringen av alle midler er innenfor de rammer som er satt i finansreglementet.

FIGUR 5: Kommentarer til debitorfordelingen i porteføljen

Avkastning etter 3. tertial 2014 sammenlignet med referanseindeks

Aktivaklasse	Benchmark	Resultat i kr.	Resultat i %.	Benchmark	Avvik
Obligasjoner	Statsobligasjonsindeks 3 år (ST4X)	845 768	1,18 %	1,39 %	-0,21 %
Aksjer	Norske aksjer (OBX)	-965 821	-6,52 %	1,64 %	-8,16 %
TOTALAVKASTNING	NORMALPORTEFØLJEN	-120 053	-0,14 %	1,43 %	-1,57 %

TABELL 7: Avkastning etter 2. tertial 2015 for Vaksdal kommune, samlet og pr. aktivaklasse i kr. og prosent målt mot referanseindekser. "Normalporteføljen" består av 15 prosent aksjer og 85 % obligasjoner som har vært aktivaforordelingen i finansporteføljen forvaltet av BCM.


AVKASTNING MOT BUDSJETT:

Vaksdal kommune har i 2015 budsjettert med kr. 2 000 000 i avkastning på porteføljen forvaltet av BCM. Resultatet etter 2. tertial 2015 er - kr. 120 053, fordelt på aksjer og egenkapitalbevis med - kr. 965 821 og obligasjoner med kr. 845 768.

AVKASTNING MOT BENCHMARK:

Obligasjonsporteføljen har levert 0,21 % - poeng under benchmark. Differansen skyldes at porteføljen har lavere renterisiko og høyere kredittrisiko enn benchmark. De lange rentene er falt til historisk lave nivåer, forvalter har vurdert det som for risikabelt å ligge med høy renterisiko i porteføljen, dvs. for lang durasjon. Det vurderes fortløpende å øke porteføljens renterisiko, slik at den blir mer lik totalporteføljens benchmark (3 års stat) gjennom kjøp av obligasjoner med lenger løpetid. Dette vil bli aktuelt når man får et skifte i avkastningskurven. Aksjeporteføljen har levert 8,16 prosentpoeng under benchmark. Porteføljen består av norske aksjer og egenkapitalbevis, og har dermed en noe avvikende sammensetning enn en benchmark bestående som er Oslo Børs fondsindeks. Det er oppstått avvik mot aksjebenchmark som er Oslo Børs (OBX), fordi Vaksdal kommune sin aksjeportefølje har en annen sammensetning. Oljeprisen har det siste halvåret falt fra USD 115 pr. fat til USD 50 pr. fat. Sektorer som seismikk, drilling og shipping har som følge av dette falt 40 til 60 % siste kvartal, avvik mot benchmark skyldes at deler av aksjeporteføljen har vært eksponert mot nevnte sektorer. Eksponering mot sektoren vil reduseres gradvis fremover. Ca. 10 % av porteføljen består av slik aksjer, som siden forrige rapportering i snitt har falt over 50 % i verdi.

FIGUR 4: Kommentarer til avkastning i 2015 mot budsjett og benchmark for langsiktige finansielle aktiva forvaltet av BCM .



FIGUR 5: Tidsvektet avkastning Vaksdal kommune i 2015 sammenlignet med referanseindeks pr. aktivaklasse og samlet for langsiktige finansielle aktiva.

Vurderinger og kommentarer

AKTIVAFORDELING OG STRATEGI CERTIFIKAT, OBLIGASJONER OG AKSJER

Ved utgangen av 2. tertial 2015 var porteføljen allokert med 5 prosent i bank, 81 prosent i obligasjoner og 14 prosent i aksjer og egenkapitalbevis.

De lange swaprentene holder seg historisk lavt. BCM fastholder sin strategi om plassering av majoriteten av porteføljen i obligasjoner med flytende rente (FRN obligasjoner), dvs. knyttet til 3 mnd NIBOR og regulering hver 3 mnd. I påvente av oppgang i renten er påslaget i renten i forhold til NIBOR tilfredsstillende, samtidig som kjøp av fastrenteobligasjoner fremdeles anses som risikofyllt ved en eventuell renteoppgang. Dette betyr at porteføljen fremover høyst sannsynlig vil bestå av FRN obligasjoner. I tråd med en "normalisering" av kapitalmarkedene, vil BCM søke å legge en større andel over i obligasjoner med høyere kredittpåslag, innenfor rammen av kommunens finansreglement, for å oppnå en høyere forventet avkastning over tid. BCM vil holde på sin strategi med relativt liten turnover i porteføljen.

Aksjer og egenkapitalbevis har etter 2. tertial gitt -6,52 % i avkastning. Porteføljen er investert i selskaper notert på Oslo børs, der 71 % av kapitalen er investert i selskapene notert på OBX. Verdsettelsen av norske aksjer vurderes å være på et moderat nivå, pris / bok på 1,6 og pris / fortjeneste på 15. Basert på kommunen sin strategi om langsiktighet rundt sine aksjeinvesteringer finner en det rett å følge en strategi med nøytralvekt og bruker svingningene i markedet til å gjøre noen kjøp og salg. Mindre selskaper innen oljeservice, seismikk, shipping og offshore vil bli solgt ut ved anledning.

ENDRING I RISIKOEKSPONERING OG VURDERING AV RISIKO

